



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Landbruks- og matmelding

for Telemark 2013



INNHOLD

INNLEIING 5

DEL 1 - STATUS OG UTVIKLINGSTREKK 7

Generelt	7
Landbruksproduksjonen i Telemark og utfordringar knytte til global matproduksjon og mattryleik	8
Internasjonale avtalar med konsekvensar for landbruket i Telemark	8
Jordbruksavtalesystemet.....	9
Ringverknader av landbruk og landbruksbasert verksemd i Telemark	9
Samla verdiskaping i landbruket i Telemark	10
Foredling og omsetnad av produkt frå landbruket.....	10
Landbruket i Telemark – store utfordringar	11
Rekruttering til landbruket i Telemark – utdanning, kompetanse og likestilling	11
Forsking og utvikling	13
Økonomi	14
Bruken av jordbruksareal i Telemark	15

HUSDYRPRODUKSJONANE 21

Mjølkeproduksjon.....	21
Storfekjøtproduksjon	23
Sauenhald.....	24
Svinehald.....	25
Geitehald.....	26
Fjørfe	27
Hestehald	28
Pelsdyr	29
Bier	30

PLANTEPRODUKSJON 32

Kornproduksjon	32
Poteter og grønsaker	33
Frukt og bær	34
Økologisk landbruk.....	35
Skogbruk og utmarksnæring	37
Infrastruktur	41

BYGDENÆRINGAR 44

Landbruk og reiseliv i Telemark.....	47
Mat med lokal identitet.....	49
Inn på tunet.....	50
Bioenergi	51

DEL 2 - TILTAK FOR AUKA REKRUTTERING OG VERDISKAPING I LANDBRUKET I TELEMARK 55

Viktige utfordringar for landbruket og landbruksbasert næring i Telemark ..	55
---	----

FORSLAG TIL TILTAK 56

Tiltak for tidlegare eigarskifter og driftsrådgiving ved eigarskifter.....	56
Ei positiv utvikling innanfor fleire av produksjonane/næringane i landbruket i Telemark	56
Etablering av ei tankesmie for langsiglig positiv utvikling av landbruket og landbruksbaserte næringar i Telemark	63
Høgskulestudium i landbruksrekneskap/landbruksøkonomi	64
Landbrukets regelverk – hinder for auka verdiskaping og rasjonell utnytting av ressursane i Telemark?	64
Telemarkskua	66

KJELDER 67

INNLEIING

Bakgrunn for Landbruks- og matmelding for Telemark

Landbruks- og matmelding for Telemark er melding for landbruks- og matproduksjonen i Telemark fylke. Telemark fylkesting er eigar og initiativtakar til meldinga, som blir handsama av fylkestinget. Meldinga er forankra i Regional plan for nyskaping og næringsutvikling.

Landbruks- og matmelding for Telemark tar utgangspunkt i dei fire overordna måla for norsk landbruks- og matpolitikk:

- Mattryggleik
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk

Meldinga omhandlar status og utviklingstrekk for landbruks- og matproduksjonen i Telemark. Vidare synleggjer meldinga utfordringar og utviklingsvegar for næringa, og den peikar på konkrete tiltak som kan gi auka rekruttering til landbruket og auka verdiskaping for landbruks- og matnæringa i Telemark. Arbeidet med meldinga er utført av Avdeling for regional utvikling i Telemark fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Telemark.

Landbruket i Telemark har over fleire år hatt ein markert nedgang i talet på produsentar, og jordbruksarealet i drift har minka. Fleire område i Telemark ber òg preg av ein næringssstruktur der landbruket i stor grad konkurrerer om arbeidskrafta med andre næringar. Dette tilhøvet er mellom anna synleggjort i Meld. St. 9(2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken». Samstundes kan ein i Telemark vise til fleire gode døme på offensiv satsing i landbruks- og matproduksjonen. Fylket har også naturgitte føremoner for auka verdiskaping knytt til matproduksjon og til produksjon av tre og fiber. Det er òg mykje ledig spreieareal for husdyrgjødsel, noko som gjer det mogleg å auke husdyrhaldet. I Telemark finst det fleire attraktive reisemål, og det er eit unytta potensial for samspel mellom landbruk/matproduksjon og reiseliv. Med dette som bakgrunn vedtok Telemark fylkesting i desember 2011 at det skal utarbeidast ei landbruksmelding for Telemark. Våren 2012 vedtok fylkestinget prosess og rammer for arbeidet med Landbruks- og matmelding for Telemark. (Fylkestingsak 0011/12 «Landbruksmelding for Telemark – prosess og rammer»)

Telemark fylkesting har ved sine vedtak sagt kva dei vil ha klargjort i Landbruks- og matmelding for Telemark. Vedtaka

synleggjer at meldinga skal ha hovudvekt på framtidige utvegar og tiltak som kan gi auka rekruttering, samt auka verdiskaping i landbruket i heile Telemark. Fylkestinget ønsker også utgreidd om landbruks regelverk er ei hindring for auka verdiskaping og rasjonell utnytting av ressursane i Telemark. Fylkestinget signaliserer med sitt vedtak at meldinga skal legge vekt på at auka verdiskaping i landbruket skal skje i eit samspele med andre næringar og med Regional plan for nyskaping og næringsutvikling.

Føremål

Landbruks- og matmelding for Telemark skal legge til rette for å styrke landbruksbasert næringsutvikling i Telemark gjennom å identifisere dei fortrinna fylket har, knytt til framtidig landbruks- og matproduksjon. Det er eit mål at meldinga skal avklare kva for handlingsrom som finst regionalt, med utgangspunkt i den nasjonale landbrukspolitikken. Meldinga skal òg peike ut retning for utviklingstiltak og prosjekt knyttte til landbruks- og matnæringa i fylket, og den skal foreslå tiltak som kan gi auka rekruttering og auka verdiskaping i landbruket i Telemark.

Gjennom å synleggjere status, utviklingstrekk og framtidsmoglegheiter for landbruket i Telemark, skal meldinga gi auka kunnskap om denne næringa, og verdien av næringa i Telemark. Samstundes skal meldinga stimulere til debatt om mogleg utvikling av landbruks- og matproduksjonen i Telemark.

Meldinga vil vonleg gi Telemark fylkeskommune betre grunnlag for å vere ein tydeleg regional utviklingsaktør på landbruksområdet. Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark vil òg gjennom meldinga få eit betre grunnlag for samordning og bruk av dei regionale verkemidla for landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Organisering av arbeidet

Telemark fylkeskommune har hatt hovudsvar for utarbeidning av Landbruks- og matmelding for Telemark. Ulike delar av fylkeskommunal verksemd har vore involvert i arbeidet med meldinga og hjelpt med innspel.

Det blei oppnemnt ei referansegruppe og prosjektgruppe som har deltatt aktivt med innspel og råd til prosjektleiinga

undervegs i arbeidet med meldinga.

Referansegruppa har vore samansett av representantar frå:

- Fylkesmannen i Telemark
- Telemark Bondelag
- Telemark Bonde og Småbrukarlag
- Innovasjon Norge avd. Telemark
- Telemarksreiser
- Kommunane i Telemark

Prosjektgruppa har vore samansett av representantar frå:

- Fylkesmannen i Telemark
- Telemark Bondelag
- Telemark Bonde og Småbrukarlag
- Norsk Landbruksrådgiving Østafjells
- Innovasjon Norge avd. Telemark
- Kommunane i Telemark

Dei to gruppene har i praksis fungert som ei gruppe, og det har vore halde felles møter.

På forsommaren 2012 blei det gjennomført fire regionale innspels- og dialogmøte. Telemark fylkesting er orientert om arbeidet med meldinga, mellom anna ved sak til fylkestingets møte i oktober 2012. (Fylkestingssak 0065/12 «Landbruks- og matmelding for Telemark – rapportering til politisk nivå») Hausten 2012 blei det halde ein gründercamp på Søve som ein lekk i arbeidet med meldinga. Meldinga er send på høyring til relevante høyringsinstansar, og det har vore fire regionale høyringsmøte.

Referansegruppe og prosjektgruppe har hatt ei sentral rolle ved å leve innspel til arbeidet med meldinga. I tillegg er meldinga supplert med idéar og innspel gjennom fleire dialogmøte og høyringsmøte. Arbeidet med meldinga har òg fått faglege innspel frå verdiskapingsundersøkingar utførde av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking(NILF) og ved utgreiing frå Telemarksforsking. Bioforsk har levert eit notat om klima og miljø til arbeidet med meldinga. Kapittelet om Skogbruk og utmarksnæring er skrive av Faun Naturforvaltning AS, og kapittelet om Lokalmat er skrive av Synne Vahl Rogn.

Fylkesrådmannen vil rette ein stor takk til alle som har vore involverte i arbeidet med Landbruks- og matmelding for Telemark. Fylkesrådmannen vonar at Landbruks- og matmelding for Telemark skal bli eit nytig dokument for utvikling av landbruket og landbruksbasert næring i Telemark.



DEL I – STATUS OG UTVIKLINGSTREKK

Generelt

Telemark fylke har eit totalt areal på 15 315 km². Jordbruksarealet er 1,6 prosent av landarealet, medan skogbruksarealet utgjer 33 prosent av det totale landarealet i fylket. Telemark har vekslande naturgitte forhold for matproduksjon. Delar av jordbruksområda i fylket har eit jordsmonn og eit klima som høver til dyrking av varmekjære og krevjande vekster, til dømes grønsaker og matkorn, medan store delar av fylket høver best til grasdyrkning.

Teknologisk utvikling, økonomi, den generelle samfunnsutviklinga og landbruks- og matpolitikken har vore, og er, sentrale drivrarar i utviklinga av norsk landbruk. Landbruket har i heile etterkrigstida gjennomgått omfattande strukturrasjonalisering og produktivitetsvekst. Produktivitetsveksten i jordbruket har vore vedvarande høg; høgare enn for nesten alle norske bransjar, inklusive oljebransjen. Om ein ser på produktivitetsveksten i norsk jordbruk målt som såkalla totalfaktorproduktivitet, så var den 1,65 prosent årleg i perioden 1990 til 2009. Dette er på line med produktivitetsveksten i amerikansk jordbruk gjennom det 20. hundreåret. Det er ein interessant observasjon, ikkje minst med tanke på dei ulike strukturane som finst i det norske og amerikanske jordbruket.

Kjelde: NILF Notat 2012 – 4 «Innovasjon i landbruket»

Telemark har ein småbruksstruktur som heng nært sammen med topografien og landskapet. Landbruket i Telemark er prega av mange små bruk, og gjennomsnittleg bruksstorleik er 75 prosent av landsgjennomsnittet. Fylket har og ein høgare del mindre bruk enn samla sett for landet. Dette er tilhøve som gjer det vanskelegare å hente ut stordriftsfordelar gjennom strukturendring i Telemark enn i dei meir flatbygdprega områda av landet.

Landbruksproduksjonen i Telemark har vorte meir ekstensiv i den siste tiårsbolken. Med unntak av storfekjøtt, har fylkets del av landets jordbruksproduksjon gått markant ned. Utviklinga internt i fylket mellom regionane er nokså einsarta.

Tabell 1 syner mellom anna at jordbruksareal i drift har gått ned med 8,9 prosent i perioden 1969 – 2012. Nedgangen i jordbruksareal i drift kjem dels av at fleire kommunar har tatt i bruk nytt digitalt kartverk som gir ein viss reduksjon i areal. Dei nye digitale karta syner at jordbruksarealet ofte er mindre enn det dei gamle karta synt. Andre årsaker til nedgangen i jordbruksareal i drift er attgroing og at marginale areal er tatt ut av drift. Tabell 1 syner òg ein større nedgang i tal på gardsbruk som er i drift. Nedgangen i Telemark har vore på 74 prosent i perioden 1969 – 2012. Til samanlikning har nedgangen for landet vore på 71 prosent.

Trass i at Telemark aldri har vore noko tungt landbruksfylke, finst det fleire sterke fagmiljø og produksjonar:

- Det er gode klimatiske tilhøve for fruktproduksjon i Telemark, og i midtfylket er det etablert eit godt miljø for fruktdyrking, med høg kompetanse. Kvart fjerde eple som blir seld i butikkane kjem frå Midt Telemark, og marknaden etterspør meir norsk frukt. Det er òg behov for meir eple til press.
- Det har over tid vore eit godt produksjonsmiljø innanfor svine- og eggproduksjon i Midt Telemark. Bø er kommunen i Telemark med flest svine- og eggprodusentar. Produsentane har mellom anna vist stor vilje til å fornye produksjonsapparatet.
- I Vinje kommune er det eit godt, men sårbart produksjonsmiljø knytt til produksjon av geitemjølk. Produsentane leverer saman med produsentar i Hordaland og Rogaland geitemjølk til Tine sitt ysterianlegg på Haukel.
- I Grenlandsområdet er det eit lite, men profesjonelt fagmiljø innanfor grønsakproduksjon. Den beste dyrkingsjorda for grønsaker finst i Gjerpen, Ulefoss-området og i Bamble. I delar av dette området er det eit klima som høver svært godt for produksjon av ulike slag grønsaker.
- En tredjedel av landets solbærproduksjon foregår i Telemark.
- Betydeleg produksjon av engfrø med 12% av landets produksjon.

Tabell 1. Utvikling i jordbruksareal i drift, tal gardsbruk i drift og bruksstorleik i Telemark. Kjelde: Jordbruksstillingane SSB. Tal før 1999 omfattar bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift, medan tal f.o.m. 1999 omfattar òg bruk med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift.

År	1969	1979	1989	1999	2012
Jordbruksareal i drift, dekar	268 181	261 223	257 475	261 890	244 384
Jordbruksbedrifter (Gardsbruk i drift)	5922	5262	4287	2616	1534
Jordbruksareal per Jordbruksbedrift	45	50	60	100	159

- I Nissedal er det eit lite, men tradisjonsrikt og godt fagmiljø for pelsdyr. Dei fleste av oppdrettarane driv med mink.
- Tredje største honningfylket med ca. 10 % av landets produksjon.
- I delar av fylket er det sterke produksjonsmiljø for sau.
- Ved Søve vidaregåande skule er det eit sterkt fagmiljø. Skulen utviklar fagskuletilbod og fagsenter med utgangspunkt i lokale ressursar.
- Fleire sterke aktørar som tilbyr god fagkompetanse som til dømes dei kommunale landbrukskontora, Tine, Nortura, Norsk landbruksrådgiving, Høgskolen i Telemark, Fylkesmannen i Telemark, Mat- og kulturinkubatoren, Raulandsakademiet m. fl.
- Århus Gård i Skien der mykje kompetanse innanfor landbruket er samla på ein stad, noko som gjev moglegheiter for kompetanseheving innanfor landbruks- og matområdet.

I tillegg finst det i Telemark mange produsentar innanfor ulike produksjonar som er fagleg svært sterke. Det gjeld både i det ein kan karakterisere som den volumbaserte landbruksproduksjonen, men også for lokalmatproduksjon, lokal foredling og anna bygdenærings. Telemark er medlem av det som blir kalla for Fjellregionsamarbeidet, og som er eit samarbeid mellom fleire fylker som har fjellområder. Dette samarbeidet kan vere ei styrke for utvikling av fjelllandbruket i Telemark.

Landbruksproduksjonen i Telemark og utfordringar knytte til global matproduksjon og mattryggleik

Mattryggleik har dei siste åra vore eit svært aktuelt og stadig viktigare tema. Det heng saman med endringar i klima, folkevekst, stigande råvarepriser og naturressursar som vert sett under press. Om 40 år vil det vere om lag 9 mrd. menneske på jorda. FN-organisasjonen for mat og landbruk(FAO) har rekna ut at matproduksjonen før den tid må ha auka med om lag 70 prosent dersom ein skal klare å sikre mat nok til alle. Det blir ei stor utfordring for verdssamfunnet å klare dette. Dei siste tiåra har matproduksjonen i verda auka i takt med veksten i folketal, mykje som verknad av betre agronomi og teknologi, men òg fordi nye areal er tatt i bruk. Det er venta at veksten i produksjon vil minke i tida som kjem. Dei siste ti åra har produksjonsveksten vore 2,6 prosent årlig. FAO og OECD ventar ein årleg produksjonsvekst i åra som kjem på 1,7 prosent. Urbanisering og industrialisering har ført til tap av matjord. Dette er med og forsterkar utfordringane knytte til å sikre mat til verdas aukande befolkning. Mange stader har òg dårlege dyrkingsmetodar ført til forureining og utarming av den dyrka jorda. Forholda for matproduksjon vil òg bli endra som ein verknad av klimaendringane. Dei vil gi ulike konsekvensar i ulike delar av verda, men forsking syner at klimaendring kjem til å auke vanskane med å dekke den stigande etterspurnaden etter mat.

Landbruks- og matdep. Meld. St. 9 (2011 – 2012) Endringar i klima kan gi nye moglegheiter for Telemark ved at det kan dyrkast vekstar som ikkje har vore vanleg eller mogleg å dyrke i fylket tidlegare.

Telemark har gode naturgitte og andre gode føresetnader for ein auke i den landbaserte matproduksjonen. Fylket har eit unytta potensial når det gjeld produksjon av mat og trevirke. Telemark har store område som høver svært godt for beitande dyr, samt store areal som er best til grasdyrkning. Dette gir mellom anna grunnlag for ein auka kjøtproduksjon på storfe og lam, som i stor grad kan baserast på lokale ressursar. Fylkets eigne ressursar gir òg opning for auka produksjon av ku- og geitemjølk. Telemark har mykje ledig spreieareal for husdyrgjødsel, noko som moglegger ein større auke i husdyrtalet. I delar av fylket er det godt klima for dyrking av bær, frukt, grønsaker og matkorn.

Den primære oppgåva for landbruket i Telemark er produksjon av mat og trevirke til ein aukande befolkning. Saman med den ordinære produksjonen av landbruksvarer og -tenester, skjer det samstundes ein produksjon av ei rekke fellesgode som ikkje kan omsetjast i nokon marknad. Busetjing, kulturlandskap og mattryggleik er døme på slike fellesgode. Dette multifunksjonelle landbruket ligg til grunn for utforminga av den nasjonale landbruks- og matpolitikken.

Nedgangen som har skjedd i Telemark når det gjeld jordbruksareal i drift og tal på gardsbruk i drift, gir grunn til uro med tanke på evna til å oppretthalde matproduksjonen i fylket. Nedgangen er òg sterkt urovekkjande med tanke på om Telemark kan vere med på å oppfylle dei nasjonale målsettingane om auke i den landbaserte matproduksjonen med 20 prosent i komande tjueårsperiode.

Internasjonale avtalar med konsekvensar for landbruket i Telemark

I den norske landbrukspolitikken er importvernnet ein bærebjelke, og ein avgjerande føresetnad for å sikre avsetnad av norske landbruksprodukt til ein pris fastsett gjennom jordbruksavtalen. Noreg har ved internasjonale forhandlingar fyrst og fremst opna for import av landbruksvarer der det er ein liten eller ingen norsk produksjon, og der import av billigare innsatsvarer er nyttig for norsk næringsmiddelindustri. Norske myndigheter har lagt opp til eit sterkt, men fleksibelt importvern. Dei same prinsippa er lagde til grunn for forvaltninga av tollvernet.

Ein eventuell ny WTO-avtale vil gi store utfordringar knytte til tollreduksjonar og etablering av importkvoter for viktige norske landbruksprodukt der det har vore liten eller ingen import. I eventuelle nye WTO-forhandlingar blir det svært viktig å gi opning for eit tilstrekkeleg tal sensitive jordbruksprodukt, og at det blir etablert gode løysingar knytte til budsjettstøtte. Det har vore ein jamn auke i importen av tilverka landbruksvarer dei siste 10 åra. Verdien av importerte matvarer låg i 2010 på om lag 35 mrd. kroner. Ti år tidlegare

låg verdien på om lag 16 mrd. kroner. Om lag 70 prosent av importen av landbruksvarer kjem fra EU, og det er Danmark og Sverige som er dei største eksportlanda.

EØS-avtalen omfattar ikkje landbruk, men landbruket og særleg matindustrien er likevel trekte inn i avtalen indirekte gjennom den såkalla utviklingsklausulen (artikkel 19) og Protokoll 3. Artikkel 19 seier at partane skal arbeide for å liberalisere handelen med landbruksvarer ytterlegare, og at liberalisering skal skje på gjensidig fordelaktig basis, innanfor rammene i landbrukspolitikken til den einskilde. Protokoll 3 gjeld industrielt tilverka landbruksprodukt, og omfattar ei rekke varer som til dømes iskrem, smaksett yoghurt, sjokolade, bakarvarer med fleire.

Import av ost frå EU er eit godt døme på korleis artikkel 19 i EØS-avtalen verkar i praksis. Av all ost som blei importert til Noreg i 2011 kom 99 prosent frå EU. Eit av forhandlingsresultata frå den nye artikkel 19-avtalen, er at gjensidig tollfri ostekvote mellom Noreg og EU blir auka frå 4500 tonn årleg til 7200 tonn årleg. Utvidinga er gjort gjeldande frå 1. 1. 2012., og kvoten på 7200 tonn vil dekke om lag 10 prosent av det samla norske osteforbruket. Totalt vart det i 2011 importert om lag 11 000 tonn ost til Noreg, noko som syner at det er ein monaleg import av ost til ordinære tollsatsar.

Noreg har ein offensiv politikk overfor verdas 64 fattigaste land. Dette er land som har toll- og kvotefri marknadstilgang for alle varer inn i den norske marknaden. Trass i dette kjem berre 1 prosent av importen frå desse 64 landa.

Noreg har eit generelt høgt kostnadsnivå, som mellom anna gir høge norske råvareprisar. Saman med tollvern i aktuelle mottakarland, er det norske kostnadsnivået og høge norske råvareprisar i stor grad med på å avgrense norsk eksport av landbruksvarer.

Dei internasjonale rammene gir utfordringar for det norske landbruket. Samstundes kan auken i folketal gi landbruket i Noreg nye moglegheiter for å auke produksjonen.

Kjelde: AgriAnalyse - «Stagnasjon i norsk produksjon – importvolum i vekst»/Meld.St.9 – «Landbruks- og matpolitikken»

Jordbruksavtalesystemet

I 1950 blei Hovudavtalen for jordbruket vedtatt. Det skjedde etter forhandlingar mellom styremaktene, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Dette var resultat av ein prosess som starta om lag 20 år tidlegare. På 1930-talet forhandla dei økonomiske organisasjonane med styremaktene om prisar på jordbruksvarer. Dei fyrste forhandlingane mellom styremakter og dei næringspolitiske organisasjonane om prisar og reguleringsfastsettingar gjekk føre seg i 1939 – 40. Etter krigen vart denne praksisen teken opp att, og i 1947 vart det semje om å greie ut ei langsiktig avtale for jordbruket. I 1984 og i 1992 kom vesentlege endringar i Hovudavtalen som grunnlag for dei årlege jordbruksforhandlingane. Hovudavtalen regulerer framgangsmåten ved jordbruksforhandlingane, og inngåing av jordbruksavtaler inkludert endrings- og tilleggsavtaler. Ved brot i forhandlingane er det vanleg at Stortinget fastset jordbruksoppgeret, men oppgjeret kan også gå til skilsdom(sist nyttå i 1978). I dei tilfelle der det er gjort jordbruksavtale med berre ein av landbruksorganisasjonane, har også den organisasjonen som valde å bryte forhandlingane, ansvar for at avtalen blir gjennomført.

Hovudavtalen er grunnlaget for dei årlege jordbruksforhandlingane om prisar og anna som har innverknad på bøndenes arbeids- og inntektsforhold. Avtalte målprisar på jordbruksprodukt gjeld for perioden 01. 07 – 30.06. Løyvingar over statsbudsjettet følgjer kalenderåret.

Kjelde: Norges Bondelag

Ringverknader av landbruk og landbruksbasert verksemd i Telemark

I samband med «Landbruks- og matmelding for Telemark» har Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning(NILF) utført ein verdiskapingsanalyse for landbruket og landbruksbasert verksemd i Telemark. Som ein del av denne analysen er det gjort ein ringverknadsanalyse for landbruket i Telemark. Det er berekna to sysselsettingsmultiplikatorar. Den enkle multiplikatoren fangar opp kvar aktivitet i verdikjeda, medan den akkumulerte multiplikatoren synleggjer ringverknadene av primærleddet. Tabell 2 syner direkte og indirekte verknader av landbruket i Telemark.

Tabell 2: Direkte og indirekte verknader av landbruket i Telemark NILF Notat 2013 «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Telemark»

	Primærledd	Tilleggsnæring	Foredl. Ind.	Forr.m. tj.y	Offentlig	Sum
Samla verknader	1 868	211	766	40	127	3 011
Direkte verknad. Indirekte verkn.	1 427 441	171 40	519 247	30 10	93 34	2 240 771
Enkel multiplik.	1,31	1,23	1,48	1,32	1,37	1,34
Akkumul. verkn. Akkumul. multipl	1 868 1,31	2 079 1,30	2 845 1,78	2 884 1,81	3 011 1,88	3 011 1,88

Den enkle multiplikatoren syner at ein sysselsett i landbruket i Telemark gir grunnlag for 0,31 sysselsette i resten av næringslivet. Då er ikkje verdikjedeverknader ut over reine underleverandøreffektar tatt med. Når ein legg til den direkte verknaden med ein sysselsatt i landbruket, får ein 1,31 slik tabellen syner. Ved å ta inn tilleggsnæringer og foredlingsindustri som verdikjedeffektar, genererer landbruket totalt 2 845 arbeidsplassar i Telemark, noko som tyder at landbruket gir grunnlag for 0,78 sysselsette i resten av næringslivet, eller 1,78 sysselsette inkludert landbruket. Ved å legge til næringar som er lokaliserte i Telemark grunna landbruket i regionen, blir den samla sysselsettingseffekten på 3 011 sysselsette. Det inneber at kvar av dei 2 240 sysselsette i verdikjeda i landbruket i snitt genererer 0,34 i resten av næringslivet i Telemark, noko som igjen betyr 1,34 i alle næringar når ein tar med den direkte sysselsettingsverknaden.. Med utgangspunkt i at heile verdikjeda i tabellen er basert på aktiviteten i primærleddet, kan ein også hevde at kvar av dei 1 598 sysselsette i primærleddet i landbruket i snitt genererer 1,88 sysselsette i alle næringar i Telemark, inkludert den direkte verknaden. 3 011 totalt sysselsette innanfor denne verdikjeda utgjer om lag 3,9 % av alle sysselsette i Telemark i 2011. Om ein samanliknar med fylke som Buskerud, Oppland, Hedmark og Rogaland, finn ein at ringverknadene av landbruket er større i desse fylka enn i Telemark. Tilsvarande analysar for Hedmark og Oppland viser at landbruket gav grunnlag for høvesvis 16 % og 14 % av alle sysselsette i dei to fylka, medan landbruket i Buskerud og Rogaland gir grunnlag for 6 % av alle sysselsette i begge fylka.

Samla verdiskaping i landbruket i Telemark

I sitt notat «Verdiskaping i landbruk, og landbruksbasert virksomhet» konkluderer NILF med at samla verdiskaping i Telemark i 2011 frå primærnæringane var på 700 mill. kr. Av dette utgjorde jordbruk 315 mill. kr, skogbruk 298 mill. kr og tilleggsnæring/bygdenæring 89 mill. kr. Landbruksbasert industri med ei binding til landbruket hadde i 2011 ei verdiskaping på 200 mill. kr. Den totale verdiskapinga på 900 mill. kr. utgjer 2 % av samla verdiskaping i Telemark. Skien og Sauherad er kommunane med størst samla verdiskaping innanfor primærproduksjonen, med høvesvis 90 mill. kr og 71 mill. kr.. Kommunane Skien og Porsgrunn har størst verdiskaping knytt til den landbruksbaserte industrien, med respektive 39 mill. kr og 34 mill. kr.. Fyresdal og Sauherad er kommunane der verdiskapinga i primærnæringane og landbruksbasert industri står for den høgaste del av samla verdiskaping i kommunen med 10 %. Den totale verdiskapinga i primærnæringane er nokså likt fordelt mellom regionane i fylket.

Foredling og omsetnad av produkt frå landbruket

Landbruket har ei samanhengande næringskjede frå bonden som primærprodusent og fram til forbrukaren. Daglegvarehandelen er i dag dominert av dei fire store kjedene, NorgesGruppen, Coop Norge, Rema 1000 og ICA Norge. Denne sentraliseringa har naturleg nok gitt desse aktørene svært stor makt i daglegvaremarknaden. Daglegvarer blir omsette i hovudsak gjennom daglegvarebutikkar (80 prosent), men kioskar og bensinstasjonar står for ein aukande del av daglegvareomsettinga (10 prosent). Matvareprodusentane og daglegvarehandelen i Noreg har i større grad enn mange andre land i Europa veklagt eit etter måten smalt sortiment med sterkt konkurranse på pris. Resultatet av dette er mellom anna at Noreg har relativt fleire lågprisbutikkar enn til dømes land som England og Frankrike. Eit viktig element ved utviklinga er at daglegvarekjedene har overtatt grossistfunksjonar, som mellom anna inneber koordinering og auka makt for kjøparane i matkjeda. I daglegvarehandelen skjer det ei sterkt satsing på eigne merkevarer (EMV), men òg på butikkar som fører eit breitt vareutval. Eigne merkevarer blir produserte av eller for kjeda. Produkta har kjedas eige merkenamn, og dei blir berre selde i eigne butikkar. EMV-delen er låg i Noreg samanlikna med andre europeiske land. Kjedene er òg i større grad enn tidlegare inne på eigarsida i produksjonsbedriftene. Coop er eit døme på ei kjede med lang tradisjon for eigarskap i fleire industribedrifter. I dei siste 10 – 12 åra har det vore ein aukande framvekst av alternative kanalar for marknadsføring og omsetting av landbruksprodukt. Gards- og lokalmatbutikkar, spesialbutikkar i byane og Bondens marknad er døme på slike kanalar. Fleire store festivalar og utstillingar fungerer òg som viktige arenaer for marknadsføring og sal av lokale matprodukt.

Den norske næringsmiddelindustrien omfattar om lag 2300 bedrifter. Dei er spreidde over heile landet, og bidrar sterkt til sysselsetting i distrikta. Talet på bedrifter har over mange år gått ned, men sidan 2007 har det vore etter måten stabilt. Produksjonsanlegga har vorte meir effektive, og det har skjedd ei koordinering vertikalt i verdikjedene. Den jordbruksbaserte industrien har vore gjennom fleire større strukturendringar dei siste ti åra. Til dømes tok konsernet TINE BA som vart etablert i 2002 opp i seg 10 meieriselskap, som tidlegare hadde vore organiserte under TINE-paraplyen. Liknande konserndanningar fann stad i Norsk Kjøttsamvirke og Prior, før dei valde å fusjonere til Nortura i 2006. Det har skjedd ei monaleg nedlegging og rasjonalisering av anlegg både innanfor samvirket og i annan næringsmiddelindustri. I distrikta har det samstundes vore ein framvekst av mindre foredlingsbedrifter, til dømes mindre verksemder for foredling av kjøt og gardsysterier.

Kjelde: Landbruks- og matdepartementet. Meld.St.9 (2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken»

Det meste av foredlingsanlegg for landbruksprodukt er flytt ut av Telemark. Etter at eggpakkeriet til Nortura i Bø vart lagt

ned, har ikkje konsernet att anlegg for omsetnad/foredling i Telemark. I 2014 blir produksjonen ved anlegget til TINE-eigde Diplom-Is i Brevik lagd ned og overført til anlegget på Gjelleråsen. Ysteriet for geitemjølk i Haukeli er det einaste anlegget som TINE BA har igjen i fylket. Anlegget med sine 12 tilsette handsamar årleg om lag 2,4 mill. liter geitemjølk frå ca. 50 produsentar i Telemark, Rogaland og Hordaland. Ysteriet produserer Frozen Curd for eksport til Canada, og Chèvre, som er ein kvit geitost. Chèvre kjem i både ein naturell variant og ein med kvitmugg. Telefrukt AS på Gvarv er eit av landet største fruktpakkerier. Selskapet handterer frukt frå Telemark, og frå delar av Vestfold og Buskerud. Det er Telefrukt Produsentlag, Bama og Gartnerhallen som eig selskapet. Pakkinga omfattar eple, morellar og plommer. Produkta frå Telefrukt finst i alle dei vanlege daglegvarebutikkane, og har tilgang til 80 prosent av den norske marknaden. Selskapet har for kort tid sidan modernisert for over 30 mill. kr.

Over ein del år har det vaks fram etter måten mange aktørar i Telemark som driv med lokal produksjon, foredling og omsetnad av matprodukt. Fleire av desse har utvikla seg på ein svært positiv måte, og har opparbeidd seg eit godt omdømme. Det er nå om lag 60 føretak/bedrifter som driv innanfor eit ganske breitt spekter av produkt. Bedriftene spenner frå små enkelpersonsføretak på gardsbruk til industrielle einingar for framstilling av matprodukt. Det blir tilverka ei rekke ulike produkt, men mange av dei er knytte til foredling av mjølk, ulike slag kjøt, frukt/bær og fisk. Det finst også grønsaker, forskjellige slag bakevarer, urter og drikkevarer. Sidan starten på 2000-talet er det gjennomført ei rekke ulike matrelaterte prosjekt med stønad frå ulike offentlege instansar. Festivalar/utstillingar som Mersmak i Skien, Dyrsku'n i Seljord og Bondens marknad er viktige arenaer for marknadsføring og sal av lokalmat. Inkubatoren for mat og naturbasert næring ved Dyrskun Mat og Kompetanse, og Raulandsakademiet er viktige kompetansebasar for utvikling av lokalmat og tradisjonsmat i Telemark.

Landbruket i Telemark – store utfordringar

Utviklinga i landbruket i Telemark gir grunn til uro. Tabell 1 på side 7 syner ein markant nedgang av jordbruksareal i drift og talet på gardsbruk. I rapporten «Telemarkslandbruket – Regelverk og verdiskaping», som Telemarksforsking har utarbeidd for Telemark fylkeskommune, peikar dei på at landbruket i Telemark tapar innanfor dei aller fleste produksjonane. Situasjonen i Telemark er så vidt alvorleg at fylket saman med nokre andre delar av landet, til dømes Agder, blir omtalt særskilt i Meld. St.9 (2011 – 2012) Landbruks- og matpolitikken.

Utviklingen i deler av Agder/Telemark, kyst- og fjordstrøkene på Vestlandet, Nord-Norge og fjellområdene i Sør Norge er særlig bekymringsfull. Deler av disse områdene har få bruk igjen i drift, økende avstand mellom brukene og nedgang i andelen jordbruksareal i drift. Samtidig bærer noen av områdene preg av en sammensatt næringsstruktur, hvor landbruket i stor grad konkurrerer om arbeidskraften med andre næringer. Fortsatt nedgang i andelen jordbruksareal i drift vil kunne påvirke områdene attraktivitet som bosted og lokaliseringssted for næringsvirksomhet.

Grunnane til denne utviklinga i Telemark er samansette. Det har over tid vore forholdsvis lett tilgang på anna og betre betalt arbeid i Telemark. Fylket har ein småbruksstruktur prega av lågare produksjon og lågare intensitet enn resten av landet. Telemarksforsking peikar i sin rapport på at dei økonomiske verkemidla har vore innretta slik i den nasjonale landbrukspolitikken dei siste tiåra, at det har ramma distrikt med ein småbruksstruktur ekstra hardt. Rapporten syner òg at strukturdifferensieringa i produksjonstilskotta, som skal kompensere mindre bruk for skala-ulemper på kostnadsida, har flata ut dei seinare åra. Dette har ført til at kompensasjonen for skala-ulemper har vorte dårlagere.

Situasjonen i skogbruket i Telemark gir også stor grunn til uro. Nedlegginga av anlegget til Sødra Cell på Tofte og konkursar i treforedlingsindustrien kan skape store vanskar for levering av massevirke.

Snittalderen for gardbrukarar i Telemark (innehavarar av enkeltpersonsføretak) som søker produksjonstilskott ligg på 51,6 år. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark Det betyr at ein på mange gardar er i ein situasjon der produksjonen blir trappa ned, og at ein er nær eit generasjonsskifte. Ved generasjonsskifte står ein på mange vis ved eit vegskilje. Snittalderen for dei som overtar ein gard i Telemark ligg på om lag 50 år, noko som i ein slik samanheng må karakterisast som høg alder. Dei aller fleste er da vel etablerte i jobb, og ofte har dei som overtar, utdanning og kompetanse på andre område enn landbruk. Dette fører til at mange av dei som overtar landbrukseigedom anten leiger bort jorda eller vel ein ekstensiv produksjon som lar seg kombinere med anna arbeid. Det er grunn til å tru at den høge snittalderen for gardbrukarar og den høge alderen ved overtaking av gard verkar negativt på evna og vilja til offensiv satsing i Telemarkslandbruket.

Rekruttering til landbruket i Telemark – utdanning, kompetanse og likestilling

Rekruttering

I dei regionale innspels- og dialogmøta som vart haldne i samband med Landbruks- og matmelding for Telemark, var ei gjennomgåande tilbakemelding at inntektene i landbruket

må aukast. Det er ein tett samanheng mellom vilkåra for landbruket og omdømmet til landbruksnæringa, og rekruttering til næringa. Det er utfordrande å rekruttere nye utøvarar til landbruket i Telemark. Grunnane til det er fleire, men utsikt til låg inntekt, lite fritid, avgrensa investeringsmiddel og eit regelverk som er kostnadsdrivande verkar negativt for rekruttering til landbruket. I mange delar av Telemark begynner produksjonsmiljøet i landbruket å bli faretruande lite, prega av gardbrukarar som er i ein fase i livet der gardsdrifta blir trappa ned. Slike miljø er lite eigna som rekrutteringsbase for yngre bønder.

Det finst likevel ein del yngre bønder i Telemark som satsar offensivt på garden og landbruk som framtidig leveveg. Dei er å finne innanfor alle landbruksproduksjonane, og felles for dei fleste er at dei har ein produksjon med stort volum, og at dei har investert tungt i produksjonsapparatet. Fleire har tatt opp store lån for å finansiere utbygginga av garden.

Utdanning

Søve vidaregåande skule (vgs) på Ulefoss, eigd av Telemark fylkeskommune, er den einaste vidaregåande skulen i Telemark som tilbyr utdanning i landbruk og naturbruk. Det er i hovudsak elevar frå Telemark som går på Søve.

Tabell 3 viser at elevtalet ved Søve vgs har gått ned i femårs-perioden som er vist i tabellen. Dette er ei utvikling som ikkje er eineståande for Telemark, men som dei ser ved dei fleste naturbrukskulanle i landet. Vg 3 Studieførebuande naturbruk er klassen som har hatt mest stabilt tal elevar i perioden. Det same gjeld Vg 1 Naturbruk, om ein ser bort frå skuleåret 2011/12. Ein offensiv marknadsføringsinnsats frå skulen førte til ein markant auke av søkjartalet til Vg 1 Naturbruk for skuleåret 2012/13. Søkjartalet på Vg 1 Naturbruk skuleåret 2013/14 ligg på om lag 45 elevar. Talet på elevar for Vg 2-klassane er varierande, men med ein markant nedgang skuleåret 2012/13 for Vg 2 Landbruk og gartneri og for Vg 2 Hest og hovslagerfag. Det er grunn til å tru at nedgangen for dei to klassane heng saman med den sviktande søkeringa til Vg 1 Naturbruk året før.

Situasjonen for Vg 3 Landbruk er spesielt urovekkjande, men ikkje spesiell for Søve og Telemark. Søkjartala til Vg 3 Landbruk synleggjer ein nasjonal trend som handlar om at

rekrutteringa til agronom og gartnerutdanninga sviktar. Dette påverkar det faglege nivået og kvaliteten på opplæringa på ein negativ måte. Verknaden er at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft til landbruksnæringane sviktar, og på den måten skapar det problem for desse næringane. Det er samansette grunnar til at det er slik. Dels handlar det om at mange yngre menneske oppfattar økonomiske, og andre vilkår i landbruksnæringa som for dårlege til at næringa blir sett på som attraktiv. Det handlar òg om at det for mange yngre er svært vanskeleg å skaffe sin eigen landbrukseigedom, og på den måten kunne skape seg ei framtid som matprodusent.

Svikten til Vg 3 Landbruk (agronom/gartnerutdanninga) kjem også av at mange elevar planlegg eit vidare utdanningsløp på høgskule eller universitet og derfor vel Vg 3 Studieforberedande naturbruk i staden for Vg 3 Landbruk. Fleire representantar for naturbruksutdanninga i Noreg har uttrykt eit ønske om ein rett til eit fire års utdanningsløp innanfor naturbruk, slik at eleven får utveg til å gjennomføre både tre års agronom/gartnerutdanning og studieførebuande naturbruk. Eit slikt utdanningsløp vil sannsynlegvis føre til at fleire elevar vil velje Vg 3 Landbruk, mellom anna fordi dei framleis vil kunne gjennomføre ein studieførebuande utdanning. På den måten kan eleven ha opning for å ta høgare utdanning. Eit anna forhold som blir peika på, er at studenten i eit høgare utdanningsløp innanfor naturbruk/landbruk vil ha ei betre grunnutdanning innanfor landbruk, dersom ein kan ha ein modell der studenten har hatt som val å gjennomføre ei agronom/gartnerutdanning før opptak til høgare studiar. For skuleåret 2013/14 er det seks elevar på VG 3 Landbruk ved Søve vidaregåande skule.

Agronom og gartnerutdanninga er det einaste utdanningsløpet innanfor utdanningsprogrammet naturbruk som kan gjennomførast som ei treårig utdanning utan praksis i bedrift. Utdanninga blir avslutta med vitnemål eller kompetansebevis, og ikkje med fagbrev. Landbruks- og matdepartementet og Kunnskapsdepartementet ønsker i samarbeid med fylkeskommunane å gjennomføre forsøksordningar der det blir opna for yrkesutdanning for agronom og gartner, der eleven går to år i eit skuleløp og to år i godkjend lærebodrift. Etter eit slikt løp skal kandidatane få fagbrev og vitnemål på line med andre yrkesutdanningar. Søve vidaregåande skule er i ein prosess for å greie ut om dei kan delta i ei slik forsøksordning.

Tabell 3: Utvikling i tal på elevar som tar vidaregåande naturbruk/landbruk ved Søve vidaregåande skule. Skulen har i tillegg ein klasse Vg 3 Påbygging til generell studiekompetanse med 24 elevar skuleåret 2012/13. Kjelde: Søve vidaregåande skule.

Gjennomført år	12/13	11/12	10/11	09/10	08/09
Vg 1 Naturbruk	44	29	43	47	47
Vg 2 Skogbruk	11	4	8	9	14
Vg 2 Landbruk og gartneri	9	20	19	10	16
Vg 2 Hest- og hovslagerfag	8	17	13	27	22
Vg3 Landbruk	0	10	0	10	0
Vg 3 Studieførebuande naturbruk	24	27	27	25	28
Sum elevar	96	107	110	128	127

Den høge snittalderen for overtaking av gardsbruk i Telemark fører til at mange av dei som overtar, eller skal overta gardar, manglar landbruksutdanning. Ved Søve vgs har ein sidan 2003 tilbydd agronomutdanning for vaksne. Dette er ei deltidsutdanning som føregår over to år. Tilboden har sidan det vart etablert rekrytert mellom 20 og 30 elevar ved kvar kursstart, noko som synleggjer eit etter måten stort behov for ei slik utdanning. Nokre av elevane kjem òg frå andre fylke enn Telemark.

I den seinare tid har fleire naturbrukskular planlagt og starta ulike fagskuletilbod innanfor landbruks- og matområdet. Ei fagskuleutdanning bygger på vidaregående opplæring og er ei yrkesutdanning som varar frå 1/2 til 2 år. Utgangspunktet for fagskuleloven er at tilboden av fagskuleutdanning skal vere styrt av behov frå næringslivet og etterspurnaden i arbeidslivet. Ved Søve vgs starta dei hausten 2013 ein fagskulemodul innanfor leiing, økonomi og marknadsføring (LØM) med 15 elevar. Tilboden blei etablert etter råd frå landbruksnæringa og i eit nært samarbeid med Fagskolen Telemark. Ved skulen er to nye fagskuletilbod under utarbeiding og med planlagt start hausten 2014. Det eine tilboden er innanfor grovfôrbasert kjøtproduksjon, og det andre er knytt opp mot lokal foredling. Desse to tilboda er og valde i samråd med landbruksnæringa. Vidare utvikling av fagskuletilbod på Austlandet innanfor landbruk skjer i eit samarbeid med Fagskolen Innlandet på Gjøvik.

Telemark fylkesting vedtok i 2011 «Regional plan for nyskapning og næringsutvikling». I denne er det nedfelt at Søve vgs skal utviklast til eit moderne fagsenter for ungdom som ønsker seg ei framtid innom lokalproduksjon og forretningsdrift basert på lokale ressursar. Ved Søve vgs er dette arbeidet starta opp, og har så langt resultert i ei rad ulike fagmøte og samlingar knytte til landbruk og landbruksrelatert næring. Mange av samlingane har vore gjennomførde i samarbeid med andre kompetansemiljø innanfor landbruk.

Annan landbrukskompetanse

Det finst fleire tunge kompetansemiljø innanfor landbruk i Telemark. Samvirke- og omsetningsorganisasjonar som Nortura, Tine og AT Skog tilbyr profesjonell rådgiving innanfor sine fagfelt. Norsk Landbruksrådgiving Østafjells(NLRØ) har stor kompetanse på mellom anna plantedyrking og jordkultur, og Fylkesmannen i Telemark har høg kompetanse på fleire ulike område innanfor landbruksnæringa. I tillegg til å vere ein viktig bidragsytar ved investeringar i landbruket er Innovasjon Norge ein aktør med solid kompetanse på investeringsøkonomi. Dei kommunale landbrukskontora representerer og verdifull kompetanse på landbruk. Det finst også tung landbruksøkonomisk kompetanse hos ulike rekneskapsfirma og rekneskapsførarar.

Likestilling

Førebelse tal for 2012, henta hos Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forsking, syner at det er 1477 personlege brukarar i Telemark. Av desse er 216 brukarar kvinner, noko

som utgjer 14,6 prosent. Delen av kvinnelege brukarar har halde seg stabil over forholdsvis mange år.

Forsking og utvikling

Landbruket er ei mangesidig næring, men med større grad av spesialiserte oppgåver enn mange andre næringar. I tillegg til å drive privatøkonomisk verdiskaping har landbruket fleire samfunnsoppgåver. Dette er forhold som kan gjere det krevjande å vurdere til dømes innovasjonsgraden i landbruket. Det er òg slik at innovasjon kan vere vanskeleg å definere og måle statistisk. Internasjonal forsking viser likevel ein tett samanheng mellom innovasjon og produktivitetsvekst. Som tidlegare omtalt i meldinga, har norsk landbruk vist ein vedvarande høg vekst i produktiviteten, på line med nesten alle norske bransjar. Det er sannsynleg at samanhengen mellom produktivitetsvekst og innovasjon kan vere grunnlaget også når ein skal vurdere innovasjonstakten i norsk landbruk. Utviklingssystema i landbruket har ei lang historie både internasjonalt og her i landet. Resultatet har vore forbetringer i produktiviteten som har verka sterkt inn på samfunnsutviklinga. Det er i dag eit samspele mellom mange ulike aktørar som driv utviklingsarbeidet i landbruket. Mykke av landbruksforsking og teknologiutvikling skjer i sterkt spesialiserte miljø. Landbruket har ei produsentorganisering og eiga rådgiving med høg profesjonalitet, som formidlar og operasjonaliserer kunnskap til næringa.

Kjelde: NILF «Innovasjon i landbruket» Notat 2012

Norsk landbruk kan vise til fleire innovasjonssystem som verkar som eit samspele mellom primærprodusenten og høgt spesialiserte kompetansemiljø. Eit døme på eit slikt samspele er utviklinga av NRF-kua. Produsentane tok sjølve plass i førarsetet for utvikling av kua, men det skjedde etter kvart i eit tett samarbeid med mellom anna husdyrkompasjonsrådgivning ved Norges Landbrukskole. Resultatet blei etter kvart ei høgtyande mjølkeku med gode bruksegenskapar og god helse. Dette er døme på eit innovasjonssystem som framleis verkar godt, og som inkluderer mellom anna mjølkeprodusentar, Tine, Geno (NRF-organisasjonen) og Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). NRF-kua og utviklinga av den norske grisene er gode døme på innovasjonssystem som har gitt sterk produktivitetsvekst i norsk jordbruk, i tillegg til at dei representerer genar som er attraktive i delar av det internasjonale husdyrmiljøet.

Telemark har ikkje noko forskingsmiljø som har landbruksretta forsking som spesialitet, men Telemarksforsking er ein institusjon som har gjennomført fleire forskings/utgreiingsoppdrag knytte til landbruket. Telemarksforsking bør vere ein framtidig ressurs med tanke på forskings- og utviklingsarbeid for landbruket i Telemark. Landbruket i Telemark har fleire sterke produsentmiljø, til dømes i frukt- og grøntnæringa, som i samspele med andre kompetansemiljø.

bør kunne drive et forskings- og utviklingsarbeid knytt til landbruket i fylket.

I Trøndelagsfylka har landbruket sjølv tatt initiativ og skipa det treårige prosjektet «Grønn forsking i Midt-Norge»(GFMN). Ein viktig bakgrunn for opprettinga av GFMN var at landbruket i Trøndelag ønskete seg ei meir aktiv rolle overfor forskinga, der næringa sjølv skulle bestille forskingsoppdrag. GFMN driv ikkje forsking sjølv, men koplar forskingsbehov i næringa med relevante forskarar. Prosjektet har hatt stor aktivitet. Skipinga av GFMN har ført til auka engasjement i næringa for forsking. Dette er ein modell for forskingsarbeid i landbruket som kan vere aktuell å kopiere for Telemark.

Økonomi

Landbruket i Telemark omfattar alt frå verksemder med millionomsetnad til verksemder som er meir hobbyprega. Naturleg nok viser derfor næringssinntekter frå landbruket stor skilnad. Tabell 4 viser næringssinntekter frå *jordbruket* i fem fylke.

Tabellen viser at gjennomsnittlege næringssinntekter frå jordbruket i Telemark ligg betydeleg under kva som er gjennomsnitt for landet, men og betydeleg under gjennomsnittet for dei andre fire fylka som er viste i tabellen. Samstundes viser tabellen at gardbrukarane i Telemark har lønsinntekter frå arbeid utanfor bruket som ligg betydeleg over snittet for landet. Dei ligg også betydeleg over lønsinntektene i Aust-Agder og Vest-Agder. Årsaka til at det er slik botnar i fleire forhold.

Svært mange av landbrukseigedomane i Telemark er små, og mange av dei har ein ekstensiv jordbruksproduksjon. Dette skapar i stor grad eit deltids landbruk/jordbruk med trong for å hente inntekter utanom bruket. Sjølv om tilgangen på arbeid har variert i Telemark, har det i fleire bygder med stort innslag av landbruksnærings vore etter måten lett tilgang på anna arbeid.

Posten «Gjeld per brukar» seier noko om investeringsevne- og vilje hos gardbrukarane. I Telemark har den gjennomsnittlege gardbrukaren eit gjeldsnivå som ligg mykje under nivået for Vestfold, og klart lågare enn nivået for landet og dei tre andre fylka i tabellen. Det er også i denne samanhengen naturleg å peike på høg grad av deltidslandbruk og ekstensiv drift som årsaker. Det høge gjeldsnivået i Vestfold kjem mellom anna av tunge investeringar innanfor svine- og fjørefproduksjon.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking(NILF) har i perioden 2006 – 2010 gjennomført driftsgranskingar på om lag 23 bruk i Telemark årleg. Bruka har ein gjennomsnittsproduksjon som i totalt volum ligg klårt lågare enn det som er vanleg i Telemark. Til dømes ligg gjennomsnittleg mjølkekubuskap på 7,2 årskyr og gjennomsnittleg sauebuskap ligg på 19,4 vinterfôra sauher. Tala som kjem fram blir derfor lite representative.

Resultata frå desse brukka viser mellom anna følgjande:

- Lønsevna per time har gått opp frå kr. 72,79 til kr. 123,70
- Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk har gått opp frå kr. 158 209 til kr. 247 324
- Driftsoverskott jordbruk har auka frå kr. 182 500 til kr. 324 812

Tabell 4. Tabellen viser inntektstal for gardbrukarar for 2011. Posten «Løn» viser løn frå arbeid utanfor gardsbruket. Kjelde: SSB

	Landet	Telemark	Vestfold	Buskerud	A. Agder	V. Agder
Bruttoinntekt i alt	511 300	503 800	643 600	554 300	485 200	482 100
Løn	218 200	269 600	265 900	241 300	218 300	228 400
Næringsinntekt jordbr.	154 000	86 700	156 200	114 900	112 200	106 400
Andre næringsinntekt.	63 800	70 800	96 100	110 400	79 100	70 100
Pensjonar	36 300	45 900	42 000	37 400	40 000	48 300
Kapitalinntekter	38 900	30 700	83 400	50 300	35 700	29 000
Gjeld i alt. Mill. kr.	66 482	1 804	3 259	3 168	921	1 620
Gjeld per brukar kr.	1.554	1.201	2.141	1.415	1.391	1.478

Tabell 5: Næringsinntekt jordbruk 2011. Kjelde: SSB

Næringsinntekt jordbruk 2011 Telemark	% vis del av brukar i Telemark	% vis del av brukar i landet
Negativ næringsinntekt	42,7	28,6
Mellan kr 0 og 54 200	20,7	17,8
Mellan kr 54 200 og 200 000	21,5	24,1
Mellan kr 200 000 og 328 500	7,7	11,9
Over kr. 328 500	7,3	17,5

- Driftsoverskott skogbruk har auka frå kr. 9 550 til kr. 26 704
- Gjelda har auka frå 1,2 til 1,7 mill. kr.

Gardbrukarar har krav på eit såkalla jordbruksfrådrag i inntekta. Jordbruksfrådraget blir gitt som eit direkte frådrag i næringsinntekt på sjølvmeldinga. Næringsinntekta må kome frå jordbruk og/eller gartneri/hagebruk. For inntektsåret 2011 var inntektsuavhengig frådrag på kr. 54 200. For næringsinntekt ut over dette beløpet vart det gitt frådrag med 32 prosent. Maksimalt samla frådrag for inntektsåret 2011 var på kr. 142 000, og vart gitt ved ei næringsinntekt på kr. 328 500. Tabell 5 viser gardsbruka i fylket grupperte etter næringsinntekt og korleis dei kan utnytte ordninga med jordbruksfrådrag

For inntektsåret 2013 er inntektsuavhengig frådrag sett til kr. 63 500. For inntekter ut over dette blir det gitt eit frådrag på 38 prosent, og maksimalt samla frådrag for 2013 er på kr. 166 400. Det har i lengre tid vore uttrykt eit ønske, frå mellom anna faglaga i landbruket, at ordninga med jordbruksfrådrag skal femne breiare, slik at også inntekter frå anna næring på garden kan bli omfatta av frådraget.

Investeringar i landbruket i Telemark

Det er stort behov for investeringar i landbruket i Telemark, og det har si årsak dels i nye offentlege krav, til dømes innanfor husdyrproduksjon. Mange av dei noverande bygningane for husdyr i fylket blei bygde dei første åra etter opptrappingsvedtaket i 1975. Fleire av desse bygningane er i praksis nedslitte, og dei har løysingar som gjer dei tungvinte å bruke med dagens krav til rasjonell drift. Det er òg bruk for investeringar i andre produksjonar i landbruket i fylket enn

innanfor husdyrproduksjonane. Det er til dømes sett i gang eit investeringsprosjekt for fruktproduksjon i Midt-Telemark.

Investeringsmidlane frå jordbruksavtala som bedriftsretta BU-tilskott og låneramme for rentestønad blir forvalta av Innovasjon Norge. BU-tilskott for utviklingstiltak blir forvalta av fylkesmannen.

Tabell 6 syner investeringsmiddel givne av Innovasjon Norge Telemark for 2012. For dette året er det egg- og saueproduksjon som totalt sett mottar mest av investeringsmidlane. For åra 2009 – 2011 har biletet vore noko annleis, da til dømes mjølkeproduksjon fekk betydeleg større tilskottsmiddel enn i 2012. I 2012 vart det og gitt betydelege investeringsmiddel til svin- og storfekkjøproduksjon.

Investeringstilskott blir gitt med inntil 30 prosent av godkjent kostnadsoverslag, avgrensa oppover til kr. 900 000. Frå og med 2014 er maksimalt investeringstilskott heva til 1 mill. kr. og prosentsatsen er auka til 33 prosent.

Innovasjon Norge Telemark hadde i 2012 eit mål om å auke andelen investeringsmiddel til tilleggsnæringar. For 2012 låg andelen av tilskott til tradisjonell næring på 86,8 % av den totale tilskottssramma, medan talet for 2011 var 86,2 %. I 2010 tok tradisjonell næring imot 84,1 % av rentestøtta. I 2011 auka dette til 100 %, som òg er nivået for 2012. Det er derfor grunn til å konkludere med at målet ikkje vart nådd for 2012. I 2011 gjennomførte Innovasjon Norge Telemark et innovasjonsseminar for å auke interessa for bygdenæringer. Fokus var på innovasjon i næring som er basert på lokale ressursar. I 2013 er det planlagt nye tiltak for å auke interessa og merksemda omkring bygdenæringer.

Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

Tabell 6: Investeringsmiddel for 2012 gitt av Innovasjon Norge Telemark. Fordeling på næringsgreinar. Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

Næringsgrein	Tilskott	% av tot.	Rentestøtte	% av tot.	Lån
Kumjølk	1 800 000	14	6 270 000	22	9 305 000
Egg	2 670 000	21	10 800 000	37	4 600 000
Sau	3 011 000	23	4 175 000	14	1 800 000
Vidareforedl./kultur/oppl.	852 000	7			740 000
Kultur/reiseliv/ oppleveling					
Inn på Tunet	218 000	2			
Storfe anna	1 299 000	10	5 050 000	17	4 500 000
Frukt/bær	720 000	6			500 000
Hjort	76 000	1			
Svin	912 000	7	2 820 000	10	940 000
Anna	1 265 000	10			
Sum	12 823 000	100	29 115 000	100	22 385 000

Bruken av jordbruksareal i Telemark

Generelt

Tal for 2012 viser at samla landbruksareal i drift på landsbasis ligg på om lag 9,9 mill. dekar. Nedgangen er på vel 73 000 dekar samanlikna med arealtala for 2011, tilsvarande ein reduksjon på 0,7 prosent. Dette er ein noko større reduksjon enn nedgangen frå 2010 til 2011, som var på 63 000 dekar. Tal frå perioden 2006 – 2012 syner at det har vore ein nedgang i alle fylke om ein ser bort frå Oslo. Størst prosentvis reduksjon finst i Møre og Romsdal, Troms, Nordland og Sogn og Fjordane. Om lag 90 % prosent av jordbruksarealet i Noreg blir nytta til produksjon av fôr til husdyr.

Kjelde: SLF

I Telemark er om lag 1,6 % av arealet landbruksareal. Ved starten på 2012 var jordbruksarealet i drift i Telemark i overkant av 244 000 dekar. I perioden 2006 – 2012 har det vore ein nedgang i jordbruksareal i drift på om lag 9 400 dekar (- 3,71%). Det er fleire årsaker til nedgangen. I perioden frå 2003 har det vore tatt i bruk nytta digitalt kartverk for å forbetre kontrollgrunnlaget for arealtilskott. Målet er at alle kommunar i landet skal ha tatt i bruk det nye kartverket i 2013. Arealmålingar frå perioden 2005 – 2011 syner ein gjennomsnittleg reduksjon av jordbruksareal i drift på 2,8 % for kommunane det året dei tok i bruk det nye digitale kartverket. For andre kommunar var nedgangen på 0,1 % i snitt. I Telemark skal alle kommunar no ha tatt i bruk nytta digitalt kartverk. Spesielt i vest Telemark var det til dels stort sprik mellom tidlegare registrerte tal for jordbruksareal og det som vart registrert ved overgang til digitalt kartverk. Nytt kartverk viser eit mindre jordbruksareal enn det som tidlegare har vore registrert. I Grenlandsområdet var det stort samsvar mellom tidlegare registrerte tal for jordbruksareal, og kva som vart registrert ved overgang til digitalt kartverk.

Det er vanskeleg å talfeste kva som er reell nedgang i jordbruksareal i Telemark og kva som er resultat av meir nøyaktige opplysningar i nytt kartverk. Det er likevel eit faktum at ein del marginale areal er tatt ut av drift, og at ein del areal står i fare for å bli tatt ut av drift.

Det er fleire årsaker til avgang av jordbruksareal. Omdisponering og nedbygging av dyrka jord er ein viktig årsak. Dette blir omtala nærare annan stad i meldinga. Ei anna viktig årsak er at areal blir tatt ut av bruk og ikkje lenger haldne ved like. Ein av grunnane til at slikt skjer i Telemark er ofte dårlig arrondering av arealet som gjer det tungvint å bruke med aukande storleik på traktor og reiskap. I denne samanhengen må nemnast at aukande vekter på traktor og reiskap gir størr fare for pakking av jord som i utgangspunktet har dårlig/svakt dreneringssystem. Tung reiskap kan òg føre til at eksisterande dreneringssystem bryt saman. Konsekvensen vil vere at jorda på kort tid blir ubrukeleg som dyrkjingsjord, og derfor blir tatt ut av drift. Ei annan årsak til avgang av jordbruksareal er at jordstykka ligg avsides til og med tungvinn kjøreveg.

Eit jordbruksareal som er tatt ut av bruk vil etter kvart gro att. Kor raskt ein slik prosess går, er avhengig av fleire tilhøve som næringstilstand, jordtype og klima. Jordbruksareal som gror att er i praksis tapt som areal for produksjon. I Telemark, som i mange andre stader i landet, går det føre seg ei aukande attgroing.

Tabell 7 syner at arealet med grønsaker og frukt og bær held seg på eit relativt stabilt nivå. Arealet med potet syner ein trend med reduksjon i areal. Tal på dekar med grovfôr varierer ein del innanfor fem års perioden, men om ein samanliknar med tal for 2002 (154 558 dekar) har areal med grovfôr auka monaleg. Dette har skjedd trass i at det har vore ein reduksjon i talet på drøvtyggjarar. Ein del av auken kan forklarast med produksjon av hestefôr. Det er først og fremst i Grenland og Midt-Telemark grovfôrproduksjonen har auka i staden for kornproduksjon. For kornproduksjon har det vore ein dramatisk nedgang i arealet i Telemark. For femårsperioden er nedgangen på 7485 dekar eller i overkant av 9 %. I 2002 var kornarealet i Telemark på 95 589 dekar. Nedgangen i tiårsperioden har vore på 24 %. Nedgangen i kornproduksjon gir grunn til uro, først og fremst fordi nedgangen i kornareal bidrar til ein lågare grad av sjølvforsyning. Dyrking av gras til hestefôr på god kornjord er ei tvilsam utvikling når det gjeld sjølvforsyning.

Arealstatistikk henta frå søknadar om produksjonstilskott i 2012 for Telemark syner følgjande fordeling på areal og vekstar:

Tabell 7:Tal i dekar for ulike vekstgrupper i Telemark dei siste fem åra. Kjelde: Statens landbruksforvaltning

	Grovfôr	Korn	Potet	Grønsaker	Frukt og bær
2008	163 987	80 169	2 784	1 260	4 862
2009	165 473	78 251	2 267	1 376	4 951
2010	163 643	76 064	2 402	1 420	4 890
2011	160 771	74 909	2 331	1 305	4 781
2012	162 291	72 684	2 138	1 247	4 924

Beiting og beitebruk

I Meld. St. 9 (2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken» er det lagt stor vekt på beiteressursane i utmarka, og at utnyttinga av desse må aukast. I meldinga blir det mellom anna peika på at det i dag blir hausta fôr frå utmarksbeite lik grasproduksjonen på ca. 1 mill. dekar innmark. Meldinga konkluderer også med at den matproduksjonen som skjer som ein resultat av beiting i utmark, er eit viktig bidrag til vår nasjonale sjølvforsyning. Det kjem fram at beitinga har samfunnsnytte i form av kulturlandskapspleie og at denne funksjonen vil få større verdi i tida som kjem. Meldinga seier at det er eit forhold som vil gjere det meir naudsynt med tilrettelegging og involvering på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

Telemark har store ressursar i form av beite til husdyr, ikkje minst finst det store areal med utmarksbeite. Det er lange tradisjonar i Telemark for å nytte utmarksbeite, og beitebruk har vore ein kulturerbar i landbruket i Telemark. På mange gardar er det òg mykje areal i form av til dømes bratte jordteigar og ravinedalar. Dette er areal som i mange tilfelle eignar seg best til beiting. Fleire stader er dette areal som har grodd att eller som er i ferd med å gjere det. Resultatet er forandring av kulturlandskapet og ein reduksjon av det biologiske mangfaldet. Beiterett og gjerdehald kan vere konfliktfylt, og fleire stader kan dette vere til hinder for god beitebruk. Ein eigedomsstruktur med til dels sterkt oppstykkja utmarksteigar, gjer at det fleire stader er vanskeleg å få til god utnytting av utmarksbeite

Tabell 8 syner talet på dyr på beite (innmarksbeite og utmarksbeite) i Telemark frå og med 2008 til og med 2012.

Kolonna «Tal kyr» syner både mjølkekryr og ammekryr. Sjølv om det vore ein sterk nedgang i talet på mjølkekryr, har det vore ein vekst i talet på ammekryr. Det totale tal beitande kyr

har derfor vore forholdsvis stabilt i perioden 2008 – 2012.. Det same kan seiast om «andre storfe», som i stor grad er beitande ungdyr. Talet på beitande geiter og beitande hestar har vore nokså stabilt i femårsperioden som er synt i tabellen. Det er først og fremst talet på sauher og lam på beite som har hatt ein markant nedgang i perioden. Vaksne sauher på beite er redusert med 2388 dyr, eller nesten 11 prosent. Lam på beite er redusert med 4475 dyr, noko som svarar til ein nedgang 12,4 prosent. Tabell 9 nedanfor syner tal dyr på utmarksbeite i perioden frå 2008 til 2012. Tabellen syner ei forholdsvis stabil utvikling for storfe, geit og hest, men ein markant nedgang i tal sauher på utmarksbeite. Ei slik utvikling aukar faren for at utmarksareal gror att. Grunnane til at talet på sauher har blitt redusert blir omtala nærmare annan sted i meldinga, men svak økonomi og rovdyrtrap kan peikast på som årsaker.

Bruksstorleik – eigen jord - leigejord

I Telemark har gjennomsnittleg jordbruksareal per jordbruksbedrift auka frå 45 dekar i 1969 til 159 dekar i 2012. For landet var gjennomsnittleg jordbruksareal per jordbruksbedrift i 2012 på 222 dekar. Akershus er det fylket som har størst jordbruksareal per jordbruksbedrift med 336 dekar, medan Hordaland har minst jordbruksareal per jordbruksbedrift med 125 dekar.

Kjelde SSB Strukturen i jordbruket

Før 1950-talet skjedde jordleige i hovudsak ved forpakting av heile landbrukseigedomar, medrekna bustadhus og driftsbygning. Gjennom heile etterkrigstida har omfanget av leigejord auka. I 1959 leide til dømes 13 prosent av jordbruksbedriftene jordbruksareal, og det leide arealet var 12 prosent av det totale jordbruksarealet i drift. Om lag 50 år seinare leide 65 prosent av jordbruksbedriftene jordbruksareal, og 42 prosent av jordbruksarealet i drift var leid. Kjelde: SSB «Landbruket i Norge 2011»

Tabell 8:Tal på dyr på innmarks- og utmarksbeite i Telemark. Kjelde: Produksjonstilskot i landbruket, Statens Landbruksforvaltning.

	Tal kyr	Tal andre storfe	Tal vaksne sauher	Tal lam	Tal geiter	Tal hestar
2008	4 494	5 904	22 466	36 129	1 884	1 677
2009	4 361	5 786	21 975	36 049	2 505	1 775
2010	4 437	6 023	21 446	35 554	2 198	1 758
2011	4 363	6 144	20 772	35 190	2 523	1 834
2012	4 355	6 033	20 078	31 654	2 393	1 892

Tabell 9:Tal dyr på utmarksbeite i Telemark. Kjelde: Produksjonstilskot i landbruket, Statens Landbruksforvaltning.

	Tal kyr	Tal andre storfe	Tal vaksne sauher	Tal lam	Tal geiter	Tal hestar
2008	1 541	2 462	20 258	33 057	1 884	383
2009	1 574	2 453	20 189	33 588	2 108	342
2010	1 593	2 468	19 644	33 187	2 013	460
2011	1 537	2 363	18 770	32 116	2 345	439
2012	1 779	2 726	18 359	29 372	2 253	467

Innanfor for fleire produksjonar er det i seinare år etablert driftsstrukturar som heng därleg saman med eigedomsstrukturen, noko som har medført eit aukande omfang av leigejord. Mjølkeproduksjon er eit døme på ein produksjon der utviklinga har ført til ein auka etterspurnad på areal. I mange tilfelle blir dette løyst ved omfattande leige av jord.

I Telemark er 54 prosent av jordbruksarealet som er i drift, leigd areal. For landet er det same talet 42 prosent. Talet viser at mange eigarar av jordbruk i Telemark vel å sette bort drifta av jordvegen til andre. Grunnane til dette er samansette, mellom anna at mykje av det leigde arealet hører til små gardar der det er vanskeleg å skape drift med lønsemd. Ein annan grunn er knytt til eigarskifte, når ny eigar er etablert i annan jobb og ikkje ønsker eller ikkje har moglegheit for å drive eigedomen sjølv. I Telemark er leigd areal per jordbruksbedrift som leiger jord på 135 dekar. For landet ligg talet på 138 dekar.

Kjelde: SSB Landbrukstelling 2010

Tabell 10: Dyrka jord og dyrkbar jord omdistonert til andre føremål enn landbruk. Kjelde: SSB «Kommunal forvaltning av landbruksarealer 2012»

	Dyrka jord	Dyrkbar jord
2005	224	194
2006	157	29
2007	249	89
2008	50	117
2009	164	584
2010	67	645
2011	89	74
2012	228	23
Sum	1228	1755

Tabell 11: Omdistonert dyrka jord til andre føremål enn landbruk i perioden 2005 – 2012. Kjelde: SSB «Kommunal forvaltning av landbruksarealer 2012»

Kommune	Tal dekar	Kommune	Tal dekar
Porsgrunn	20	Drangedal	20
Skien	159	Tinn	128
Siljan	2	Hjartdal	125
Bamble	52	Seljord	2
Nome	130	Kviteseid	14
Bø	174	Nissedal	11
Sauherad	96	Fyresdal	6
Notodden	99	Tokke	10
Kragerø	115	Vinje	65

Tabell 12: Godkjent nydyrka areal i perioden 2005 – 2012. Kjelde: SSB Nydyrkning

Buskerud	Vestfold	Aust Agder	Vest Agder	Rogaland
2 175 dekar	926 dekar	2996 dekar	3031 dekar	16 011 dekar

Å kunne leige jord har styrkt driftsgrunnlaget for mange, og det har vore avgjerande for vidare satsing på matproduksjon på eigen gard. Dei negative sidene ved leige av jord er mellom anna at ein del brukarar får mykje køyring til og frå dei leigde areaala.

Det er òg ei utfordring at leigd jord blir skjøtta på ulik måte. Mange av dei som leiger jord har eit stort driftsomfang og dei treng traktor og reiskap med stor kapasitet. Ofte er dette maskinar med stort volum og høg vekt. Slike utstyr høver därleg på marginale og tungdrivne areal (småareal, bakkar, kantareal). Når jordeigaren vel å leige ut jorda, går slike areal ofte ut av drift, fordi det vanskeleg lar seg drive med større maskinar og fordi eigaren ikkje ønsker å drive slike restareal sjølv. Det er òg gjort undersøkingar av Skog og Landskap (Norsk institutt for skog og landskap) som viser at leigd jord sjeldnare blir grøfta og at hydrotekniske anlegg blir därleg haldne ved like. Undersøkingane viser at leigd jord generelt blir skjøtta därlegare enn eigd jord. Kjelde: Skog og landskap

Jordvern og disponering til anna føremål enn matproduksjon

I perioden 2005 – 2011 har det på landsbasis etter jordlova og etter plan og bygningslova vorte omdistonert 97 126 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Det gir eit snitt på 13 875 dekar per år i sjuårsperioden. I 2005 vart det omdistonert 17 626 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk, medan det i 2011 vart omdistonert 10 542 dekar. For 2011 gir det eit snitt på 585 dekar per fylke. Sjølv om det har vore ein markant nedgang i dyrka jord og dyrkbar jord omdistonert til andre føremål enn landbruk, er det likevel eit stykke igjen for å nå målsettinga slik den kjem til uttrykk i Meld. St.9 (2011 – 2012) Landbruks- og matpolitikken. I stortingsmeldinga er det sett eit nasjonalt mål om å avgrense omdistonering av dyrka og dyrkbar jord til under 6000 dekar per år.

Om lag 25 prosent av omdisponert areal blir nytta til bustadføremål, 21 prosent til anna næringsverksem enn landbruk og matproduksjon og 18 prosent går til ulike slag infrastrukturtiltak.

I Telemark har det i perioden 2005 – 2012 vorte omdisponert totalt 1228 dekar dyrka jord, og 1755 dekar dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Til saman er dette 2983 dekar, noko som gir eit gjennomsnitt på 372 dekar årleg.

Tabell 10 viser dekartal dyrka jord og dyrkbar jord som er omdisponert til andre føremål enn landbruk i perioden 2005 – 2012.

Tabell 9 syner at talet på dekar dyrka jord og dyrkbar jord som blir omdisponerast til andre føremål enn landbruk, varierer relativt mykje frå år til år. Telemark har i 2012 eit jordbruksareal i drift på 244 384 dekar. Omdisponert dyrka jord i 2012 representerer om lag 0,09 prosent av jordbruksarealet i drift. Talet i dekar omdisponert dyrka jord i Telemark i 2012 kan synast lite, og samanliknar ein Telemark med andre fylke, vil ein registrere at det i fleire andre fylke blir omdisponert mykje meir dyrka jord til andre føremål enn landbruk. Fleire av desse fylka har likevel eit jordbruksareal i drift som er monaleg større enn i Telemark.

Når den framtidige matproduksjonen i Noreg skal vurderast, vil den globale matsituasjonen vere eit viktig bakteppe. Kornproduksjonen, og spesielt produksjonen av matkorn, er ein viktig faktor for sjølvforsyning og mattrøyggleik i landet. Produksjon av matkorn i Noreg kan i praksis berre skje i dei beste jordbruksstroka. I klimasone 1(klimasone for korndyrking), det området i landet som høver aller best til dyrking av matkorn, er det lite dyrkingsreservar. Det er med andre ord lite areal igjen i Noreg som høver godt til dyrking av matkorn. Når areal av slik kvalitet blir bygd ned, er det liten moglegheit for å erstatte desse areala ved nydyrkning. Mykje av den dyrka jorda i klimasone 1 ligg tett opp mot stader med sterkt konsentrert folkesetnad og er ofte utsett for sterkt press. Heile 73 prosent av det dyrkbare arealet i landet ligg i ei klimasone som er ueigna for dyrking av matkorn.

Tabell 11 syner omdisponert dyrka jord til andre føremål enn landbruk i kommunane i Telemark i perioden 2005 – 2012.

Tabell 11 syner at det er nokså stor variasjon mellom kommunane i Telemark når det gjeld å omdisponere dyrka jord til anna enn landbruksføremål. I Telemark finn ein dei beste områda for dyrking av matkorn i dei nedre og midtre delane av fylket. Fleire av kommunane i desse områda er av dei kommunane i Telemark som har omdisponert mest dyrka jord til andre føremål enn landbruk i perioden 2005 – 2012. Kommunane Bø, Nome og Skien er blant dei beste kommunane i Telemark når det gjeld gode naturgitte tilhøve for matproduksjon. Det er òg dei kommunane som har omdisponert mest dyrka jord til anna enn landbruk. Grunnane

til at dyrka jord og dyrkbar jord blir omdisponert til anna enn landbruk i Telemark er fleire, men føremåla er mykje av dei same som ein registerer på landsbasis; bustader, anna næringsverksem enn landbruk, ulike slag teknisk infrastruktur og samferdselstiltak.

Hovudansvaret for å ta vare på jordressursane ligg hos kommunane. Gjennom si vedtaksmakt etter Plan- og bygningslova og Jordlova må kommunane sikre at nasjonale målsettingar om vern av dyrka jord blir nådd gjennom lokal planlegging og forvaltning.

Høyringsinstans for saker behandla etter Plan- og bygningslova og Jordlova er fylkesmannen. I saker der jordvernet ikkje blir tatt nok omsyn til, kan fylkesmannen ha motsegn, noko som kan medføre at saka blir send Landbruks- og matdepartementet for avgjerd. Fylkesmannen har òg rett til å klage på vedtak kommunen har gjort om dispensasjon frå kommuneplan. Med bakgrunn i forvaltningslova kan fylkesmannen gjere om vedtak kommunen har gjort ut frå jordlova. I fleire kommunar har landbrukskompetansen vorte bygd ned dei seinare åra, noko som kan gi fylkesmannen ei enda meir sentral rolle framover når det gjeld jordvernsaker.

Nydyrkning

I perioden 2005 – 2012 er det nydyrka 830 dekar jord i Telemark. I den same perioden er 2983 dekar dyrka jord og dyrkbar jord omdisponerte til anna føremål enn landbruk. I tillegg har areal gått ut av bruk på annan måte. Det er i Vinje kommune det er nydyrka mest areal i perioden med totalt 307 dekar. Deretter kjem kommunane Hjartdal og Tokke med høvesvis 143 dekar og 130 dekar. I dei fleste av våre nabofylke har det vore monaleg meir nydyrkning. Tabellen nedanfor syner omfanget av nydyrkning i fem av nabofylka til Telemark.

Tabell 12 syner mellom anna at Rogaland ligg i ein særklasse når det gjeld nydyrkning. Ei viktig årsak til nydyrkning i Rogaland er eit stort behov for spreieareal for husdyrgjødsel.



Foto: Marita Brunn

HUSDYRPRODUKSJONANE

Mjølkeproduksjon

Status

Med omsyn til arbeidsforbruk, produksjonsinntekter og bruken av jordbruksarealet er mjølkeproduksjonen beregjelken i norsk jordbruk. Telemark har gode naturgitte føresetninger for produksjon av kumjølk. Store areal i fylket høver best for grasdyrking og beitebruk. Det såkalla opptrappingsvedtaket som Stortinget fatta i 1975, gjorde at det vart satsa etter måten tungt på mjølkeproduksjon i fleire kommunar i Telemark. Satsinga førte mellom anna til ei stor ombygging og nybygging av fjøs. I nokre kommunar vart det òg dyrka opp store areal, mellom anna til fellesbeite. I kjølvatnet av opptrappingsvedtaket vart det etablert velferdsordningar som gjorde at mjøkeprodusenten i noko større grad fekk tilgang til ferie og fritid. Telemark har likevel aldri vore noko stort fylke innanfor mjølkeproduksjon. Ein av grunnane til det er at det vore lett å få anna arbeid som ein kunne kombinere med ein meir ekstensiv drift av garden enn mjølkeproduksjon.

Over tid har det vore ein markant nedgang i talet på kyr og bruk med mjølkeproduksjon i Telemark. Særleg på 2000 talet har nedgangen vore merkbar.

I Tabell 13 er det vist sentrale nøkkeltall for 2003 og 2013. I perioden 2003 til 2013 har talet på gardsbruk med mjølkekryr vorte redusert med nesten 54 prosent, medan kyrtalet har gått ned med i overkant av 22 prosent. Kyr per buskap har auka med nesten 70 prosent. Avdråtten per ku har auka med vel 13 prosent. Nedgangen i buskapar og mjølkekryr i Telemark er blant dei største i landet. Det er samansette grunnar til denne utviklinga. Det kjem mellom anna av lett tilgang på anna arbeid, svak økonomisk utvikling i mjølkeproduksjon, men òg ei teknologisk utvikling som moglegger produksjon i større eininger. Nedgangen har samanheng med at det er eit stort behov for og krav til investeringar på mange mjølebruk i Telemark. Mange av desse bruka har eit produksjonsgrunnlag som er for lite til å kunne svare for kapitalkostnader knytte til ei nyinvestering. I øvre delar av Telemark er det også knapt med godt arroderete areal, og det er med på å forklare nedgangen i mjølkeproduksjon. Strukturutviklinga følgjer også kor mykje kjøp og sal som er mogleg, samt leige av mjølkekryter. I 2011 var det registrert 10 samdrifter i Telemark med mjølkeproduksjon på ku.

Sjølv om nedgangen i mjølkeproduksjon har vore sterkare i Telemark enn resten av landet, er denne produksjonen med sine snaue 67 mill. kr. i bruttoprodukt størst når det gjeld verdiskaping i jordbruket i Telemark.

NILF «Verdiskaping i landbruk, og landbruksbasert virksomhet i Telemark»

Nedgangen i talet på kyr og bruk med mjølkekøysproduksjon har medført ein nedgang i den totale produksjonen av mjølk i Telemark. Mjølkekøysproduksjonen i Telemark står for ca. 0,9 prosent av landets totale produksjon av mjølk. I 2012 vart det vegg inn ca. 13,5 mill. liter mjølk frå Telemark, medan ein ti år tidlegare vogg inn om lag ein million liter meir. Tala syner likevel ein stor effektivitetsauke i denne produksjonen.

Gjennomsnittleg buskapsstorleik i Telemark har auka frå om lag 12 kyr i 2003 til i overkant av 20 kyr i 2013. Det er likevel kraftig variasjon i buskapsstorleik i fylket. Tinn og Hjartdal er dei kommunane i Telemark med flest mjølkekubuskapar (13 i kvar kommune), medan Skien er kommunen med flest kyr (ca. 300). I kommunane Sauherad og Nissedal er det ingen som lenger driv mjølkekøysproduksjon, og i Siljan er det berre att ein brukar med ku.

Kjelde: Statens landbruksforvaltning Produksjonstilskot - statistikk

Kvoteordninga for mjølk vart etablert med verknad frå 1. januar 1983. Hovudformålet med kvoteordninga er å tilpassa produksjonen av kumjølk og geitemjølk til etterspurnaden frå marknaden. Alle som har ein landbrukseigedom, kan starte opp med mjølkekøysproduksjon på ku. Det kan dei gjere ved å kjøpe kvote i omsetningsrunden, eller ved leige av kvote. Det finst grunnkvote og disponibel kvote. Mjølkekryterne blir regulerte ved bruk av forholdstal som Landbruks- og matdepartementet fastset i samråd med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Hovudregelen er at disponibel kvote ikkje kan bli større enn 400 000 liter for eit einskilt bruk eller føretak, medan samdrifter har eit produksjonstak på 750 000 liter. Berekna disponibel kvote for Telemark i 2013 er i overkant av 15 mill. liter, og gjennomsnittskvole per føretak er på 139 500 liter. Gjennomsnittleg disponibel kvote på landsbasis for 2013 er på 170 400 liter. Frå 1998 har gjennomsnittskvole per føretak i Telemark vakse med 163 % frå dåverande nivå, som var 53 000 liter per føretak.

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Mogleg utvikling av mjølkekøysproduksjonen i Telemark

Korleis norsk mjølkekøysproduksjon og strukturen i den vil utvikle seg framover, er avhengig av fleire forhold. To viktige faktorar er dei politiske verkemidla og det totale produksjonsvolumet. Det er eit nasjonalt politisk mål at den landbaserte matproduksjonen skal auke i takt med befolningsauken. (20 prosent auke i matproduksjonen dei neste 20 åra.) Fram til nå har likevel auka import dekt opp det auka inntaket

Tabell 13: Nøkkeltall for mjølkekøysproduksjon i 2003 og 2013 1)Statens landbruksforvaltning Produksjonstilskot statistikk 2) Tine SA

År	2003	2013
Tal buskapar med ku 1	233	108
Tal mjølkekryr 1	2827	2202
Tal kyr per buskap 1	12,1	20,4
Årsavdrått, kg2	6177	6985

av meieriprodukt. I 2011 vart det til dømes importert ost som svarar til mjølkeproduksjon frå 12 500 kyr med ein gjennomsnittleg årsavdrått på 7200 kilo per kyr.

AgriAnalyse Stagnasjon i norsk produksjon – importvolum i vekst

Ein må vente ein ytterlegare nedgang i tal på buskapar og auka yting per buskap. Eit mogleg framtidsbilete for Telemark 10 – 12 år fram i tid er at gjennomsnittsbuskapen har vakse med nye 70 % til 32 kyr, og at avdråtten har auka med 15 prosent til 8000 kg per ku (gir ca. 7400 liter levert mjølk per ku). Om ein føreset at disponibel kvote ligg på om lag same nivå som i dag (ca. 15,3 mill. liter) og at denne blir nytta fullt ut, vil produksjonen av mjølk i Telemark skje frå om lag 2000 kyr, fordelt på om lag 65 buskapar. Om ein derimot føreset at dei disponibele kvotene på mjølk blir auka med 10 prosent i Telemark, som ei følgje av dei nasjonale målsettingane om auka landbasert matproduksjon, og at buskapsstorleiken framleis er 32 kyr og yting per kyr er 8000 kg, vil mjølkeproduksjonen i Telemark skje på om lag 70 buskapar.

Innan 2024 er det eit krav om at alle kyr skal gå lause. I 2012 er det ca. 900 kyr fordelt på om lag 25 bruk som står i lausdriftsfjøs. Om lag 1250 kyr i Telemark står ennå i båsfjøs. Sams for mange av desse fjøsa er at det er stor trøng til fornying. Om vi ser på kostnadene ved å bygge om til lausdrift for dei kyrne som i dag står på bås, får vi eit innblikk i kapitalbehovet dei neste 10 – 12 åra. Ein gjennomsnittleg kostnad for nybygg til mjølkeyr ligg på om lag kr. 180 000,- per kyr. Det gir eit totalt kapitalbehov i Telemark på om lag 220 mill. kr. Dei regionale bygdeutviklingsmidlane som Innovasjon Norge forvaltar, er ei viktig kjelde til finansiering av nye bygg for mjølkeproduksjon. Kvar utbygging kan overbygdeutviklingsmidlane få eit investeringstilskott på maksimalt 33 prosent av investeringsprosjektets totalkostnad, avgrensa til 1 mill. kr per utbygging. Tabell 14 syner løyvingar til investeringar i mjølkeproduksjon i Telemark, fordelt gjennom Innovasjon Norge.

I snitt har Innovasjon Norge Telemark løyvd kr. 3,84 mill. per år til tilskott knytt til mjølkeproduksjon. I tillegg er det løyvd rentestøtte med 0,7 prosent innanfor varierande lånerammer. Det er også løyvd større lån til investeringar knytte til mjølkeproduksjon. Det har vore løyvd middel til både større og mindre investeringar. Frå og med 2010 er det også gitt tilskott til 10 timer gratis rådgiving for mjølkesprodusentar som planlegg å investere i produksjonen. I 2010 vart det løyvd stønad til 43 slike rådgivingssaker.

Dei fleste større utbyggingane i mjølkesproduksjon i Telemark dei siste åra har vore for ein buskapsstorlek på 40 – 50 kyr. Nokre har vore større enn det. Det er grunn til å rekne med at større utbyggingar/investeringar innanfor mjølkesproduksjon i Telemark dei neste 10 – 12 åra vil ligge på ein slik storlek. Det er fleire grunnar til det, men først og fremst handlar det om utnytting av stordriftsfordelar og totaløkonomi for det einskilde gardsbruket. Kostnadane for investeringar i bygningar for 40 – 50 mjølkeyr vil ofte ligge på 7 – 10 mill. kr. Dette er tunge økonomiske løft som krev god planlegging og gode finansieringsløysingar.

Ein buskapsstorlek på om lag 50 kyr er grunnlag for investering i mjøkerobot. I dag er det ca. 10 mjølkesproduksjonsbruk i Telemark som har fjøs med mjøkerobot. Mjøkeroboten tar bort eit fysisk krevjande arbeid morgen og kveld, og den gjer at mjølkesprodusenten får ein friare kvardag som er lettare å tilpasse til dømes sosiale aktivitetar på kveldstid. Om ein føreset at det blir bygd lausdriftsfjøs for dei 1250 kyrne som i dag står bundne, og at utbyggingen vil skje med om lag 50 kyr per bruk med ei mjølkeyting på 8000 kg per kyr, vil mjølkesproduksjonen frå desse kyrne gå føre seg på 25 bruk. Når vi så veit at det i dag finst 25 gardsbruk der kyrne står i lausdriftsfjøs, vil ei mogleg utvikling i Telemark vere at mjølkesproduksjonen på noko lengre sikt vil skje på om lag 50 gardsbruk. Det er ei halvering av mjølkebruk i forhold til dagens situasjon. Ein reduksjon i talet på mjølkeyr fører og til at det blir færre kalvar fødde, noko som gir ein lågare produksjon av storfekjøt. Dette forholdet forklrar mykje av dagens underskottssituasjon for storfekjøt.

Det er fleire teikn som tyder på at det er i ferd med å skje eit hamskifte i den norske mjølkesproduksjon, der større delar av produksjonen blir flytt frå dal- og fjellbygder til meir sentrale jordbruksstrok på Austlandet, Jæren og Trøndelagsfylka. Vi ser mykje av denne utviklinga også i Telemark. I fleire kommunar er det att svært få mjølkesprodusentar, og det er sannsynleg at det blir fleire kommunar utan mjølkeyr. Tokke og Tinn er døme på kommunar der all mjølkesproduksjon kan vere avvikla over av ein periode på 10 – 12 år. Det er også å vente ein ytterlegare nedgang i produsenttalet i andre område av fylket. Dette heng mellom anna saman med at det er gjennomgåande små produksjonseiningar med stor trøng for fornying av driftsapparatet. Ved bortfall av mjølkesproduksjon må den dyrka jorda nyttast til anna produksjon for at areala ikkje skal gro att.

Tabell 14: Løyvingar til mjølkesproduksjon – Innovasjon Norge. Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

År	2009	2010	2011	2012
Løyvd tilskott	3 907 000	6 018 500	3 595 850	1 800 000
Låneramme, rentestøtte	4 650 000	31 865 000	9 750 000	6 270 000
Løyvd lån	7 335 000	20 675 000	11 800 000	9 305 000

Alternativ bruk av dyrka jord synest å vere ei større utfordring i øvre og vestre deler av fylket enn i dei midtre og nedre delane.

Den teknologiske utviklinga har gjort det mogleg å etablere etter måten store eininger for mjølkeproduksjon, med ein arbeidsinnsats knytt til sjølve arbeidet i fjøset som er akseptabel. Landbruket i Telemark er likevel prega av ein småbruksstruktur som heng klart saman med topografin. Dei færreste har store nok ressursar i eigen gard for å etablere mjølkeproduksjon basert på 40 – 50 kyr. Behovet for grovfôr må i stor grad bli møtt ved leige av jord. Somme produsentar har såpass lang kjøreveg til delar av den leide jorda, at ein må sette spørsmålsteikn ved om dette er ein stordriftslempa. Etablering av så store driftseiningar innanfor mjølkeproduksjon kan òg skape vanskar med omsyn til beitedrift i sommarhalvåret. Dels vil slike vanskar vere knytte til at høvelege areal for beiting er for knappe, og dels kan det skuldast at robotmjølking og beitebruk kan vere vanskeleg å kombinere. Ei mogleg løysing for å ivareta regelverket om uteliv for mjølkekju om sommaren, er etablering av luftegardar med støyplatting på utsida av fjøset, der dyra får tilkjørt ferskt gras. Det kan i høgaste grad diskuterast om det er eit framsteg med tanke på velferd for mjølkekua, og det er ei tvilsam utvikling med tanke på kor mykje areal som behøver beitande dyr.

Det blir ei stor oppgåve å oppretthalde ein framtidig mjølkeproduksjon i Telemark innanfor ein variert bruksstruktur. Å halde oppe mjølkeproduksjonen ser ut til å vere mest utfordrande i dei øvre og vestre delane av fylket. Om ein skal klare å oppretthalde ein framtidig struktur i mjølkeproduksjon som òg omfattar buskap på om lag 20 kyr, må dei økonomiske verkemidla for dei mindre driftseiningane styrkast monaleg. Dette og andre forhold for å oppretthalde mjølkeproduksjonen blir nærmare omtala under kapittelet om tiltak.

Storfekjøtproduksjon

I Telemark har det i perioden 2003 – 2013 vore ein nedgang i talet på mjølkekjr på 625 dyr (22 %). I og med at færre mjølkekjr gir færre fødde kalvar, fører ein slik nedgang på mjølkekjr i utgangspunktet til redusert produksjon av storfekjøt. Samstundes har det vore ein nedgang i talet på anna storfe (ungdyr) med 355 dyr. I den same tidsperioden har ammekyr for

spesialisert kjøtproduksjon auka med om lag 900 dyr (66,5 %). Det skulle tilseie at det er eit bra potensial for å auke produksjonen av storfekjøt i Telemark. Tabell 15 syner utviklinga for ammekyr og anna storfe i Telemark i perioden 2003 – 2013.

Tabell 15 syner at buskapar med ammekyr har auka svakt og at buskapane har vorte større. Tal for anna storfe er ungdyr i mjølkekju- og ammekubuskapar, samt storfe i buskap der brukaren baserer drifta på innkjøpt kalv for oppføring til liv eller slakt. Det er stor variasjon i storleik på buskapane med ammekyr. Det varierer frå nokre få ammekyr, fleire stader i kombinasjon med mjølkekjr, til buskapar med 40 – 50 mordyr. Buskapane er spreidde i heile fylket, men med Skien som den kommunen som har flest ammekyr og flest produsentar. Ammekyrne i Telemark er i svært stor grad dyr av spesielle kjøtrasar. (Charolais, Hereford, Limousine, Aberdeen Angus m. fl.)

På landsbasis har produksjonen av storfekjøt i perioden 2000 – 2011 blitt redusert frå om lag 90 500 tonn til om lag 81 600 tonn. Underskottet på storfekjøt i den norske marknaden er i 2013 på om lag 10 000 tonn etter kvoteimport. Det er venta eit aukande underskott av storfekjøt framover. Produksjonen i 2011 svarar til produksjonen i 2000 med 90 %. For Telemark har utviklinga i store drag vore som for landet elles. Frå 2010 til 2011 har likevel Telemarks del av storfekjøtproduksjonen i landet auka frå 1,4 % - 1,5%, noko som må karakteriserast som ein markant auke.

Kjelde: Telemarksforsking «Telemarkslandbruket – regelverk og verdiskaping»

Den viktigaste grunnen til nedgangen i storfekjøtproduksjonen i Telemark på 2000-talet er samanhengen med den sterke nedgangen i talet på mjølkekjr. Sjølv om det vore ein sterk auke i talet på ammekyr, har denne auken skjedd over tid. Mange av dei fødde hodyra i slike buskapar er i denne perioden sett på til liv for å bygge opp eigen buskap, og mange er selde som livdyr. Ein del av storfekjøtproduksjonen i Telemark har

Tabell 15: Utvikling i tal på ammekyr og anna storfe i perioden 2003 – 2013.
Kjelde :Statens landbruksforvaltning Produksjonstilskot i landbruket

År	2003	2013
Tal ammekyr	1367	2276
Tal buskapar med ammekyr	166	176
Tal ammekyr per buskap	8,2	12,9
Anna storfe	7879	7524

Tabell 16: «Storfe anna» representerer i all hovudsak ammekuproduksjon. Kollona «Rentestøtte» syner låneramma for rentestøtte. Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

År	Tilskott	% av total	Rentestøtte	% av total	Løyvd lån
2009	2 353 000	14	2 250 000	8	?
2010	2 680 000	14	5 200 000	8	5 250 000
2011	3 090 000	21	9 947 000	25	2 650 000
2012	1 299 000	10	5 050 000	17	4 500 000

og vorte «flagga ut» av fylket ved at produsentar av storfekjøt basert på innkjøpt kalv har valt å legge ned produksjonen.

I 2012 sette Landbruks- og matministeren ned ei ekspertgruppe som fekk i oppdrag å gi råd om korleis den norske storfekjøtproduksjonen kan aukast. Gruppa peika på ei rekke tiltak for å auke produksjonen av storfekjøt. Mellom anna peika ekspertgruppa på at lønnsemda i produksjonen må betrast monaleg, og at støtta til investering og finansiering av bygg må aukast, dersom produksjonen skal vekse. Ved jordbruksoppgjeret i 2013 vart det vedtatt å innføre eit grunntilskott for storfeslakt for å betre økonomien i produksjonen.

Telemark har gode naturgitte føresetnader for produksjon av storfekjøt basert på ammekyr. Store areal som passar godt for dyrking av grovfør og store beiteareal er naturlege fortrinn for slik produksjon. Det er for tidleg å slå fast om auken i storfekjøtproduksjonen som er registrert i Telemark frå 2010 – 2011 er ein trend som vil halde ved. Auken kan ha ein samanheng med at det på ein del bruk blir produsert storfekjøt etter at mjølkeproduksjonen er avvikla, som ein lekk i gradvis nedlegging av sauehaldet. Fjøs bygde for mjølkeproduksjon er i mange høve lite eigna for meir permanent drift med storfekjøtproduksjon. Auken i storfekjøtproduksjonen i Telemark kan også ha samanheng med auken i talet på ammekyr, og at ein no begynner å hauste fruktene av denne auken, ved at ein større del av avkomma i desse buskapane no blir føra opp til slakt Tabell 16 syner tilskott, rentestøtte og lån gitt av Innovasjon Norge Telemark til «Storfe anna».

Tabellen syner mellom anna at det er gitt tilskott i fireårs-perioden 2009 – 2012 på om lag 9,5 mill. kr.. Produksjon av storfekjøt basert på ammekyr kan bli ei vekstnærings i land-

bruket i Telemark. Viktige faktorar for ei slik utvikling vil vere god lønsemd i produksjon, gunstige finansieringsordningar for nybygg/ombygging og grei tilgang på beite.

Sauehald

Telemark har aldri hatt nokon stor del av den norske produksjonen av saue- og lammekjøt. I 2000 låg den på om lag 3 %, medan den i 2011 var like under 2,5 %. På landsbasis låg produksjonen av saue- og lammekjøt i 2011 på same nivå som i 2000. Produksjonen i Telemark har på desse åra gått markant ned og låg i 2011 på 83 % av nivået for 2000.

Kjelde: Telemarksforsking «Telemarkslandbruket – regelverk og vedtakaping».

Sauehaldet i Telemark har vore, og er, mest utbreidd i dei øvre delane av fylket. Fleire stader er det gode produsentmiljø for sau. Tidlegare var det òg ein del sau i dei nedre områda av Telemark, men av ymse årsakar, til dømes tap av lam til gaupe, har sauehaldet i desse områda vorte mykje redusert. Tabell 17 syner utviklinga i tal på sau og bruk med sau i Telemark gjennom ein periode på ti år.

Tabell 17: Utviklinga i sauehaldet i Telemark 2003 – 2013. «Lam på beite» er for året 2002 og 2012

År	2002/03	2012/13
Vinterfôra sau	29 617	24 118
Lam på beite	41 704	31 973
Tal buskapar med sau	535	353
Tal vfs. per buskap	55,3	68,3

Tabell 18: Utviklinga i sauehaldet i seks kommunar i Telemark i perioden 2003 – 2013.

Kommune	År	Tal bruk med sau	Tal vinterfôra sau	Tal vinterfôra sau per buskap
Vinje	2003	88	5042	57
	2013	47	3311	70
Tokke	2003	59	4087	69
	2013	34	3444	101
Fyresdal	2003	34	2354	69
	2013	19	1262	66
Tinn	2003	50	2741	54
	2013	34	2044	60
Hjartdal	2003	53	2111	39
	2013	43	2031	47
Seljord	2003	45	2388	53
	2013	30	1944	65

Tabell 19: Tal for tap av sau og lam på beite, samt erstatningar og erstatningsbeløp. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark

År	Tal tapte sau	Tal tapte lam	Tal løvvde erstatningar	Samla erstatningsbeløp
2002	43	478	60	657 076
2012	176	1 269	97	2 871 828

Tabellen syner ein reduksjon i tal på vinterfôra sau med 5 500 dyr og ein nedgang i talet på lam på beite med om lag 9 700 dyr. Dette er ein nedgang på høvesvis 18,6 % og 23,3 %. Tal på bruk med sau er redusert med 182, noko som er ein nedgang på 34 %. Sjølv om det er noko variasjon dei ulike stadene, har det vore ein markant nedgang i sauetalet i dei fleste av kommunane i Telemark. Tabell 18 syner i utviklinga i det som har vore kommunar med ein vesentleg produksjon av saue- og lammekjøt, og som framleis har eit etter måten sterkt produsentmiljø for sau.

Tabellen syner at det har vore nedgang i talet på bruk med sau og vinterfôra sau i alle seks kommunane. Med unnatak av Fyresdal har buskapane vorte større. Størst auke i buskapsstorleik har det vore i Tokke, der buskapsstorleiken nå ligg på godt og vel 100 vinterfôra dyr i gjennomsnitt.

Det er fleire årsaker til reduksjonen i sauehaldet i Telemark. Svak lønsemd er ein viktig grunn for avvikling av saueholdet. Dette er mellom anna eit forhold som ofte gjer seg gjeldande ved avvikling av sauehaldet i samband med generasjonsskifte på eigedomen. Ikkje sjeldan er det òg i samband med generasjonsskifte stort behov for investeringar i driftsapparatet, noko som ofte verkar som ein pådrivar for å slutte med sau. Det er òg grunn til å peike på tap av lam til rovdyr som årsak til at sauetalet går ned. Spesielt er tap av lam til gaupe eit stort problem for fleire sauehalarar. Rovdyrbelastinga har vore stor i Telemark gjennom mange år. For beitesesongen 2013 er det dokumentert større rovdyrkade på småfe etter angrep frå ulv enn frå gaupe. Tabell 19 syner tap av sau og lam på beite, og utbetalte erstatning i åra 2002 og 2012.

Tabellen syner tal på sau og lam som ligg til grunn for løvvde erstatningar og utbetalte erstatningsbeløp. Sjølv om tapstala varierer noko i tiårsperioden 2002 – 2012, syner tala ein sterk vekst i tapte sau og lam. Det har òg vore ein sterk vekst i løvvde erstatningar og samla erstatningsbeløp. Det er verdt å peike på at innrapporterte tal for tap ofte ligg ein del høgare enn tala som er grunnlag for løvvde erstatningar og erstatningsbeløp.

Det er grunn til å vere uroa over nedgangen i sauehaldet i Telemark. Nedgangen representerer redusert verdiskaping og sysselsetting, og nedgangen i tal på sau og lam på beite gir auka fare for attgroing av kulturlandskapet. For å prøve å snu denne trenden for sauehaldet i Telemark, vart det med verknad frå 2012 etablert eit treårig prosjekt for å styrke og utvikle sauehaldet i Telemark. Prosjektet har to resultatmål:

Tabell 21: Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

År	Tilskott	% av totalr.	Rentestøtte	% av totalr.	Løyvd lån
2009	2 670 000	15,5	11 620 000	41	
2010	700 000	3,7	3 600 000	5,5	0
2011	2 080 000	14,6	16 190 000	41	12 680 000
2012	912 000	7	2 820 000	10	940 000

- Ein auke i talet på saueprodusentar og vinterfôra sau i Telemark.
- Auke bruken av beitedyr i utmarka, og på den måten sikre at stiar og kulturlandskap blir holdne i hevd.

Etter at den treårige prosjektplanen er gjennomført, skal mellom anna tal på vinterfôra sau vere auka til minst 30 000 dyr, saueprodusentar skal vere auka og stiar og ferdsselsårer i utmark skal vere dokumenterte/restaurerte. Prosjektet blir støtta av Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune med større summar over ein periode på tre år.

Sau og lam er dyr som utnyttar utmarksbeite og ikkje minst fjellbeite på ein framifrå måte. Telemark har mykje slikt areal, og dermed gode naturlege fortrinn for ein monaleg produksjon av sau- og lammekjøt. Somme stader er det likevel konfliktar mellom utnytting av utmarka til sauebeite og bruk av utmarka i turistsamanheng. Store hyttefelt etablerte tett opp mot, eller i område der sau og lam beitar, har fleire stader skapt utfordringar for det etablerte sauehaldet. Det er mellom anna tale om at menneskeleg ferdsel i beiteområde kan føre til uro i saueflokkane. Det er derfor viktig at det i ein tidleg planfase ved etablering av til dømes nye hyttefelt, blir tatt omsyn til dei behova som er knytte til landbruksnæringa.

Sauehaldet kan bli ei vekstnæring i Telemark. Viktige faktorar for ei positiv utvikling i denne næringa i Telemark vil vere betre lønsemd i produksjonen og god tilgang på utmarksbeite som er rasjonelle å drifte. Ein rovdyrpolutikk i tråd med føresetnadene og intensjonane i rovdyrforklaret som vart vedtatt i Stortinget i 2011, og som reduserer konflikthane knytte til bruk av utmark til beite for sau vil òg vere viktig.

Svinehald

Den norske svineproduksjonen har auka frå 102 850 tonn i 2000 til 130 790 tonn i 2011. Produksjonen i 2011 er 127 % av nivået for 2000. Ved starten på 2000-talet var det ein liten auke i svinekjøtproduksjonen i Telemark, men produksjonen har sidan gått tilbake og låg i 2011 på 94 % av nivået i 2000.

Tabell 20: Kjelde: SLF Søknader om produksjonstilskott.

År	2002	2012
Tal avlspurker	981	1351
Tal produsentar med avlspurker	39	21
Avlspurker i snitt per buskap	25,1	64,3

I perioden 2000 – 2011 har Telemark sin del av den norske produksjonen av svinekjøt blitt redusert fra 1,8% til 1,3%.

kjelde: Telemarksforskning «Telemarkslandbruks – regelverk og verdiskaping»

Svinekjøtproduksjonen i Noreg har dei siste 10 – 12 åra vore gjennom store strukturelle endringar. Same utviklinga har også skjedd i Telemark, og grisene er å finne i stadig større besetningar. Den norske svineproduksjonen er regulert av konsesjonsgrenser som fastset kor stor produksjon kvar produsent kan ha. Gjeldande konsesjonsgrenser set eit tak på 2100 omsette og slakta slaktegriser per år, eller maksimalt 105 innsette avlspurker på eitkvart tidspunkt. Den største konsentrasjonen av gris i Telemark finst i midtfylket, og Bø er kommunen som er stort på produksjon av svinekjøt. Tabell 20 syner utviklinga i tal på avlspurker, buskapsstorleik og produsenttal i Telemark i tiårsperioden 2002 – 2012.

Tabellen syner at effektivitetsauken i svineproduksjonen i Telemark har vore svært stor i tiårsperioden. Buskapsstorleiken har auka med heile 156 % medan tal produsentar med avlspurker har gått ned med 46 %. Årleg produserer svinenæringa i Telemark om lag 1700 tonn kjøt, noko som utgjer 44 % av den totale kjøtproduksjonen i fylket. Fleire av produsentane i Telemark driv såkalla kombinert produksjon, noko som inneber at grisungane som blir fødde blir føra fram til slakt i same buskapen. Det er òg fleire produsentar som driv rein smågrisproduksjon, der grisene blir selv til andre brukarar som førar han fram. I underkant av 10 produsentar baserer sin produksjon av slaktegris på innkjøpt smågris. I Bø er det etablert eit såkalla purkenav som har som oppgåve å levere drektige purker til produsentar som driv med produksjon av smågris. Etableringa av purkenavet har vore stimulerande for produksjonen av svinekjøtt i Telemark. Det er grunn til å tro at utan denne etableringa hadde det vore færre svineprodusentar og lågare produksjon av svinekjøtt i Telemark enn det vi har i dag.

I ein del andre område i Noreg har det vore tradisjon for å drive svineproduksjon i kombinasjon med annan husdyrproduksjon. I Rogaland er dette svært vanleg, men også i dalbygder som Gudbrandsdalen har det vore sterke produksjonsmiljø for gris i kombinasjon med annan husdyrproduksjon. Slike kombinasjonsbruk har det vore liten tradisjon for i Telemark. Svineproduksjon har òg vore lite utbreidd i grasdistrifta i øvre delar av fylket, om ein ser bort frå ein og annan gris til husbruk. Det siste gir grunn til refleksjon fordi svineproduksjon

kunne styrkt driftsgrunnlaget på fleire av brukna i dal- og fjellbygdene i Telemark.

Produsentmiljøet for svin i Telemark er nokså lite, men det er eit fagleg sterkt miljø som gjennom mange år har tatt i bruk ny kunnskap i sin produksjon. Slakterisamvirket har eit rådgivningsapparat som produsentane nyttar aktivt. Det har ført til at det har vore investert tungt i husløysingar og anna produksjonsteknologi. Tabell 21 syner investeringstilskott, rentestønad og lån gitt av Innovasjon Norge Telemark til bygging av grisehus.

Det er mykje ledig spreieareal for husdyrgjødsel i Telemark, og såleis rom for ein langt større husdyrproduksjon i Telemark enn kva som er tilfelle i dag. Etablering av svineproduksjon er svært kapitalkrevjande. Bygging av grisehus som har kapasitet for ein produksjon som svarar til konsesjonsgrensa vil i dei fleste tilfelle vere ei investering på 12 – 14 mill. kr. Dei tre siste åra har det vore ein større overproduksjon av svinekjøt i Noreg. Kostnadene ved overproduksjon må produsentane sjølve ta ansvar for, ved å legge på prisen til produsent. Dette er eit forhold som er med og dempar investeringane i svineproduksjon. Nyetablering innanfor svineproduksjon i Telemark vil i stor grad avhenge av betre marknadsbalanse, i tillegg til at det må vere tilfredsstillende tilgang på investeringsmiddel.

Geitehald

Geitehaldet i Noreg er konsentrert til visse område. Om lag ein fjerdepart av mjølkegeitene i landet finn ein i Troms. Andre område med geit er delar av vestlandsfylka og Nordland samt ein del fjellbygder i Sør-Noreg. I Telemark er geitehaldet konsentrert først og fremst til Vinje kommune, men det finst to buskapar i Tokke, ein i Tinn og ein i Seljord. Tokke og Vinje er eit kjerneområde for geitehald med leveranse av geitemjølk til Tine-anlegget

Tabell 22. Kjelde: Statens landbruksforvaltning og Tine SA

År	2003	2013
Tal mjølkegeiter	1715	1705
Tal buskapar med geit	27	19
Tal geit per buskap	63,5	89,7
Gjennomsnittleg mjølkeavdrått per geit(kg)	668	728 (2012 tal)

Tabell 23: Investeringsverkemiddel frå Innovasjon Norge Telemark til geiteproduksjon. Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

År	Tilskott	% av totalr.	Rentestøtte	% av totalr.	Løyvd lån
2009	0		750 000	2,6	0
2010	950 000	5,0	2 250 000	3,4	1 750 000
2011	808 000	5,7	1 076 000	2,7	1 076 000
2012	0		0		0

på Haukeli. Telemark har om lag 5 % av mjølkegeitene i landet. Til samanlikning finn ein 0,9 % av norske mjølkekryr i Telemark. Tabell 22 syner tal for geitehaldet i Telemark i 2003 og 2013.

Tabellen syner at talet på mjølkegeiter har halde seg godt opp i Telemark, men at talet på buskapar med geit har gått ein del ned. På landbasis har geit i tiårsperioden gått ned med vel 14 000 dyr til vel 33 000 geiter. Produsenttalet har også gått mykje ned på landsplan. Effektiviteten i geitehaldet i Telemark har auka mykje ved at talet på geiter per buskap har auka med vel 26 dyr eller 41 %. Det er ei utvikling som er lik utviklinga i landet. Vidare har mjølkeavdrått per geit auka med 60 kg eller nesten 9 %. Produsentane i Seljord, Tokke, Vinje utgjer saman med produsentar i Hordaland og Rogaland grunnlaget for drifta ved anlegget til Tine i Haukeli (Haukeli ysteri). Verksemda ved Haukeli ysteri er nærmere omtala under kapittelet «Foredling og omsetnad av produkt frå landbruket». Det er og fleire geitehaldarar i Telemark som ikkje har leveranseavtale med Tine, men som foredlar geitemjølka på eigen gard til mellom anna geitost.

Geita er eit dyr som utnyttar beite i utmark, og ikkje minst beite i fjellet på ein svært god måte. Om lag halvparten av geitebuskapane i Telemark nyttar fjellbeite om sommaren. Resten beitar på gardane, som stort sett er lokaliserte i fjellbandet. Geita er på den måten med og pleiar kulturlandskapet på ein god måte.

Det er eit lite, men fagleg sterkt produksjonsmiljø for geit i Telemark. Geiteprodusentane i Telemark har mellom anna gjennomført eit saneringsprogram for tre geitesjukdommar. Telemark hadde ei pilotrolle innanfor dette saneringsprogrammet. Saneringsprogrammet har resultert i ei geit med ein god helsetilstand. Samstundes har programmet vore med på å gi eit ekstra generelt fagleg fokus, som har verka stimulerande for geitehaldet i Telemark.

Tabell 23 syner at geitehaldet i Telemark har tyngt dei totale rammene for landbruksmiddel frå Innovasjon Norge Telemark på ein etterhalden måte. Dei fleste tyngre investeringane i geitehaldet i Telemark dei seinare åra har skjedd i samband med saneringsprogrammet for sjukdom, når fjøsa likevel har vore tomme for dyr. Forhold som kan utløyse større investeringar i tida framover er til dømes leie av kvote i større omfang enn kva som er tilfelle i dag. Ein slik situasjon vil ofte krevje fjøs med større kapasitet enn dagens bygningar.

Tabell 25: Investeringsmiddel ytt av Innovasjon Norge Telemark til fjørfeproduksjon i Telemark. Kjelde: Innovasjon Norge Telemark

År	Tilskott	% av totalr.	Rentestøtte	% av totalr.	Løyvd lån
2009	1 910 000	11	5 300 000	18	
2010	3 000 000	15	12 000 000	18,2	8 200 000
2011	200 000	1,4	0		800 000
2012	2 670 000	21	10 800 000	37	4 600 000

Mange av geitehaldarane i Telemark er forholdsvis yngre menneske med potensial til å bli i næringa i mange år framover. I tillegg til den sysselsetting og verdiskaping som skjer lokalt ved ysterianlegget til Tine på Haukeli, fungerer anlegget også som ein miljøskapar for produsentane som leverer til ysteriet. Eit anna viktig forhold knytt til det framtidige geitehaldet i Telemark, og den verdiskapinga det representerer for fjellbygdene, er tilgangen på velkvalifiserte avløysarar som kan sikre geitehaldarane utveg til meir ordna ferie og fritid.

Fjørfe

Produksjon av egg og fjørfekjøt har hatt ein sterk auke på landsbasis i perioden frå starten på 2000 og fram til i dag. Fjørfeproduksjonen (verpehøner, kylling og kalkun) er på same måten som svinehald underlagd avgrensingar i besetningsstorleik (Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald). Grensa for konsesjonsfri produksjon av slaktekylling vart nyleg heva med 20 000 dyr til 140 000 omsette eller slakta kyllingar per år. For verpehøns er det ei konsesjonsfri grense på 7 500 dyr per innsett, og for kalkun er konsesjonsfri grense sett til 30 000 omsette eller slakta dyr per år. Loven har som føremål å spreie produksjonen på fleire einingar ved å regulere produksjonsomfanget hos den einskilde produsenten.

Frå 2002 til 2012 har produksjonen av fjørfekjøt hatt sterk auke. Produksjonen i 2012 var på 91 156 tonn, noko som er ein auke på nesten 99 % sett mot 2012. Frå 2011 til 2012 var det ein produksjonsauke på nesten 8 %. Det er særleg produksjonen av slaktekylling som har auka. Produksjonen av slaktekylling skjer i forholdsvis få einingar, og i 2012 var det i overkant av 600 produsentar som fôra fram om lag 62 mill. kyllingar.

Kjelde: SSB og SLF

Tabell 24: Kjelde: SLF Søknad om produksjonstilskott

År	2003	2013
Tal verpehøner, buskapar med minst 100 stk.	110 203	86 725
Tal bruk med verpehøner, minst 100 stk. pr. buskap	40	13
Tal slaktekylling	195 008	175 497
Tal bruk med slaktekylling	6	4

Eggproduksjonen har over tid blitt konsentrert på stadig færre produsentar. Frå 2012 – 2013 var det likevel ein auke i talet på jordbruksbedrifter med verpehøner med om lag 4 % til knappe 2000. Tabell 24 syner utviklinga for verpehøner og slaktekylling og tal på bruk med denne produksjonstypen i Telemark for åra 2003 og 2013.

Tabellen syner at produksjonen av slaktekylling er konsentrert til få produsentar. Produksjonen av slaktekylling skjer i kommunane Bø, Drangedal og Skien. Sjølv om det har vore ein sterk auke i produksjonen av fjørfekjøt på landsbasis frå år 2000 og fram til nå, har produksjonen i Telemark vore fallande. Nivået på produksjonen i Telemark i 2011 var på 77 % av nivået i 2000, og fylkets del av den nasjonale fjørfekjøtproduksjonen har blitt redusert frå 1,1 % til 0,4 %.

Kjelde : Telemarksforskning Telemarkslandbruket – regelverk og verdiskaping.

I Drangedal er det i tillegg til to produsentar av slaktekylling, ein produsent med ein stor produksjon av and og gås. Holte And og Gås har etablert seg som ein leverandør av fjørfekjøt med høg kvalitet på sine produkt.

Produksjonen av egg har blitt markant redusert i Telemark, spesielt etter 2007. Sjølv om produksjonen på landsbasis i 2011 auka til 125 % av nivået i 2000, var nivået i Telemark i 2011 redusert til 85 % av nivået i 2000. Fylkets del av den nasjonale eggproduksjonen er redusert frå 3,5 % til 2,4 %.

Kjelde: Telemarksforskning Telemarkslandbruket – regelverk og verdiskaping.

Eggproduksjonen i Telemark er meir geografisk spreidd enn produksjonen av slaktekylling. Fleire av produsentane driv og produksjon av temmeleg lite omfang. Bø er kommunen i Telemark med størst produksjon av egg med sine 10 produsentar. Dei har i overkant av 3000 dyr i snitt.

Investeringsmidla fra Innovasjon Norge er brukte både til fornying, påbygging og heilt nye bygg for fjørfeproduksjon. Ein del av midla er nyttta til ombygging av hønsehus for å tilfredsstille lokalitetane til dei nye krava for verpehønshald.

Forbruket av kyllingkjøt har auka i lang tid, og ser framleis ut til å auke. For verpehøns er situasjonen annleis med ein større overproduksjon av egg.

Hestehald

I tida etter siste krig er hestens rolle endra frå å vere trekraft i jord- og skogbruk til å bli sentral i ymse slag rekreasjons- og livsstilsaktivitetar. Etter at hestetalet og bruk av hesten i mange år var dalande, registerer ein no at talet på hestar aukar, og at hesten får nye roller knytte til ulike aktivitetar. Hest er til dømes sentral i ulike ferie- og fritidsaktivitetar og hest blir brukt i omsorgs – og helsearbeid for menneske. Særleg finst det mange travhestar. Hesten har også fått ein slags renessanse i delar av skogbruket.

I 2012 gav Bygdeforskning (Norsk senter for bygdeforskning) ut rapporten «Hest, hestehold og føring: Status for hesteholdet i Norge». I rapporten kom det fram fleire interessante funn, og nokre av dei viktigaste blir summert opp her. I rapporten er estimatet for tal på hestar i Noreg om lag 125 000, og undersøkinga tyder på at talet på hesteeigarar ligg på ca.

50 000. Rapporten peiker på at hesteeigarane skil seg frå snittet i befolkninga på fleire vis, mellom anna ved at dei registrerte hesteeigarane ser ut til å ha høgare snittinntekt og – utdanning enn befolkninga elles. Sjølv om kvinner er i eit klart mindretal som registrerte brukarar innanfor landbruket, er dei i fleirtal som hesteeigarar. Rapporten syner òg at dei fleste hesteeigarar bur i bygder og mindre tettstader. Om lag ein tredjepart av dei som eig hest, er samstundes eigar eller medeigar av gardsbruk. Når det gjeld bruk av hest, blir 72 prosent av hestane nytta til hobby- og rekreasjonsføremål. Rapporten peikar også på at det er mykje bruk av ulike former for ubetalt arbeidskraft i stallane. I rapporten kjem det fram at dårlig økonomi, manglande offentleg stønad og dårlig samarbeid i næringa blir vurdert som dei viktigaste utfordringane for utviklinga av hestehaldet framover. Tabell 26 syner tal på hest i Noreg og i Telemark i 1999 og 2011.

Tabellen syner ein kraftig vekst i hestehaldet på landsbasis, og ikkje minst i Telemark. Talet på bruk med hest er vanskeleg å registrere eksakt, mellom anna fordi slike bruk blir splitta på bruk med hest under 3 år og 3 år og eldre. Nokre bruk i siste kategori vil sjølv sagt ha hestar som er yngre enn tre år, samstundes som det er bruk som berre har hest under tre år. Det er likevel grunn til å tru at talet på bruk med hest i Telemark ligg på i underkant av 300. Bruken av hest i Telemark er etter måten lik det ein finn andre stader i landet. Mykje av bruken skjer i rekreasjons- og fritidssamanhang. Telemark har fleire foreiningar og klubbar som organiserer hesteinteresserte på ulikt vis. Det blir arrangert ulike utstillingar og stevne som samlar mykje hest og mykje folk, som til dømes Dyrsku'n i Seljord.

Ved Søve vidaregåande skule er det eit godt kompetansetilbod knytt til hest, først og fremst gjennom tilboden som skulen gir innanfor programområde VG 2 Hest og hovslagerfag. Dette er eit undervisningstilbod på vidaregåande nivå som har hatt god søking over fleire år. Ved Søve vidaregåande skule arbeider dei også med å få etablert ei landsline knytt til hovslagerfaget. Det trengst å heve grunnleggande kompetanse på hestehald hos ein del av dei som allereie driv med hest. Det er mellom anna

Tabell 26: Kjelde: SSB

År	1999	2011	% vis endring
Tal hestar i Noreg	26 959	36 396	35,0
Tal hestar i Telemark	1 313	1 836	39,8

marknad for auka kunnskap om føring og om stell av bein og høver. Når det gjeld det siste, arbeider Søve vidaregåande skule for å få etablert ei landsline i hovslagarfaget.

Hestenæringa har i berre liten grad dei seinare år henta investeringsmiddel frå Innovasjon Norge.

Auken i talet på hest har medført aukande etterspurnad på grovfôr. Omlegginga av ein del kornareal til grasdyrking kan ein sjå i denne samanhengen, også i Telemark.

Det er rom for auka verdiskaping knytt til hestehald i Telemark. Ulike slag rekreasjons- og omsorgsaktivitetar med hesten på ein sentral plass kan vere eit satsingsområde for fleire. Hesten er òg ein svært god pleiar av kulturlandskapet, og høver godt i Telemark med store beiteområde.

Pelsdyr

Mellan 1910 og 1920 vart produksjon av skinn frå pelsdyrhald starta som tilleggsproduksjon til tradisjonelt landbruk. På mange gardar i Noreg vart pelsdyrhaldet ei viktig tilleggsnæring. I dag blir pelsdyrhaldet drive på landsbasis i om lag 300 bedrifter. Produksjonen av skinn skjer dels i lag med annan jordbruksproduksjon, og dels skjer den som einaste produksjon. Det blir produsert i all hovudsak mink- og reveskinn.

Produksjonen av skinn i Noreg er stort sett retta mot verdsmarknaden, og produksjonen skil seg på den måten frå annan jordbruksproduksjonen. Pelsskinn blir omsett ved auksjonssal på verdsmarknaden, og produsentane er eksportbedrifter som omset skinn til verdsmarknadens prisar det påfølgjande året. Auksjonssal av ei råvare som pelsskin gjer at prisen på produkta svingar ein del frå år til år. God økonomistyring i produksjonen er derfor viktig. Den norske produksjonen utgjer om lag 3 % av verdsmarknaden.

Pelsdyrhaldet i Noreg mottar i veldig liten grad budsjettmiddel over jordbruksavtala. Det blir gitt tilskott til pelsdyrfôrlag og tilskott til avløysing for ferie og fritid. Skinnprisane svingar i takt med pels som moteplagg, og produksjonen av skinn følgjer desse svingingane. Produksjonen av pelsskinn er ikkje

underlagd nokre produksjonsavgrensingar eller konsesjon for etablering. Det blir likevel stilt kompetansekrav til produsentane.

Pelsdyrnæringa i Noreg har gjennom nokre år vore hardt pressa frå ulike hald i samfunnet, mykje på grunn av at det har vore avdekkja kritikkverdige forhold hos einskiltprodusentar knytt til dyrevelferd. To av dei politiske partia i Noreg har programfesta ei styrt avvikling av pelsdyrhaldet. Næringer har sett inn store ressursar dei seinare åra for å rydde opp i desse forholda. Næringer har utarbeidd ein eigen handlingsplan for velferd for pelsdyr, og det er etablert ei godkjenningsordning basert på krav i offentlege forskrifter og bransjekrav. Revisorar med tilknyting til Matmerk utfører tilsyn, og veterinærar skal kontrollere besetningane fire gonger årleg med særleg fokus på velferd for dyra. Likt anna husdyrhald i Noreg har også storleiken på pelsdyrbesetningane auka. Samanlikna med internasjonalt pelsdyrhald er dei norske besetningane likevel små. Tabell 27 syner tal for mink, ilder og revetisper i Telemark i 2003 og 2013.

Pelsdyrhaldet i Telemark er no konsentrert til Nissedal kommune, og produksjonen er minkskinn. Sjølv om miljøet for pelsdyrhald i Telemark er lite, er det eit godt og fagleg sterkt miljø for pelsdyrhald i Nissedal. Produksjonen av skinn representerer ei viktig inntektskjelde for dei som driv denne produksjonen. Dei siste åra har det vore høge prisar på skinn på verdsmarknaden, som igjen har vore med og bidratt til ein god økonomi i pelsdyrhaldet. Pelsdyra utnyttar og førråvarer (slakteavfall m.m.) som er vanskelege å utnytte på anna vis. Fôrkostnadene er av dei største variable kostnadene i produksjonen av pels, og i Noreg er ein konkurransedyktig på fôrkostnad.

Dei siste åra har det kome til ein del nye produsentar i Noreg, spesielt på mink. Ofte er dette produksjon som er bygd opp i samband med anna landbruksproduksjon. Norges Pelsdyralslag gir tilbod om hjelp til planlegging og til opplæring av nye produsentar. Organisasjonen har også finansieringsordningar for kjøp av fôr og dyr.

Fleire pelsdyrhaldarar i Telemark har dei seinaste åra investert mykje i sin produksjon, mellom anna for å tilpasse husa til nye krav for hald av produksjonsdyr. Det er òg fleire som står framfor slike investeringar. For å lukkast som pelsdyrhaldar er det viktig å ha god kontroll på produksjonsprosessane. God reproduksjon og god skinnkvalitet er heilt sentralt, og det kan vere store skilnader mellom buskapane. Eit godt produksjonsmiljø slik ein finn det i Nissedal gjer det meir interessant å drive, og det bidrar til betre produksjonsresultat. Med utgangspunkt i det gode produksjonsmiljøet som finst for pelsdyr i Nissedal kan denne produksjonen bli ei vekstnæring i Telemark. Det er god økonomi i pelsdyrhaldet, og produksjonen vil høve godt på mange av gardsbruka i Telemark som har eit relativt lite arealgrunnlag.

Tabell 27: Kjelde: SLF Søknad om produksjonstilskott

År	2003	2013
Minktisper	5792	5072
Tal bruk med minktisper	8	7
Blårev – og sølvrevtisper	1316	117
Tal bruk med blårev - sølvrevtisper	12	2

Bier

Bier og honningproduksjon er for dei fleste tilleggsproduksjon saman med annan jordbruksproduksjon eller anna lønna arbeid. Ved siste fullstendige registrering av bihald i Norge i 1979, vart det registrert 1500 jordbruksbedrifter med til saman 18 200 bikubar. Utanom jordbruksbedriftene vart det registrert om lag 27 200 bikubar.

Kjelde: SSB «Landbruket i Norge 2011»

Produksjonen av honning har sterkt samanheng med korleis veret er det enkelte år. I tillegg til inntekter knytte direkte til salet av honning, har biene stor tyding for hagebruksproduksjonen hos mange børktarar gjennom at bienes pollinerer hagebruksvekstane.

Frå 2009 vart det innført produksjonstilskott for bihald som disponerer minst 25 bikubar i produksjon. Frå og med jordbruksavtaleåret 2013/14 er dette endra på slik måte at om ein brukar mottar produksjonstilskott for annan jordbruksproduksjon, kan vedkommande også søke produksjonstilskott frå og med kubenummer ein. Tabell 28 syner tal for brukarar som har meir enn 25 kubar, samt tal på kubar hos dei same brukarane.

Tabell 28 gir ikkje ein rett oversikt over kor mange som driv med bier og honningproduksjon i Telemark, sidan tabellen stort sett refererer til brukarar med fleire enn 25 bikubar. Telemark Børktarlag opplyser at laget har 199 medlemmar med til saman om lag 4 500 bikubar, noko som gir eit snitt på 22,6 kubar per medlem. Det finst også nokon som driv med bier, men som ikkje er medlem av Telemark Børktarlag. Det er difor vanskeleg å fastslå det nøyaktige omfanget av bihald i Telemark, men det er grunn til å anta at tal brukarar med bier ligg på om lag 220. Med utgangspunkt i søknader om produksjonstilskott er det kommunane Bamble, Bø og Nome som utmerkar seg som kommunane med størst bihald. Bamble har flest brukarar med bier og flest bikubar, medan Bø har flest bikubar per brukar.

Det er vanskeleg å fastslå den nøyaktige produksjonen og omsetnaden av honning i Telemark. Forholdsvis mykje honning blir seld direkte frå produsent til forbrukar. Ulike utstillingar og messer, til dømes Dyrsku'n, Mersmak og Bondens Marknad er viktige kanalar for omsetnad av honning. Tal frå Honningcentralen syner at det i snitt vart levert 67 575 kg i femårsperioden 2008 – 2012. Toppåret var 2010, då det vart levert om lag 95 000 kg honning. Leveransen

i 2010 ligg likevel langt unna leveransen i 2002, som var på godt og vel 170 000 kg. I 2012 blei det levert 71 000 kg honning frå Telemark. Det utgjer 14,3 % av total produksjon i landet, og gjer Telemark til landets tredje største leverandør av honning. Sjølv om nokre produsentar kan ha sluttå å levere til Honningcentralen, visar tala ein reell nedgang i honningproduksjonen i Telemark. Grunnane er fleire, men heng mellom anna saman med sviktande rekruttering til næringa. Dei seinare åra har òg vore prega av våte og kalde somrar, noko som verkar klart negativt på honningproduksjonen.

Det er rom for auka produksjon av honning i Telemark. Bier og honningproduksjon kan vere ei verdifull tilleggsnæringspå fleire bruk. I dei områda av Telemark som har produksjon av frukt og andre hagebruksvekster, vil bihald også ha ein viktig tilleggsfunksjon knytt til pollinering.

Tabell 28: Kjelde: SLF Søknad om produksjonstilskott

År	Tal brukarar	Tal kubar	Tal kubar per brukar
2009	55	3836	65
2012	59	3540	64



PLANTEPRODUKSJON

Kornproduksjon

Kanaliseringspolitikken som vart innført i 1950-åra, tok sikte på å stimulere til kornproduksjon i dei områda av landet som har klima og topografi eigna for korndyrking. Korn og oljevekstarealet auka årleg, og nådde 3,7 millionar dekar ved byrjinga av 1990-talet. Seinare har det vore ein reduksjon i arealet, og i 2011 var det minka til 3,1 millionar dekar på landsbasis.

Det meste av produksjonen av bygg, havre og oljevekstar blir nytta som råvarer i kraftførproduksjon, medan kveite og rug primært går til mat. Kor stor del kveite og rug som faktisk blir nytta til mat, varierer likevel mykje frå år til år alt etter kvaliteten. I 2007 låg til dømes matkveitedelen på 79 prosent, medan den i 2011 berre låg på 15 prosent.

Dei totale kornavlingane auka kraftig frå byrjinga av 1960-talet og fram mot slutten av 1970-talet. Kornarealet auka med nesten 50 prosent, og avlinga per dekar auka kraftig som følgje av betre kornsartar, gjødsling, plantevern og dyrkingsteknikk. Etter ein moderat auke i kornavlingane etter 1980, har totalavlinga dei siste åra gått svakt attende. Grunnane er nedgang i kornarealet og därlegare arealeffektivitet med stagnerande avlingar. Det har òg vore ei endring i fordelinga mellom kornslaga. Dyrking av kveite har auka, medan det har vore nedgang for bygg og havre. Det har og vore ein auke i dyrkinga av rug, men denne produksjonen er liten samanlikna med kveite. Kjelde: SSB «Landbruket i Norge 2011»

Føresetnadene for dyrking av korn i Telemark varierer mykje. Det er dei nedre og midtre delane av fylket som kan reknast som område for korndyrking. Delar av desse områda er godt eigna for dyrking av matkorn, til dømes kveite. I perioden frå 2002 til 2012 har det vore ein sterk nedgang i arealet i

Telemark med dyrking av korn og oljevekstar. Tabell 29 syner endringane i totalarealet og endringane for dei einskilte kornslaga.

Tabellen syner at sjølv om det har vore ei gledeleg auke i dyrkinga av vårvete og havre, har det samla vore ein dramatisk nedgang i dyrkinga av korn og oljevekstar på heile 25 448 dekar. Det har særleg i Midt Telemark og Grenlandsområdet vore ei omlegging frå korn til dyrking av gras. I sitt notat om klima og miljø, som Bioforsk har utarbeidd i samband med Landbruks og matmelding for Telemark, blir det peika på at dei største arealbruksendringane har skjedd i kommunane Porsgrunn, Skien, Siljan, Bamble, Sauherad, Bø og Nome. Kornarealet har i dette området i perioden 1998 – 2011 blitt redusert med ca. 21 000 dekar, medan grasarealet har auka med ca. 16 000 dekar. Grunnane til utviklinga i kornproduksjon i Telemark er dels knytt til svak økonomi i kornproduksjon kombinert med ein auka marknad for gras til hestefør. Denne utviklinga er også omtalt i meldinga under «Bruken av jordbruksareal i Telemark. Noko kornareal er gått ut av bruk grunna overgang til større maskinar som er vanskelege å nytte på mindre areal.

Det er kommunane Bø, Sauherad og Skien som har størst kornareal med ca. 14 300 dekar i kvar av kommunane. Nome kommune følgjer deretter med i overkant av 10 000 dekar kornareal. I Telemark finst det og eit aktivt miljø for dyrking av såfrø med om lag 30 dyrkarar som til saman disponerer nesten 4000 dekar til denne produksjonen. Denne produksjonen utgjer i stor grad produksjon av engfrø. Dette er ein krevjande produksjon som set store krav til kunnskap og nøyaktigkeit hos dyrkaren.

Nedgangen i kornareal gir grunn til uro, og er ei stor utfordring for landbruket i Telemark. Store delar av Telemark er, og vil vere, ueigna for korndyrking. Det finst likevel betydelege område som er godt eigna for dyrking av korn, også for dyrking av matkorn. Ein auke i dyrking av til dømes matkveite i Telemark vil vere eit viktig bidrag for å auke den

Tabell 29: Nøkkeltal for korn og oljevekstar i Telemark i 2002 og 2012. SLF Produksjonstilskott - statistikk

År	2002		2012		% vis endringdekar
	Brukar/dekar	Tal brukarar	Tal dekar	Tal brukarar	Tal dekar
Vårvete	184	13 476	176	20 827	+54,5
Haustkveite	42	2 301	4	366	-84,1
Rug/rugkveite	9	642	6	270	-57,9
Bygg	677	54 859	247	23 813	-56,6
Havre	359	19 724	251	22 011	+11,6
Oljevekstar	43	2 650	16	917	-65,3
Samla		93 652		68 204	-27,1

landbaserte matproduksjonen. Det er trengst betre økonomi i kornproduksjon og det er naudsynt med betre kompetanse knytt til korndyrking.

Poteter og grønsaker

Potetproduksjonen på landsbasis har i løpet av noko tid gått frå å vere ein mindre produksjon på mange bruk til å bli ein produksjon i stor skala med monaleg færre produsentar. Mykje av den same utviklinga kan ein sjå innanfor grønsakproduksjon, men ein del småkulturar er det vanskeleg å mekanisere, og dermed er det også vanskeleg å hente ut stordriftsfordelar der. Produksjonen av grønsaker har vore svakt aukande på landsbasis i 2012 sett mot dei to førré åra. Det gjeld spesielt produksjon av grønsaker på friland. Frå ernærings- og helseekspertar blir det gitt sterkt uttrykk for at forbruket av grønsaker i befolkninga av helsemessige grunnar bør auke. Det er og allereie rom i marknaden for ein auke i produksjonen av både grønsaker og poteter.

Dei beste naturgitte tilhøva for grønsakdyrkning i Telemark finst i dei midtre og nedre delane av fylket. Den beste dyrkingsjorda for grønsaker finst i området rundt Ulefoss, i Gjerpendalen og i Bamble. Strukturutviklinga i potet- og grønsakproduksjon i Telemark viser same tendens som for landet elles: produsentane blir færre og kvar produsent blir større.

Samla potetavlingar for Telemark har variert mykje i tiårsperioden 2002 – 2012. Det same har vore tilfellet for kilo avling per dekar. I 2002 låg snittavlinga for potet på 2 346 kg/dekar, medan talet for 2012 låg på 2566 kg/dekar. I tiårsperioden har det òg vore år med snittavling under 1000 kg/dekar, noko som illustrerer matproduksjonens binding til vêr- og klimatilhøve.

Tabell 30 syner arealtal og brukartal for grønsak- og potetproduksjonen i Telemark i 2002 og i 2012. (Grønsakproduksjon på friland)

Tabellen syner at det har vore ein kraftig nedgang i potetareal og tal på potetprodusentar i tiårsperioden. Samstundes har det vore ein markant auke i effektiviteten hos kvar

produsent. Utviklinga i Telemark er mykje lik den ein finn på landsplan. Potetprodusentane i Telemark finst først og fremst i kommunane Bamble, Bø, Nome og Skien. Det er Skien som har flest produsentar(25 stk.), medan produsentane i Bamble er dei som driv størst areal per produsent(112 da).

SLF Produksjonstilskott - statistikk

Det er mogleg å auke dyrkinga av poteter i Telemark, og det finst mellom anna vekstgrunnlag for dyrking av små poteter.

Når det gjeld grønsakproduksjonen har det vore ein kraftig auke i areal i tiårsperioden, medan talet på produsentar har vorte meir enn halvert. Det har skjedd ein vesentleg auke i effektiviteten hos kvar einskild produsent ved at kvar produsent i 2012 i snitt driv eit areal på 48 dekar mot 16,5 dekar i 2002. Same utviklinga kan registrerast på landsplan.

SLF Produksjonstilskott - statistikk

Fylkesmannen i Telemark har analysert utsiktene til å auke dyrkinga av grønsaker i Grenland, og gjennomførte i 2012 ein SWOT analyse (styrke, veikskap, utsikter og truslar) knytt til grønsakdyrkning i denne delen av fylket.

Som styrke blei det mellom anna peika på naturgitte forhold, etablerte produsentar som er gode på å produsere store volum og kort avstand til store marknader. Moglege veikskapar som kom fram var mellom anna manglane kunnskap innanfor grønsakdyrkning (for mye fokus på korn og gras), lett å få anna arbeid og høge investeringskostnader. Moglegheiter som ble peika på var til dømes betremarknad for grønsaker, kompetansetilbod innanfor bedriftsleiring, marknadsføring og økonomi ved Søve vgs og at marknaden/lokalmarknaden kan nyttast betre. Tilgang på kapital, nye klimatiske utfordringar med meir regn og fuktige ettersomrar og uttak av forsvarleg pris i marknaden (kjedemakt) er døme på moglege truslar som vart nemnde.

Fylkesmannen i Telemark : Muligheter for grønsakdyrkning i Grenland – SWOT analyse

Grønsakproduksjonen i Telemark har gjennomgående høg profesjonalitet og produsentane er effektive og utviklende i sin produksjon. Grønsakproduksjonen er på fleire vis ei næring det er krevjande å komme inn i, og det er stor konkurranse mellom produsentane. Kunnskapsbehovet innanfor næringa er stort og det er annleis enn tidlegare. Økonomi og personalpolitikk

Tabell 30:Talla er henta frå søknader om produksjonstilskott. Mindre produsentar som ikkje søker produksjonstilskott er ikkje synleggjort i tabellen.
SLF Produksjonstilskott - statistikk

År	2002		2012		% vis endring dekar
	Brukar/dekar	Tal brukarar	Brukar/dekar	Tal dekar	
Grønsaker		55	907	26	1247 +37,5
Poteter		173	3 185	54	2132 -33

er døme på område der det er etterspurnad for å styrke kunnskapen.

Det er sterkt ønskeleg at forbruket av grønsaker aukar i den norske befolkninga, noko som bør gi rom for ein auke i grønsakproduksjonen. Det er også ei stigande interesse for eksotiske grønsaker som ikkje har vore vanlege i Noreg tidlegare. Det er ein aukande innvandrarbefolknings, og mange av dei har eit høgare forbruk av grønsaker enn det som er vanleg blant etniske nordmenn. Dette er orhold som burde gi auka etterspurnad.

Dyrking av grønsaker kan bli ei vekstnæring for landbruket i midtre og nedre delar av fylket. Spesielt i Grenlandsområdet ligg det godt til rette for meir dyrking av grønsaker, og det finst mykje og solid kunnskap i regionen om slik produksjon. I dei midtre og nedre delane av Telemark er det korte avstandar til store marknadars som kunne utnyttast betre enn kva som er tilfelle i dag. Det er også område i dei øvre delane av fylket som eignar seg godt for dyrking av somme grønsakslag.

Frukt og bær

Det er vanskeleg å skaffe full oversikt over frukt- og bærdyrkinga i landet. Det skjer ein god del dyrking av frukt og bær i villahagar som ikkje blir registrert. Dyrking av frukt og bær som blir registrert gjennom søknader om produksjonstilskott gir likevel ein god oversikt over omfanget av desse produksjonane på landsbasis, i dei enkelte fylka og i kommunane. Dei tala som blir oppgitt om frukt og bær i denne meldinga, tar utgangspunkt i registreringane som blir gjort i samband med søknader om produksjonstilskott i jordbruket. Registreringane omfattar eple, pærer, plommer, morell og kirsebær, jordbær, andre bærartar og andre fruktartar.

Tabell 31: SLF Produksjonstilskott - statistikk

År	Tal brukarar	Tal dekar	Dekar per brukar
2002	310	5125	16,5
2012	194	4777	24,6

Tabell 32: Kjelde: SSB

År	2002		2012		
	Tal brukarar/dekar	Tal brukarar	Tal dekar	Tal brukarar	Tal dekar
Eple		142	3155	96	2835
Pærer		13	27	5	7
Plommer		17	58	20	331
Moreller/kirsebær		50	346	20	257
Jordbær		37	493	13	283
Andre bærarter		51	1046	40	1064

Areal og tal på produsentar med frukt og bær har gått kraftig ned på landsbasis i perioden 2002 – 2012. Produsenttalet er redusert med om lag 1800 til om lag 2700. Frukt- og bærarealet har i same perioden minka med ca. 6200 dekar og er nå nede på i overkant av 42000 dekar. Avlingane har i tiårsperioden variert ein god del, men viser for perioden 2009 – 2012 ein nedgående tendens. For 2012 låg totalavlinga av frukt på landsbasis på 13 400 tonn, medan den for bær låg på 12 100 tonn. Kjelde: SLF og SSB

Det har også i Telemark vore nedgang i areal til fruktodyrking og ein markant nedgang i tal på produsentar. Nedgangen har likevel vore forholdsvis mindre i Telemark enn landet elles. Tabell 31 syner tal for frukt- og bærdyrking i Telemark i 2002 og 2012.

Det har vore ein nedgang i tal på frukt- og bærprodusentar med om lag 37 %, men arealet har minka med nesten 7 %. Tilsvarande tal for landet er 40 % og 13 %. Produsentane i Telemark er meir effektive enn sine yrkesbrør på landsbasis. Telemark har om lag 11 % av det norske produksjonsarealet for frukt og bær, og fylket styrker sin posisjon på landsbasis. Tabell 32 syner fordelinga av frukt- og bærartar, tal på brukarar og areal i Telemark i 2002 og 2012.

Tabellen syner at det har vore ein vekst i produksjonen av plommer både når det gjeld produsenttal og areal. Det har også vore ein vekst i areal for «Andre bærarter». Denne posten omfattar mellom anna bringebær, der det er ein sterkt aukande marknad.

Jordbærdyrkinga har gått kraftig attende i Telemark i tiårs-perioden som er synt i tabell 32. Det er ikkje mangel på marknad som er årsaka. Fylkesmannen i Telemark gjennomførte i 2012 ei spørjeundersøking blant jordbærdyrkarane i Telemark som synleggjorde følgjande utfordringar:

- Krav til god kvalitet og store bær krev hyppig fornying av jordbærfelta, noko som er kostbart og arbeidskrevjande.
- Nesten all hausting skjer med utanlandsk arbeidskraft. Dette krev investeringar for tilfredsstillande innkvartering.
- Det trengst store produksjonsvolum og god logistikk, da omsetnaden i stor grad skjer direkte til butikk eller oppkjøpar.

- Mykje dårleg vêr dei siste åra har gitt svak økonomi i produksjonen.
- Produsent- og fagmiljøet krympar, noko som påverkar rekruttering negativt.
- Fylkesmannen i Telemark: Spørreundersøkelse om framtida for jordbærproduksjonen i Telemark

Jordbærprodusentane i Telemark er spreidde i dei midtre og nedre delane av fylket. Med korte avstandar til store marknader er det rom for å auke produksjonen av jordbær kraftig i Telemark.

Delar av Telemark har gode naturforhold for fruktdyrking, og kvar fjerde eple dei sel i butikkane er produsert i Midt Telemark. I denne regionen er det etablert eit godt og offensivt miljø for fruktdyrking. Dette har mellom anna hatt som utslag at det er etablert eit forsøk med fadderordning, der etablerte produsentar med god erfaring innanfor fruktdyrking rettleier nye produsentar slik at dei kjem godt i gang med sin produksjon og blir ein del av produsentmiljøet i midtfylket. Prosjektet er eigd av Telefrukt produsentlag, og Telemark fylkeskommune finansierer det med sine middel til rekruttering, likestilling og kompetanse.

Telefrukt Fruktlager har sett i gang eit prosjekt for å auke etableringa av frukthagar i midtfylket. Prosjektet går mellom anna ut på å tilby gunstig finansiering for dei som ønsker å etablere frukthage.

Trass i eit godt og utviklande produksjonsmiljø for frukt i Midt Telemark, er produsentane noko usikre og avventande med tanke på vidare satsing innan næringa. Grunnane er dels knytte til eit forverra klima dei siste åra, som har gitt reduserte avlingar og redusert kvalitet, men og fordi det er utfordringar knytte til kvalitet i andre ledd i produksjonen. Dette får negative følgjer for fylkets frukt lager ved at lageret får inn mindre eple, noko som er negativt med tanke på optimal drift ved anlegget. Plommedyrkarane og morelldyrkarane har òg utfordringar i sin produksjon knytte til klima og kvalitet. Det er marknad for meir norskprodusert frukt, men produksjonen må bli meir stabil og robust. Det er derfor sett i gang eit treårig prosjekt som skal avsluttast i 2016, der måla mellom anna er:

- Styrke fagkunnskapen innanfor produksjon og økonomi
- Auke produksjonen av eple, pærer og morellar
- Auke rekruttering til fruktproduksjon
- Betre kvalitetsstyring av produksjonen

Prosjektet har fått namnet «Frukt i Fokus», og det er Midt-Telemark Landbrukskontor som har prosjektansvar. Fylkesmannen i Telemark yter betydeleg økonomisk bistand til prosjektet.

I Midt-Telemark finst det og fleire dyrkarar av solbær. Fleire av desse produsentane har halde på lenge, og har opparbeidd seg god kunnskap innanfor produksjonen.

Det er gode forhold for frukt- og bærdyrking i dei midtre og nedre delane av Telemark. Dei fleste av desse områda har kort avstand til viktige marknader som etterspør meir frukt og bær. Dette er forhold som gir rom for å auke produksjonen. Eit forventa våtare klima utfordrar nåverande dyrkingsteknikk innanfor fleire av frukt- og bærproduksjonane, og det blir naudsynt å utvikle dyrkingsteknikkar som er tilpassa ein våtare produksjonsesong. Omsetninga av frukt og bær har endra seg ved at den nå i stor grad skjer til butikk eller til oppkjøparar, og i liten grad direkte til forbrukar. Det siste gjer at det trengst større volum i produksjonen, og det set større krav til logistikk.

Økologisk landbruk

Det er ein veksande marknad for økologisk mat i Noreg. Omsetnaden av økologiske matvarer låg på om lag 1,45 milliardar kroner i 2012, noko som er ein auke på 17 % på eit år. Den auka interessa for økologisk produsert mat utan bruk av kunstgjødsel eller sprøytemiddel er ein internasjonal trend. Sjølv om salet av økologiske matvarer har auka monaleg dei seinare åra, utgjorde omsetnaden av økologiske varer i daglegvarehandelen berre 1,2 % av total omsetnad for varer som er å få kjøpt økologisk. Kor stort sal det er av importerte økologiske matvarer er svært vanskeleg å vurdere, fordi tollsystemet i liten grad skil mellom økologiske matvarer og andre. I europeisk sammenheng ligg Noreg forholdsvis lågt når det gjeld satsing på økologisk produsert mat. Noreg ligg etter fleire av dei såkalla nye EU landa, men og etter land som Italia, Hellas, Spania og Tyskland når det gjeld godkjent økologisk areal og karensareal samanlikna med totalt jordbruksareal i drift. Med auka etterspurnad etter økologiske matvarer er det sannsynleg at import av slike varer vil auke for varer vi ikkje klarer å produsere nok av her til lands og for varer vi ikkje har naturgitte føresetnader for å produsere.

Kjelde: SSB «Interessa for økologisk mat aukar»

Det er ei målsetting i økologisk produksjon å drive på ein mest mogleg berekraftig måte. Resirkulering av næringsstoff og minst mogleg bruk av eksterne innsatsfaktorar er viktige prinsipp.

Sentrale føresetnader for økologisk jordbruk er:

- Ingen bruk av kunstgjødsel eller kjemisk/syntetisk plantevern
- Eit vekstskifte som er mest mogleg variert
- Mest mogleg resirkulering av organisk materiale
- Det skal leggjast opp til ei plantedyrking som er førebyggande mot skadedyr, sjukdomar og ugras
- Det skal vere samsvar mellom areal og tal dyr

I mange land er produksjonsmetodane i landbruket prega av høgt energiforbruk, intensiv bruk av plantevernmiddel og kunstgjødsel og dårlig agronomi. Ifølgje FAO (Food and

Agriculture organization of the United Nations) er desse forholda med på å redusere kvaliteten på matjorda mange stader i verda. FAO hevdar at økologiske dyrkingsmåtar kan gi auka produksjon for småbrukarar i den fattigaste delen av verda, særleg i område sør for Sahara. Desse bøndene vil da bli mindre avhengige av innkjøpte varer, noko som kan ha ein positiv økonomisk og sosial effekt. Ein høgare pris på verdsmarknaden for økologiske produkt kan gi auka inntekter både for i-land og u-land, men FAO understrekar likevel at produksjonspotensialet i det økologiske landbruket ikkje er tilstrekkeleg til å fø verda åleine. Denne påstanden er likevel diskusjonstema i fleire internasjonale miljø.

Økologisk matproduksjon i Noreg bidrar med kunnskap om agronomiske metodar som gir positive verknader, mellom anna ved redusert bruk av ikkje-fornybare ressursar og ved alternativ til kjemisk plantevern. Dei røynslene som kjem frå det økologiske landbruket kan nyttast i konvensjonelt norsk landbruk, og dermed utvikle det norske jordbruket i ein meir miljøvenleg retning. Regjeringa seier det økologiske landbruket på dette viset har ein spydspissfunksjon. Norsk økologisk matproduksjon og merking er regulert av økologiforskrifta. Forskrifta er basert på EU-standarden for økologisk produksjon, og det er Mattilsynet som er tilsynsmyndighet. Ansvaret for tilsynet er delegert til kontroll- og godkjenningsorganet Debio.

Motstandarane av økologisk matproduksjon peikar mellom anna på at økologisk landbruk vil krevje større areal. Det vil føre til oppdyrkning av meir skog og myr, noko som vil verke negativt på CO₂-rekneskapen. Det blir òg peika på at økologisk landbruk er avhengig av at det ein held fleire drøvtyggjarar, noko som vil auke utsleppa av klimagassen metan. Det blir også hevdat at grøngjødsling i den økologiske planteproduksjonen kan føre til større utslepp av lystgass. Fleire forskarar og fagpersonar meiner au at det ikkje finst bevis for at økologisk mat er sunnare enn konvensjonelt dyrka matvarer. Dette er forhold som må vegast opp mot fordelane ved økologisk matproduksjon.

Målet som regjeringa har sett for det økologiske landbruket i Noreg, er at 15 % av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2020. Målsettinga inneber at 15 % av samla jordbruksareal og samla husdyrhald skal vere økologisk, tillegg til at 15 % av det norske forbruket målt i omsetnadsverdi skal vere økologisk. Auken i forbruk skal skje med basis i norske varer og for produkt det er føresetnad for å produsere i Noreg. I 2012 utgjorde dei økologiske arealet 5,1 % av totalt jordbruksareal, og Debio godkjente 2 577 gardsbruk som økologiske. Det økologiske arealet har stige jamt i mange år, men i 2012 stoppa veksten. Totalt sett har økologisk husdyrhald i Noreg lite omfang. Økologiske storfe, svin og verpehøns auka frå 2011 til 2012, medan talet på økologiske sauar gjekk attende. I 2012 var 3,5 % av mjølka og 0,9 % av kjøttet produsert i Noreg økologisk. Det plasserer oss på ein sistepllass blant dei nordiske landa når det gjeld omfanget av

økologisk matproduksjon. Austerrike og Sverige er dei landa i Europa som har størst del økologisk areal i høve til totalt jordbruksareal.

Økologiske landbruksprodukt er frie for restar av kjemiske plantevernmiddel, noko som kan gi auka etterspurnad etter økologiske matvarer i framtida. Norske styresmakter gir likevel uttrykk for at ein auke i den norske produksjonen av økologiske varer er avhengig av at økonomien i økologisk landbruksproduksjon minst er på høgde med konvensjonell landbruksdrift. For å sikre ein slik økonomi, må det vere ein marknad som etterspør varene til ein god pris, og det må vere eigne støtteordningar for økologisk produksjon.

Kjelde: Meld. St. 9 «Landbruks- og matpolitikken» og SSB

Tabell 33 syner nokre nøkkeltal for økologisk jordbruksproduksjon i Telemark i 2003 og 2012

Tabellen syner at talet på føretak med økologisk areal har halde seg på eit stabilt nivå i tiårsperioden. Økologisk areal er markant høgare i 2012 enn det var i 2003. Føretak med økologisk sauehald har variert mellom 20 og 30 i perioden, og sauetalet har òg variert ein del. Det har vore nedgang av føretak med økologisk mjølkeproduksjon, medan det har vore ein auke av føretak med økologisk ammekuproduksjon. Dette er ei utvikling som er mykje lik den som har skjedd i konvensjonell mjølke- og ammekuproduksjon i Telemark. Om lag 90 % av det økologiske arealet er eng, medan dei resterande 10 % fordeler seg på korn, grøngjødsling og frukt

Det økologiske landbruket i Telemark er spreidd over heile fylket, men det er i Skien kommune det finst flest gardsbruk/føretak basert på økologisk drift. Her er det mellom anna eit godt miljø for økologisk mjølkeproduksjon. Skien er òg den kommunen der mest areal er lagt om til økologisk drift(5560 da.) Bø kommune følgjer så med 1620 da og Seljord med 1460 da. Av totalt jordbruksareal i Telemark i 2011 var 8,3 % økologisk, inkludert karensareal. Karens er perioden med omlegging frå konvensjonell drift fram til at arealet eller

Tabell 33: Kjelde: Fylkesmannen i Telemark

	2003	2012
Tal føretak økologiske mjølkekryr	11	6
Tal føretak økologiske ammekryr	16	20
Tal føretak økologiske sau	25	24
Tal føretak økologisk karensareal	46	24
Tal føretak økologisk areal	92	93
Økologiske mjølkekryr	231	188
Økologiske ammekryr	113	252
Økologiske sauar	1076	1638
Økologisk karensareal	3132	1982
Økologisk areal	13094	16278

produksjonen er godkjent som økologisk. Dette gjorde fylket til det fjerde største i landet når det gjeld økologisk areal i forhold til totalt jordbruksareal.

I 2011 utarbeidde Fylkesmannen i Telemark ei ny og revidert utgåve av handlingplanen for økologisk landbruk i Telemark for perioden 2011 – 2013. Der er det tatt omsyn til både produksjon og forbruk av økologiske matvarer. Hovudmålet i den reviderte handlingsplanen er ein årleg auke i det økologiske arealet med 5 %, og ein auke i forbruket av økologisk mat med 25 %. Det er sett opp ei rad mål knytte til produksjon, foredling og omsetnad av økologisk mat. Mellom anna er det eit mål å auke den økologiske produksjonen av korn med 10 % årleg, det skal arbeidast aktivt for å få Tine til å nytte økologisk mjølk frå nedre Telemark i sin produksjon av ferdigprodukt, og det er mål om at 15 % av vareforbruket i offentlege etatar, storhushald og ved større kulturrangement skal vere økologisk produsert. Det er også utarbeidd strategiar og forslag til tiltak for å nå målsettingane.

Med ein veksande marknad for økologiske matvarer kombinert med nærliek til store marknader, vil det i delar av Telemark vere gode føresetnader for å auke produksjon og omsetnad av økologiske matvarer. Det bør og vere godt mogleg å kombinere økologisk produksjon og lokal foredling.

Skogbruk og utmarksnæring

Generelt


Skogbruket i Telemark har historisk vore ein viktig økonomisk drivar i Telemark. Skogbruket har vore ei viktig kjelde til sysselsetting i landbruk, transport og foredlingsindustri.

Dei siste 10 åra har avverkinga (hogst av tømmer) vore relativt stabil omkring 600 000 m³. Finanskrisa i 2009 viste at skogbruket er styrt av den internasjonale marknadssituasjonen, og avverkinga dette året fall brått til under 450 000 m³. Dette viser at avverkinga i større grad enn før er styrt av prisen på tømmer.


Skogbruket har dei 30 siste åra vore gjennom ei stor utvikling i driftsform. Frå manuell hogst med motorsag og transport fram til veg med traktor, til hogst med hogstmaskin som feller, kvistar og kappar tømmeret i ein operasjon. Transporten ut av skogen skjer nå for det meste med lassberar. Dette har effektivisert tømmerdriftene i svært stor grad.

Telemark har framleis mange små verksemder som mindre sagbruk og trevareindustri (møbel, interiør etc.). Produksjon av verdiar (eit omløp) i skogbruket:


Figur 1: Hogst i Telemark 1945 - 2010. Kjelde Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga




Figur 2: Omløp/verdikjede i skogbruket



Figur 3: Hogst 2002-2011. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga. Hogst for salg:



Figur 4: Avverking og tal på skogeigedommar etter storleik. Kjelde: SSB



Avverking i Telemark 2011. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga

Hogst 2011

Private, kommunale og offentlige skoger

	TØMMER FOR SALG						VED TIL BRENSEL ¹⁾			SAMLET AVVIRKNING		
	Gran km³	Furu km³	Lauv km³	Ved ¹⁾ km³	Sum km³	Bruttoverdi kr	Bar km³	Lauv km³	Brutto kr	Sum km³	Bruttoverdi kr	Etendommer stkk
Poregrunn	12 034	247	192	210	12 683	4 266 980	270	1000	290 000	13 953	4 556 980	35
Skien	69 069	8 890	829	829	79 617	27 106 309	800	3 200	920 000	83 617	28 026 309	84
Notodden	38 620	44 355	609	904	84 568	29 241 872	200	5 000	1 790 000	89 768	31 031 872	127
Siljan	19 095	96	124	515	19 830	7 191 098	400	1600	460 000	21 830	7 651 098	14
Bamble	21 143	3 874	679	1240	26 936	8 989 680	400	1 600	572 000	28 936	9 561 680	63
Kragerø	6 095	4 543	520	185	11 343	3 961 365	0	0	-	11 343	3 961 365	43
Drangedal	26 668	34 010	1 204	1 677	63 559	21 857 503	0	0	-	63 559	21 857 503	118
Nonne	23 922	25 976	676	479	51 053	17 578 897	400	2 000	700 000	53 453	18 278 897	70
Bo	14 421	10 984	355	173	25 933	8 710 509	250	1 500	515 000	27 683	9 225 509	52
Sauherad	17 602	8 454	219	1223	27 498	8 898 757	250	1 600	545 000	29 348	9 443 757	66
Tinn	17 364	9 646	73	703	27 706	9 768 840	300	1 600	550 000	29 886	10 338 840	57
Hjartdal	29 849	5 549	254	1192	36 844	12 243 788	200	100	370 000	37 144	12 613 788	63
Seljord	9 011	284	40	207	9 542	3 125 072	100	300	135 000	9 942	3 260 072	44
Kviteseid	21 812	11 522	190	321	33 845	11 570 144	100	1300	371 000	35 245	11 941 144	84
Nissedal	5 651	18 976	555	274	25 456	8 501 160	75	1000	285 000	26 531	8 786 160	54
Fyresdal	20 029	23 898	376	1049	45 352	15 111 585	30	450	159 500	45 832	15 271 085	59
Tokke	24 210	1 062	73	313	25 658	8 384 002	200	1000	310 000	26 858	8 694 002	34
Vinje	16 964	2 963	100	-	20 027	6 824 632	200	350	155 000	20 577	6 979 632	36
Sum 2011	393 559	215 329	7 068	11 574	627 530	213 352 193	4 175	23 800	8 127 500	655 505	221 479 693	1 103
Sum 2010	366 913	223 838	8 600	8 885	608 236	205 071 707	5 040	23 550	8 206 550	636 826	213 278 257	1 064
Sum 2009	259 943	165 771	6 522	6 305	438 541	125 531 434	3 850	18 150	5 791 500	460 541	131 322 934	967
Sum 2008	395 750	232 525	9 109	7 827	645 211	222 245 171	4 750	19 850	6 376 000	669 811	228 621 171	1 238
Sum 2007	390 264	218 519	8 108	6 069	624 165	222 418 504	5 920	20 700	6 796 000	650 785	229 214 504	1 319
Sum 2006	374 456	217 413	8 821	5 292	605 982	183 739 252	4 360	18 670	6 097 750	629 012	189 637 002	1 757
Sum 2005	364 819	242 189	6 294	5104	618 406	186 726 770	5 505	21 675	6 655 350	645 586	193 382 120	1 303
Sum 2004	366 891	184 497	5 569	-	556 957	166 400 811	6 390	21 243	6 834 218	584 590	173 235 029	1 251
Sum 2003	364 177	150 139	7 828	-	542 144	160 710 576	12 765	23 770	8 287 133	578 679	168 987 709	1 280
Sum 2002	439 216	214 355	10 489	-	664 060	190 890 496	5 777	25 102	7 465 416	694 939	198 355 912	1 629

¹⁾ Tall fra VSOP (virkesdatabasen for skog)

²⁾ Tall hentet fra kommunenes statistikk

For å forstå skogbruket er det viktig å ha med seg korleis verdiane blir produserte i skogbruket. Eit omløp (frå planting til hogst) tar 70-100 år. I denne næringa opererer ein altså med svært lange horisontar.

Norsk treindustri har høge drifts- og transportkostnader. Særleg massevirkesituasjonen er vanskeleg og har vore gjennom ein periode der produksjonskapasiteten har blitt redusert mykje.


I Telemark starta det med nedlegging av Union i Skien, og våren 2013 kom meldinga om konkurs ved Vafoss og nedlegging av Tofte, som har vore hovudmottakar av

massevirke frå Telemark. Drifta på Vafoss er starta opp att, noko som betrar situasjonen for Telemark.


På sikt kan det opne seg nye bruksmåtar for massevirke, men det krev omlegging og utvikling som vil ta tid.

Skog er ein viktig faktor i CO₂-rekneskapen. Avverking av skog og planting av ny skog bind CO₂. Bruk av massevirke som brensel i bioenergianlegg, anten til produksjon av elektrisk kraft eller fjernvarme blir meir og meir aktuelt. Kratt, toppar og därleg massevirke er høver godt til dette, men låge kraftprisar gir därleg betalingsvilje for virket.

Figur 5: Prisutvikling Telemark 1996-2011. Kjelde SSB



Figur 6: Avverking, planting og markreiling Telemark 1992-2011. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga



Planting for å sikre størst mogleg tilvekst og dermed størst mogleg binding av CO₂ er viktigare enn nokon gong.

Utmark og aktivitetar i utmark er viktige for friluftsliv og rekreasjon. Det er likevel krevjande å utvikle næring av dette, då jakt, fiske og hytteutleige ofte er ettertrakta berre i korte delar av året.

Å bygge i tre er miljøvenleg, og det er utvikla løysingar som gjer store trebygg både teknisk mogleg og lønsamt. Bygg i tre er estetisk vakre, og trevirket gir eit godt miljø inne i husa. Det ligg eit stort potensial for bruk av tre i offentlege bygg og private næringsbygg, i tillegg til tradisjonelle bustadbygg.

Areal og volum

Telemarksskogbruket representerer eit produktivt areal på om lag 5 300 000 daa. Ein reknar med eit ståande tømmervolum på 54 500 000 m³ på dette arealet (Kjelde: SSB).

Årleg volum som kan nyttast er estimert til 900 000 m³. Det betyr at avverkinga i Telemark kunne vore auka med 300 000 m³, som svarar til ein bruttoverdi på om lag 100 millionar kroner.

Eigedomssstruktur

Telemark har 6807 eigedommar med over 25 dekar produktiv skog (SSB 2011). I høve til andre fylke er eigdomsstrukturen ganske bra, men 5496 av desse eigdommene disponerer under 1000 daa produktiv skog.

Dei fleste skogeigarar har i dag arbeid utanfor skogbruket og såleis mindre behov for å skaffa seg inntekt frå skogen. Dette fører til at tømmerprisen (og netto resultat til skogeigar) styrer avverkinga i endå større grad enn tidlegare, samstundes som dagens skogeigar ofte har ein mindre nær tilknyting til skogen sin enn generasjonane før.

Som ein ser av figur 5, har prisane for tømmer vore relativt konstante dei siste 15 åra. Med stigande kostnader og lønsutvikling har dette ført til at nettoverdien for skogeigar er redusert.

Skurtømmerprisane har vore relativt stabile og er i stor grad styrte av bustadbygging, både i vårt eige land og på eksportmarknadene.

Massevirkeprisane er styrte av verdsmarknaden, og særleg papirindustrien er inne i ein nedgangsperiode. I periodar er det avsetningsproblem på grunn av liten etterspurnad. Nye produkt og nye måtar å anvende massevirke på for å få prisvekst, er utfordringa som må løysast.

Tømmer til ved har hatt ein positiv prisutvikling, men dette er ein relativt liten del av volumet. Her er det eit lite utnytta potensial som også vil verke positivt i CO₂-rekneskapen.

Tømmer til energiformål er eit område med potensial til å

ta imot store volum etter som biovarmeanlegg blir bygd. Utfordringa er låg betalingsvilje på trevirke grunna låg pris på straum. Dersom energiprisane stig, kan dette bli ein stor mottakar av dei dårlegaste massevirkekvalitetane.

Forynging

For å sikre maksimal produksjon av tømmer og størst mogleg binding av CO₂, er planting og stell av ungskog viktig.

Planting

Skoglova pålegg skogeigar å forynde skogen etter hogst:

§ 6. Forynging og stell av skog

Skogeigaren skal sørge for tilfredsstillende foryning etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for foryning. Nødvendige tiltak for å legge til rette for foryning skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

Foryning av skog, ved naturleg foryning, planting eller kombinasjonar av desse er eit svært viktig tiltak i Telemark. Fylket har i snitt eit relativt lågt tal på tre (m³) per dekar (<15m³) på hogstmoden skog. Det er langt mindre enn det vi finn lengre austover og inn i Sverige (20-30 m³/dekar).

Utbreiing av naturleg forynga skog og skog på relativ skrinn skogsmark bidrar sterkt til denne situasjonen. Låg m³-masse per dekar fører til lågare effektivitet og dyrare drift enn i andre fylke og land det er naturleg å samanlikne seg med. Likeeins er godt stelt skog rimelegare å avverke, den gir ein høgare skurdel og snitpris enn hogst av ustelt skog. Dette gjer at optimal foryning og stell av skogen gjennom dei ulike fasane av treets utvikling er svært viktig for å auke volum og kvalitet på skogen i Telemark. Dei siste åra har plantinga gått ned sett mot avverka areal (fig. 5), og Telemark har låg tettleik i skogen i høve til det ideelle. Dette blir ei utfordring når vi kjem fram til neste omløp (når skogen er mogen for hogst). Det er viktig at avverka areal blir planta, slik at ein sikrar maksimal tilvekst og CO₂-binding.

AT Skog SA jobbar med å auke plantinga gjennom å ha eigne rådgivningsstillingar på skogkultur. Det offentlege rådgivningsapparatet er viktig for å motivere og gi råd om planting.

Markkreiling

Markkreiling sikrar tilveksten på furubonitetar og er eit effektiv foryningstiltak. Dette kunne vore utført i større omfang enn i dag.



Ungskogpleie

Ungskogpleie sikrar tilveksten og gir betre kvalitet på virket. Telemark har bruk for auka aktivitet også på dette området. AT Skog SA har tilbod til alle skogeigarar om leige av kyndig personell til ungskogpleie. Dei har også tilbod om rådgiving. Kommunen vil også kunne gje råd om ungskogpleie. Dei forvaltar tilskottsordningar som saman med bruk av skogfondsmiddel gjer økonomien i ungskogpleie god.

Skogbruksplan er eit godt verkty for skogeigaren. Her blir det gitt råd om ungskogpleie.

Hovudutfordringa knytt til ungskogpleie ligg i informasjon og motivasjon til skogeigarane, samt at mange eigalar ikkje ser økonomiske føremøner i å stelle skogen. Mindre tid i skogen og meir tid på annan jobb gjer at mange no har mindre oversikt enn før over kva tiltak som er naudsynte i skogen.

Telemark har store avsetningar i skogfond (90 mill.) som kan brukast til skogkulturtiltak.

Miljøomsyn i skogen

Dei seiste 25 åra har det vore mykje merksemd på miljøomsyn ved skogsdrift og sikring av biologisk mangfold. Gjennom Levande Skog-avtalen og miljøsertifisering er desse omsyna godt tatt vare på. Mange skogområde er freda, ofte som *frivillig vern*, og viktige leveområde for sjeldne artar er sikra gjennom skogbruket si eiga miljøregistrering (MiS).

Skogen i Telemark har i lang tid vore eigd av bønder med sitt årlege virke i skogen, og forvalta med sikte på at nye generasjonar skulle ha glede av skogen og hente utkome frå han. Like eins er småskalaskogbruket i eit sær ulendt terren, som det er mykje av i Telemark, ein garanti for variasjon i naturen. Grunnlaget er det beste, men dei store trugsmåla for miljøet er den komande klimaendringa som følgje av høge utslepp av klimagassar, skadeleg utbygging i skog og utmark og manglende daglege omsyn ved ferdsel i naturen.

Infrastruktur

Riks- og fylkesvegar

Høge transportkostnader fører til svekka konkurranseevne for Telemarksskogbruket i høve til andre landsdelar.

Innføring av nye kjøretøyforskrifter som tillet 24 meter lengde og 60 tonn totalvekt kan redusere transportkostnadane mykje og auka konkurranseevna. Fleire fylkesvegar har allereie ein standard som gir svært høge transportkostnader. Innføring av nye kjøretøybestemmelser vil føre til ytterlegare trøng til utbetring av kritiske punkt.

I Telemark er det mange fylkesvegar med tillatt vogntoglengde 22 m. Mange av desse har bruksklasse T8 om sommaren og 10 om vinteren. Alle vegar med T8 om sommaren har etter veglista maksimal totalvekt 50 t. Skogeigarforbundet ønsker

at desse vegane skal ha maks totalvekt 56 t (Bk10), slik at dette kan utnyttast gjennom vinterhalvåret. Om sommaren vil aksellasta være avgrensande, og maksimal totalvekt vere 50 t.

Kommunale vegar

Ved innføring av nye kjøretøyforskrifter vil fleire kommunale vegar i Telemark ha punkt som skaper vanskar. Dette blir ei utfordring for kommunane i tida framover.

Skogsbilvegar

Mykje av skogsbilvegnettet i Telemark er bygd på 50, 60 og 70-talet. Det er dimensjonert for mindre kjøretøy og det er trøng til vedlikehald og ombygging.

Det blir årleg bygd om ca. 30 kilometer skogsbilveg i Telemark. Innføring av nye kjøretøyforskrifter vil auke trøngen for ombyggingar, sjølv om behovet for ombygging og modernisering av skogsbilvegnett i stor grad er til stades uavhengig av om tillatt vogntoglengde og lengde blir auka. Med auka vogntoglengder blir det stilt større krav til skogsbilvegane, serleg når det gjeld snuplassar og kurvarur.

Det pågår for tida eit omfattande vegprosjekt i Telemark kalla Prosjekt masterplan for skogsbilvegar i Telemark, med vekt på registrering av tilstanden på skogsbilvegane og heving av kompetanse på vegbygging og byggeteknikk. Det er i prosjektet registrert tilstand på nærmare 2000 km skogsbilvegar i Telemark, og det syner stort behov for vedlikehald og ombygging.

Det er også frå 1. juni 2013 innført nye vegnormalar for bygging av skogsbilvegar, som mellom anna sett nye krav til snuplassar tilpassa auka vogntoglengder på 24 m. Samstundes er ein meir merksam på auka bereevne, varigheit og auka nedbør ved at krava til bruk av massekvalitetar er skjerpa og tilpassa moderne byggeteknikk med den maskinparken som nå er tilgjengeleg for bygging av vegar. Det er mellom anna innført ein ny vegklasse tilpassa moderne byggeteknikk og krav til bereevne og auka varigheit for skogsbilvegane.

Fylkesmannen i Telemark har 20.12.2012 innført nye retningsliner for tilskott til skogsvegar der bygging og ombygging til skogsbilvegar av høg kvalitet er prioritert, minste stikkrennedimensjon er auka på grunn av endring i nedbørstilhøva og tilpassa nye vegnormalar og moderne byggeteknikk.

Som ein ser av statistikken, er det relativt lite bygging av nye skogsbilvegar. Grunnen er at det i mange område er eit godt utbygd nett, og at låg tømmerpris gjer nye vegar ulønsame.

Hamnekapasitet

Telemark manglar i dag god hamnekapasitet for utskiping av tømmer. Dette hadde vore ein konkurransefordel, men er avhengig av god infrastruktur fram til hamnene, og ein god logistikkfunksjon på kaiene.

AT Skog disponerer i dag kaiplass på Herre. Denne er svært viktig, men liten.

Sysselsetting

Drift av tømmer

Mesteparten av tømmerdriftene blir gjord med hogstmaskin og lassberar. Driftsapparatet skaper arbeidsplassar i distrikta, og det meste av avverkinga i Telemark blir utført av lokale entreprenørar.

Transport

Det aller meste av tømmeret blir transportert av lokale transportørar knytte til AT Skog.

Sagbruk


Moelven Telemarksbruket i Bø er den største foredlingsverksemda for skurtømmer i Telemark og foredlar om lag 40 000 m³ i året. I tillegg har vi fleire mindre sagbruk.

Som statistikken viser, er sysselsettinga redusert dei seiste åra. I skogbruk og tilhøyrande tenester kjem dette i stor grad av rasjonalisering og meir effektiv drift.

Utnark – naturbaserte bygdenæringer

Utnarksnæring (nå ein del av omgrepene bygdenæringer) har i lang tid vore viktig for grunneigarane i Telemark. Mange leiger ut enkle jaktprodukt, sel hyttetomter, fiskekort, leiger ut husvære etc.

Figur 7:Viktige vegar for tømmertransport. Kjelde:Telemark Fylkeskommune



Tabell 34: Kritiske punkt riksvegar; Telemark 2013 Kjelde: Norges skogeierforbund

Vegnr.	Strekning	Antall	Kommune	Årlig tømmervolum m ³	Årlig innsparing kr
Telemark					
Rv 36	Verpe bru	1	Bø	12 000	144 000


Tabell 35: Kritiske punkt fylkesvegar, Telemark 2013. Kjelde: Norges skogeierforbund

Telemark				
Vegnr.	Strekning	Kommune	Årlig tømmervolum m^3	Årlig innsparing kr
Fv 38	Sannidal (X Fv 363) – Drangedal grense, Tyvann bru	Kragerø	120 000	1 200 000
Fv 38	Kragerø grense – Bostrak (X Fv 358), Heldøla bru	Drangedal	225 000	2 700 000


I tillegg til veger som framkommer som flaskehals i veglista, oppfattes følgende veger å ha spesielt dårlig standard:

Vegnr.	Strekning	Kommune	Årlig tømmervolum m^3
Fv 109	Nome grense – Nås - Prestestranda	Drangedal	3 000
Fv 803	Krossli - Bandaksli	Tokke	5 000
Fv 805	Gøytil – Omdalsgrend - Liosvingen	Tokke	2 000
Fv 854	Hylland - Øyfjell	Vinje	3 000

Figur 10: Skogsbiilver nybygg og rehabilitering. Kjelde: Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga



Figur 11: Sysselsette i skogbruk og trelast og trevareindustri i Telemark. Kjelde: SSB



Samanlikna med andre regionar i landet er det få som har utvikla desse næringane til noko anna enn ei lita tilleggsnæring. Her er det potensial for vidare utvikling, men det trengst kunnskap, informasjon og tilrettelegging.

Telemark har mykje flott og unik natur. I tillegg har fylket mange kunnskapsberarar i engasjerte grunneigarar som har lange tradisjonar på eigen eigedom. Dei utgjer eit stort potensial for guiding og kunnskapsformidling. Mange av grunneigarane har full jobb utanfor eigedommen og har ikkje tid til utvikling av annen næring. Somme av desse kan kanskje vere positive til å leige ut areal til andre «opplevingsutviklarar».

Ulike aktørar har ulik bruk for kunnskap. I natur- og kulturminneforvaltinga treng ein kunnskap knytt til naturgrunnlaget og verneverdiane. For næringslivet, og særleg reiseliv, trengst kunnskap om det verdiskapingspotensialet som ligg i utmark og verneområde, og korleis dei kan nyttast på ein berekraftig måte.

Det er viktig at dei ulike verdiskapingsprosessane blir sett i samanheng. Ei sterkare kopling mellom natur og næring vil gi kunnskap om kva for utfordringar som er ulike og kva som er samanfallande. En slik tydeleggjering kan medverke til løysingar. Med tilstrekkeleg kunnskap kan naturen i Telemark bli forvalta enda betre, og samtidig gi grunnlag for produkt med god inntening.

Kunnskapen om korleis ein kan utnytte arealgrunnlaget i Telemark er ikkje tilstrekkeleg. Ved å investere i kunnskap om alternativa, kan dette opne for utvikling av utmarksressursar på ein måte som er forsvarleg for miljøet. For å få til ei slik utvikling, må det investerast i kunnskap.

I mange tilfelle er det rett at område blir verna eller utbyggingsar får avslag for å sikre viktige naturkvalitetar. I andre tilfelle har nettopp vern med redusert bruk og bortfall av bruk, ført til at for eksempel kulturlandskap og kulturminner forfall.

Offentlig planlegging er prega av at tekstdelen av planane utforskar kva som er mogleg. Kartdelen derimot er prega av avgrensingar som reduserer det moglege, i staden for å vise kvar ein kan realisere idéane frå tekstdelen.

Naturbaserte bygdenæringer blir nærmare omtalt under kapittelet om bygdenæringer.

Utfordringar for Telemarksskogbruket

Økonomi

Låg netto for skogeigar fører til redusert verksemd i skogbruket. Dette forplantar seg til driftsapparatet og transportnæringa som får for lite oppdrag. På sikt kan det føre til nedlegging og manglande kapasitet i driftsapparatet.

Infrastruktur

Dårleg infrastruktur (særleg veg) fører til høge kostnader og svekka konkurranseevne.

Industri

For lite trebasert industri i Telemark fører til lange transportavstandar og redusert konkurranseevne.

Planting og ungskogpleie

Hovudutfordringa omkring planting og ungskogpleie ligg i informasjon, motivasjon og ikkje minst framtidstrua hos skogeigarane.

Utmarksbaserte bygdenæringer

Avgrensingar i bruken av areala, særleg i og ved verna område, men også i LNF-område i planverket, er ei utfordring for utvikling av bygdenæringer. Dette er ikkje i samsvar med kommunanenes mål i den skriftlege delen av kommuneplanane, og fører til redusert aktivitet.

Mangel på samarbeid mellom sektorane, yrkesgrupper, privat næringsliv og offentleg forvaltning fører til lite samhandling og færre etableringar.

Kontaktskaping, fagleg bistand og oppfølging av nye aktørar er ikkje god nok.

BYGDENÆRINGAR

I Meld. St.9 (2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken» blir omgrepet *bygdenæringer* lansert som fellesnemning for næringar utanom jord- og skogbruk. Omgrepet bygdenæringer omfattar ei rekke aktivitetar som til dømes naturbasert reiselivstilbod, overnatting, produksjon og sal av matspesialitetar, vatn- og vindkraftproduksjon, fiskeoppdrett, helse, omsorgs- og avlastningstilbod, barnehage, leiekøyring og vaktmeistertenester. Bygdenæringer har vore ein del av det norske landbruket i svært lang tid. Kombinasjonsnæringer der jordbruk, skogbruk, turisme, fiske, handverk, arbeid utanom garden m.m. samla har gitt ei inntekt til å leve av, har bidratt til å oppretthalde drifta på mange gardsbruk. Det har skjedd mykje innanfor bygdenæringane dei siste tiåra. Det har mellom anna vorte etablert næringar knytte til helse og omsorg, lokal mat og reiseliv. For mange av dei som startar med bygdenæring, er motivasjonen å sikre inntektsgrunnlaget på garden.

Meld. St. 9 «Landbruks- og matpolitikken»



Framleis er tradisjonelt jord- og skogbruk mannsdominerte yrker, medan ein del bygdenæringer gir tiltrekkjande arbeid og utkomme for kvinner. Mange ser at til dømes næringer som gardsturisme/reiseliv, produksjon av gardsmat/gardsservering og Inn på tunet gir fridom til å utnytte eigne interesser, kompetanse og erfaring. Etablering av bygdenæring i kombinasjon med jord- og skogbruk kan skape fellesskap der både menn og kvinner bidrar til å nyte ut gardenes samla ressursar. Gardsbruk der ein kan kombinere tradisjonell landbruksproduksjon med ulike slag bygdenæring kan vere meir attraktive å overta. Mange vil ved slike kombinasjonar få høve til å nyte allereie opparbeide utdanning og røynsle knytt til anna yrke.

Meld. St. 9 «Landbruks- og matpolitikk»

Spørjeundersøkinga «Trender i norsk landbruk» (Bygeforskning) for 2010 synte at 69 % av norske bønder dreiv med minst ei form for anna næringsverksem basert på brukets ressursar ut over jord- og skogbruk. Driftsgranskninga gjennomførte av NILF syner at bygdenæringerane bidrag til familieøkonomien totalt sett er liten, men at dei likevel er ei viktig inntektskjelde for mange enkeltbruk. Driftsgranskningane syner òg at lønsemda er betre ved produksjon av tenester enn ved produksjon av varer.

På mange av gardsbruka i Telemark har det gjennom lang tid vore vanleg å hente tilleggsinntekter frå anna næring enn den tradisjonelle jord- og skogbruksdrifta. I mange tilfelle har det skjedd ved lønna arbeid utanom garden. Kombinasjonen bonde og industriarbeidar var ganske vanleg i fleire bygdelag i Telemark gjennom ein temmeleg lang tidsbolk. Det har heller ikkje vore uvanleg å kombinere gardbrukaryrket med ulike former for handverksarbeid, til dømes snikkarverksem. I fleire av bygdene i Telemark, spesielt i den øvre delen av fylket, har det vore ei kraftig utbygging av hyttefelt. Dette har skapt

stor etterspurnad etter ulike slag handverkstenestar, og gode moglegheiter for å kombinere inntekter frå gardsdrift med inntekter frå handverksarbeid. På langt dei fleste av dagens gardsbruk i Telemark hentar dei ein monaleg del av familiens samla inntekt frå lønna arbeid utanfor garden.

Omfanget av bygdenæringer har variert, og varierer framleis i Telemark. Utlege av jakt og fiske, overnatting, inntekt frå hyttetomter, fiskeri, produksjon av ved, juletre, gardssag og ulike former for leigekøyring er døme på bygdenæringer som har vore vanlege i Telemark gjennom lengre tid. Fleire av desse næringane er framleis vanlege hos ganske mange. Leigekøyring er til dømes ei næring som har vakse i omfang.

Av fylkets om lag 1600 jordbruksbedrifter i 2010, var det 992 eller 61 % som dreiv ei eller fleire bygdenæringer attåt jord- og/eller skogbruksdrifta. På landsbasis var det 57 % av jordbruksbedriftene som hadde bygdenæring som inntektskjelde attåt gardsdrifta.

Kjelde: SSB

Tala i tabell 36 syner bygdenæringer i Telemark som blir drivne som attåtnæring til tradisjonelt jordbruk/skogbruk. Tabellen gir såleis ikkje noko fullstendig oversyn over det totale omfanget av bygdenæringer. «Produksjon og sal av trevirke» omfattar produksjon og sal av treslag og/eller ved. Denne gruppa syner ein dobling frå 1999 til 2010, og gjeld nok i stor grad auken i vedproduksjonen. Tala for leigekøyring er noko ufullstendige. Leigekøyring i jordbruket og utanfor jordbruket vart ikkje registrert i 1999, berre leigekøyring i alt. Denne gruppa syner ein markant nedgang i perioden. Ein bør sjå nedgangen i samanheng med nedgangen i talet på jordbruksbedrifter i den same perioden. Det er likevel grunn til å tru at blant dei som driv jordbruk/skogbruk, er det ein aukande del som hentar inntekter frå leigekøyring. Gruppa «Utleige av bygningar» syner kraftig stigning i perioden, noko som nok heng saman med nedgangen i tal jordbruksbedrifter, men òg at fleire vel å leige ut våningshus på nedlagte gardsbruk. Utleige av jakt- eller fiskerettar syner ein gledeleg oppgang, og dette er rettar

Tabell 36. Kjelde: SSB – Landbrukstiljing 2010

Næringer Jordbruksbedrifter	1999	2010
Leigekøyring i jordbruket	:	204
Leigekøyring utanfor jordbruket	:	324
Utleige av jakt- eller fiskerettar	206	221
Utleige av bygningar	136	201
Utleige av jordbruksareal	209	87
Bortfeste av tomter	220	183
Produksjon og sal av trevirke	164	324
Turisme	198	126
Andre bygdenæringer	221	249
Leigekøyring i alt	622	419
Bygdenæringer i alt	1 224	992



som kan utnyttast enda meir i turistsamanheng. Gruppa turisme syner ein nedgang som gir grunn til uro, og som bør utgreiaast nærare. Bygdenæringer i alt har markant nedgang. Ein del av nedgangen må ein sjå i samanheng med nedgangen i talet på gardsbruk.

Det finst om lag 60 produsentar av lokalmat i Telemark.

Fylkesmannen i Telemark

Mange av desse har etablert seg med sin produksjon i seinare år, og mange driv denne produksjonen som bygdenæring attåt tradisjonelt jord- og skogbruk. Produksjonen spenner frå svært små føretak som har kort driftstid, til større verksemder som har halde på i lengre tid. Det er ei stigande interesse for lokalmat. Det kjem mellom anna til synet ved ulike messer og utstillingar, til dømes Dyrsku'n, Mersmak og Bondens Marked. Daglegvarekjedene syner òg sterkare interesse for å selje lokalt produsert mat. Det siste har mellom anna gitt som utslag at daglegvarekjeda Meny har tatt initiativ til å opprette ein lokalmatpris for Telemark. Prisen skal fungere som ein påskjønning for dei som gjer ein særleg innsats på lokalmatområdet, og den skal fungere som ein inspirator. Prisen er oppretta i eit samarbeid mellom Meny, Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark og Mersmak. Samstundes har det vore, og det er, utfordringar knytte til marknadsføring, distribusjon og sal av lokalmat i daglegvarehandelen. Det er også vanskar knytte til storleik og kontinuitet i ein del av lokalmatproduksjonane. Produksjon av lokalmat er ei bygdenæring med eit klart potensial for vekst i Telemark. Eit breitt tilbod av lokalmat blir også viktig i ei framtidig reiselivssatsing i Telemark. Lokal produsert mat er derfor særskilt omtalt i kapittelet om bygdenæringer.

Telemark ønsker å profilere seg som reiselivsfylke, og det er eit ønske at fylket skal vekse som turistdestinasjon. I tillegg til mat produserer landbruksfirma i Telemark levande kulturlandskap, som er svært viktig i reiselivsamanheng. Landbruksfirma i fylket har samstundes potensial i seg til å utvikle reiselivsrelaterte produkt knytte til mat, men og innanfor opplevingsprodukt som spenner over fleire aktivitetsområde. Reiselivstilbod knytte til landbruksfirma har moglege for å vekse som bygdenæring i Telemark. Reiselivsnæringa er òg ein viktig alliert for landbruksfirma i arbeidet for å sikre ei offensiv og lønsam næring i heile landet. Landbruksfirma sine rolle i reiselivssamanheng blir derfor omtalt særskilt i kapittelet om bygdenæringer.

Landbruk og reiseliv i Telemark

Over heile landet bidrar reiselivet til å oppretthalde levegyptige lokalsamfunn. Mange stader er reiselivet ei viktig bygdenæring. Bygeforskning (Norsk senter for bygeforskning) slår fast i ein rapport frå 2008 at det distriktsbaserte reiselivet hadde ein omsetnad i 2005 på minst 35 mrd. kroner. Dette er 37 % av total omsetnad for reiselivet på landsbasis dette året. Totalt sysselsette reiselivet 160 000 tilsette i 2005,

og av dei var om lag 60 000 sysselsette i det distriktsbaserte reiselivet. Omsetnad knytt til gardsturisme var i 2005 på 1 mrd. kroner fordelt på 2500 årsverk, medan produsentar av gardsmat hadde ein omsetnad på 370 mill. kroner fordelt på 1000 årsverk i 2005.

Trass i at Telemark har mykje å by turistar og tilreisande, taper fylket marknadsandelar mot resten av landet både på innanlandsmarknaden og utanlandsmarknaden.

Kjelde: Faunrapport 054-12 «Kartlegging av utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark».

Innbydande og spanande natur er ikkje áleine tilstrekkeleg til å skape eit attraktivt reiselivsprodukt. Turistar som kjem til Noreg ønsker aktivitetar og opplevingar som spenner over eit breitt område. Reiselivsprodukta må vere tilpassa til ulike målgrupper og marknader, noko som krev samarbeid mellom næringsaktørar og fleire sektorar.

Telemark har store utmarksområde som høver er godt for etablering av ulike slag bygdenæringer, ikkje minst naturbasert reiseliv. I Telemark er det eit relativt stort omfang av utleige av jakt og fiske med hytte. Svært mykje av denne verksemda skjer utan stor innsats frå seljaren og med liten grad av tilrettelegging. Det meste av denne type utleige i Telemark skjer også til låge prisar. Frå fleire hald, mellom anna Landbruks- og matdepartementet(LMD), blir det sagt at her finst eit stort unytta handlingsrom. Strategien «Ta landet i bruk» frå 2007 skildrar eit potensial som handlar om å tilby turistane meir enn dei vanlege og materielle produkta som overnatting, mat, jaktkort m.m.. LMD hevdar at reiselivsaktørane kan auke inntektene vesentleg ved å satse på tilby turistane *opplevingar* knytte til sport, dyr, mat, helse, gardsdrift, jakt, fiske m.m. Dagens turistar etterspør andre ting enn forholdsvis få år sidan. Overrasking, underhaldning, begeistring og involvering er stikkord for dei ønskene som finst hos dagens turistar. Det ein stigande etterspurnad etter produkt som gir den som reiser «ei oppleveling for livet». Telemark opplevelser, Canvas Hotell i Nissedal og Camp Vierli er gode døme på opplevelingsturisme.

Kjelde: Faunrapport 054-12 «Kartlegging av utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark»

I 2011 vart det etablert eit samarbeid mellom AT Skog, Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark, Telemark Bondelag, Telemarkkreiser og Faun Naturforvaltning AS for å gjere ein analyse av status for utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark. Det var eit ønske om å vurdere situasjonen nærare, og ein ønskte å peike på tiltak for ei meir positiv utvikling innanfor utmarksnæring og naturbasert reiseliv. Arbeidet har resultert i rapporten «Kartlegging av utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark». Rapporten peikar mellom anna på mangelen på kommunikasjon og samarbeid mellom ulike aktørar i verdikjeda, frå grunneigar til hoteldirektør og mellom offentleg og privat sektor. Dette blir vurdert som ei klar hindring i arbeidet med å utvikle utmarksnæring. Rapporten etterlyser eit system med ein såkalla koblingsaktør, som mellom anna skal syte for å

etablere gjensidige gode avtalar mellom reiselivsinteresser/aktørar og grunneigarar når desse ikkje er same person. Det blir også peika på at koblingsaktøren bør samarbeide med marknadskanalar som til dømes Telemarksreiser for å få informasjon og kunnskap om marknaden og kva marknaden etterspør. Rapporten slår fast at Telemark treng fleire profesjonelle utøvarar for å utvikle næring i utmarka.

Dei største utfordringane for å utvikle naturbasert reiseliv i Telemark blir i rapporten vurdert å vere følgjande:

- Avgrensingar i bruken av areala, særleg i og ved verna område, men og i LNF-område i planverket
- Mangel på samarbeid mellom sektorar, yrkesgrupper, privat næringsliv og offentleg forvalting
- Kontaktskaping, fagleg bistand og oppfølging av nye aktørar

Rapporten inneholder forslag til konkrete tiltak. Desse blir nærmare omtalt under tiltaksdelen i denne meldinga.

På oppdrag frå Distriktsenteret og HANEN gjennomførte Bygdeforskning i 2009 ei nasjonal kartlegging knytt til bygdeturisme og gardsmat i Noreg. I rapporten som dei utarbeidde, er det peika på fleire forhold omkring gardsmat, landbruk og reiseliv som har relevans for Telemark.

Mellom anna viser det seg at dei fleste av verksemndene som driv med gardsmat og/eller bygdeturisme er små bedrifter, eigd og drivne av ektefellar/sambuarar i 40- og 50-åra. Mange av eigarane har høgare utdanning, og dei er ofte innflyttarar eller tilbakeflyttarar til bygda. Dei fleste verksemndene er tilleggsnæring attåt tradisjonelt landbruk og særleg husdyrproduksjon. Dei fleste av desse verksemndene er etablerte dei siste 20 åra, og det er såleis ei forholdsvis ny næring, sjølv om gardsmat og bygdeturisme har solide og lange tradisjonar i Noreg. I rapporten kjem det òg fram at dei fleste gardbrukarar som driv med bygdeturisme og gardsmat er optimistiske med tanke på framtida. Det blir peika på at gardsmat og bygdeturisme opnar ei næring for kvinner i langt større grad enn det tradisjonelle landbruket. Kartlegginga syner at nær sju av ti verksemder hadde eit overskott i 2008, og 45 % av desse hadde eit overskott på under 100 000 kroner. Tala syner ei næring med små marginar, men gjennom kartlegginga kjem det fram at drivarane har stor tru på eigne produkt og dei er optimistiske på eigne vegner. Konklusjonen er at det er signifikant større sjansar for å gå med overskott for dei som driv med gardsmat samanlikna med dei som driv med bygdeturisme utan produksjon av gardsmat. Kartlegginga gjennomført av Bygdeforskning har ikkje talfestartingverknader av denne typen næring, men det er rekna som sannsynleg at bygdeturisme og gardsmat bidrar positivt ved at besökande kjem til lokalsamfunnet. I tillegg etterspør næringa tenester og det blir skapt lokale arbeidsplassar. Når det gjeld forhold som har styrer for utviklinga, ser det ikkje ut til at det er dei økonomiske støtteordningane som tyder mest. Sviktande kunnskap om næringa og kompliserte og krevjande offentlege

godkjenningsordningar er det som i fyrste rekke blir peika på som negativt frå dei som driv med bygdeturisme og gardsmat.

Det er forholdsvis mange som driv med gardsmat i Telemark. Produkta varierer, likeeins storlek på produksjonen. Det er færre som driv kombinasjonen bygdeturisme og gardsmat, men også bygdeturisme åleine. Den fremste eksponenten for kombinasjonen bygdeturisme og gardsmat i Telemark i dag finst i nettverket Budeieveven. Det er eit nettverk for seterdrift og mjølkeforedling i Telemark og Buskerud. Til saman åtte stølar og gardsbruk i Telemark er med. På stølane og gardane blir det laga ulike produkt av ku- og geitemjølk som gjestene kan få kjøpt. I tillegg tilbyr fleire av dei som er med i nettverket overnatting og servering også til større grupper. På fleire av stølane kan ein delta på ulike aktivitetar som laging av stølsmat, fjøsstell, riding m.m. Budeieveven og dei som driv stølane i dette nettverket er gode døme på korleis ein kan skape eit reiselivsprodukt ved å kombinere mat som har sterke tradisjonar med opplevelingar i seterlandskapet. Eit mogleg tiltak som kan styrke opplevelinga i seterlandskapet vil vere eit større innslag av Telemarkskyr.

Kulturminne er ein viktig ressurs i arbeidet med å skape identitet og tilhøyring til staden der ein bur. Telemark er rikt på kulturminne, med stor variasjon. Mange av gardsbruka har kulturminne av høg klasse, og med svært stor verdi. Somme opplever at kulturminne kan vere ei belastning for rasjonell og moderne drift av gardsbruket. Det er til dømes ikkje alltid mogleg å oppgradere eldre bygningar til ein standard som når opp til dagens krav til driftsbygningar. Samstundes kan kulturminne og kulturlandskapet vere viktige utgangspunkt for etablering av bygdenæring på den einstilde garden, men òg som samarbeidstiltak mellom fleire gardsbruk. I samband med arbeidet med Landbruks- og matmelding vart derfor Team kulturminnevern ved Telemark fylkeskommune utfordra på korleis ein kan utvikle kulturminne som ressurs på ein gard.

Team kulturminnevern peikar på at situasjonen på kvar gard er avgjerande for korleis kulturminne kan vere ein ressurs for garden. Viktige element er lokale forhold, kva for kulturminne som finst og deira vernestatus, den konteksten kulturminne står i og kva eigar eller tiltakshavar ønsker å oppnå. Det blir lagt vekt på at kulturminna ikkje må sjåast isolert, men som ein del av eit større kulturmiljø og eit kulturlandskap. Team kulturminnevern viser og til at kulturlandskapet med sine kulturminne er ein viktig føresetnad for kulturopplevelingar knytte til reiseliv, og at dette har naturleg samanheng med mat- og naturopplevelingar. Det er aukande etterspurnad etter det som er ekte og som representerer røter og tilhøyring. Dette er ressursar som kan gi ny næring på garden, anten aleine eller i kombinasjon med matkultur, seterliv, utmarkstilbod, hytteutleie, tilrettelagte kultur- og naturstiar eller anna verksemد med utgangspunkt i garden. Team kulturminnevern viser til fire døme på prosjekt som kombinerer kulturminne, kulturlandskap, læring, opplevelingar og reiseliv. Vidda Vinn, i Vinje og Tinn, er eit prosjekt der ein har tilrettelagt kulturminne

i samband med turstiar. Middelalderuka i Numedal er eit arrangement der det er etablert aktivitetar kring kulturminne, bygdetun og private mellomalderbygg, kombinert med mat, opplevingar og overnatting. Den gyldne omvei i Trøndelag er ein vegstrekning gjennom eit kulturlandskap der aktørane langs ruta byr på kultur- og naturopplevingar, mat og overnatting. Beiteprosjektet i Agder og Telemark er eit prosjekt for å oppretthalde kulturlandskapet gjennom å utnytte ressursane på marginale jordbruksareal, ofte på tvers av eigedomsgrenser.

Den store fruktproduksjonen i Midt-Telemark pregar landskapet i denne delen av fylket. Med dette som utgangspunkt har fleire næringsaktørar i Bø, Nome og Sauherad over litt tid jobba saman for å utvikle ei felles plattform og for å styrke sin posisjon. Målet er at fruktdyrkarar i samarbeid med galleri og overnattingsstader skal skape ulike aktivitetar og opplevingar, for tilreisande og for folk i lokalmiljøet. Norsk Eplefest og Kartfestivalen er døme på arrangement som bygger sin identitet på fruktlandskapet. I prosjektet «Fruktbygda» skal opplevingane bygge på lokal identitet, og næringsaktørane skal utvikle tilbodet for ulike grupper.

Mat med lokal identitet

Noreg har råvarer i verdsklasse og ein spanande matkultur. Maten er ein viktig kulturerbar. Mat og måltid er sentrale element i lokal tradisjon og lokal identitet. Mat med lokal identitet er ein viktig del av norsk bygdenær. Telemark er i så måte ikkje noko unntak. Lokalmatsatsinga i Telemark starta i 1997 i regi av Fylkesmannen i Telemark ved tilsetting av næringsmiddelkandidat. Sidan byrjinga av 2000-tallet har det vore jobba med ulike matprosjekt i Telemark innan lokal foredling, nettverksbygging og samarbeid.

Mattradisjonar, tradisjonsmat, økologisk, lokal og regional mat og matkultur er trender i tida. Stadig fleire fylke og regionar setter seg mål om å bli meir synlege og skaffe seg ein tydeleg plass på det nasjonale «matkartet». Telemark har markert seg som matfylke, men det er potensial for å styrke innsatsen på vidareutvikling av lokal og regional mat.

Utvikling, nettverksbygging, synleggjering

Fleire stader i fylket er det sett i gang ulike prosjekt, samarbeid og nettverk. I Skien ser dei på om det er mogleg å etablere eigen mathall, medan det i Porsgrunn blir jobba med eit kvartal med fokus på mat og matopplevingar. Drangedal har produsentsamarbeidet Smaken av Drangedal og i fjellregionen driv nettverket Budeieveven i grenselandet mat og reiseliv med lokal foredling og kulturformidling. Husdyrprodusentar samarbeider om kjøt av telemarksfe som råvare. Dei matrelatera festivalane har formalisert sitt samarbeid gjennom Kom og smak på Telemark. Matfestivalen Mersmak i Skien er eit døme på ein slik festival som dei siste 6 åra har vore godt besøkt. Dette er ein arena som er viktig for

landbruks- og matnæringa i Telemark. Ulike matnettverk som Regional Matkultur, Bondens Marknad og Hanen tilbyr òg samarbeid. Desse nettverka er viktige for lokalt og regionalt utviklingsarbeid, både innanfor det enkelte nettverk og nettverka imellom. Fleire kompetanseinstitusjonar har matproduksjon, matkultur, tradisjonar, utvikling og foredling på dagsorden; Dyrsku'n mat og kompetansesenter, Høgskulen i Telemark avd. Rauland, Søve vidaregående skule og mat- og restaurantfag i dei vidaregåande skulane.

Telemark og matkulturen

Mat og matkultur bidrar til omdømmebygging. Det er tendens til aukande bruk av tradisjonelle, kulturelle symbol i merkevarebygging av både mat og destinasjon og i nærings- og stadutvikling. Lokal mat, matkultur og natur- og kulturlandskap er mange stader kopla til turisme og reiseliv og til kulturbasert næringssentralisering¹. I Telemark kan vi peika på telemarkska spesielt som eit lokalt kultursymbol. Lokale og regionale produkt og mattradisjonar er synlege og tilgjengelege i butikkar, gardsutsal og spisestader.

Distribusjon og logistikk

Gode moglegheiter for distribusjon er viktig for omsetning og formidling av lokale råvarer og produkt. I Telemark er det behov for styrking og utvikling av distribusjonsapparatet og enklare kontaktpunkt mellom produsentledd/lokalmaten og marknaden representert ved dagligvarehandelen og restaurantmarknaden. Det er peika på eit behov for eit lokalt «matkontor» som kan ta hand om sal og koordinering. Eit slikt kontor skal vere produsentenes reiskap, og eit bindeledd mellom produsenten og kjøparane. Ein slik innretning skal jobbe for å betre og legge til rette på området slik at produkt frå Telemark blir meir tilgjengelege i daglegvarehandelen og i andre salsorganisasjonar, både innanfor og utanfor eige fylke.

Mat og matkultur hos barn og unge

Grunnlaget for interesse og kunnskap blir lagt i tidleg alder². Mat og matkultur skaper grunnlag for læring om lokale forhold på fleire fagområde som historie, geografi, biologi, språk.

I tillegg til å vektlegge mat og matopplevingar i barnehagar, er mat og helsefaget i grunnskulane viktig for kunnskap, utvikling av talent og ikkje minst for å skape glede og nysgjerrigkeit. Tilgang til gode råvarer er viktig.

Fleire fagområde i den vidaregående skulen er sentrale og kan fokusere på lokal produksjon og foredling av mat: landbruksutdanning, restaurant- og matfaga, industrifag, helse og omsorg. Elevkonkuransar er ein velprøvd måte for å skape interesse og engasjement for lokal og økologisk mat. Ungt entreprenørskap er også eit verktøy for samarbeid og utvikling hos barn og unge, både innan einskilte fagområde og på tvers av områda.

¹ Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords!

² Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords!

Lærlingplassar der det er mogleg med rullering mellom fleire bedrifter som jobbar med lokalmat kan vere eit viktig tilbod og er tidlegare etterspurd. Mange mindre bedrifter har ikkje høve til sjølve å ta inn lærlingar på full tid, men eit samarbeid kan gi eit breiare og meir spanande tilbod. Ei slik lærlingordning kan innebere for eksempel kombinasjon av plass i ein større hotellbedrift, ein periode i ein spesialisert restaurant og ei tid hos ei foredlingsbedrift.

Det er viktig å stimulere til samarbeid med mellom anna frivillig sektor. Gjennom 4H blir innsatsen retta mot barn og unge, mellom anna gjennom ny satsing på matskule for barn. Norsk Kulturskoleråd har etablert KulMat, - mat som fagområde i kulturskulen, og tilbyr matkurs til barn og unge på lik linje med andre tilbod i kulturskolen. Norges Bygdekvinnelag er ein organisasjon som jobbar for vidareføring og formidling av den handborne kunnskapen, og har særleg omsut for dei som veks opp.

Det må vere samsvar mellom politiske ambisjonar, disponible ressursar for tiltak og strategiar for bruk av verkemiddel. Det bør vere eit mål at både produsentar og forbrukarar har god kunnskap om lokal mattradisjon, matkultur og matproduksjon.

Inn på tunet

Inn på tunet (IPT) er tilbod for einskiltmenneske eller grupper på gardsbruk. Aktivitetane i tilbodet bygger på gardens og bondens ressursar. Det kan vere et utdanningstilbod knytt til skulen eller aktivitets- og arbeidstreningstilbod i samarbeid med Nav eller den lokale helse- og omsorgstenesta i kommunen

Definisjon av Inn på tunet

Både tilbydarar og kjøparar av IPT og offentleg forvaltning har samla seg om denne definisjonen av IPT:

Inn på tunet (IPT) er tilrettelagte og kvalitetssikrede velferdstjenester på gårdsbruk. Tjenestene skal gi mestring, utvikling og trivsel. Gårdsbruk er en eiendom som benyttes til jord-, skog- eller hagebruk. Aktiviteten i tjenestetilboden er knyttet opp til gården, livet og arbeidet der.

I Telemark fekk desse 3 kommunane Løft-middel:

Drangedal	Fleire Inn på tunet i Drangedal	Skole, barnevern, psykiatri, rehabilitering, rus, demens, innvandrarar	Målet med prosjektet er betre samarbeid internt i kommunen og med NAV. Samordne Inn på tunet-satsinga og samarbeidet med Inn på tunet-tilbydarar.
Siljan	Nye samarbeidsformer IPT-Siljan kommune	Tilrettelagt undervisning for einskildelevar: Dagtilbod for menneske med psykiske lidinger	Prosjektet vil gi rutinebeskrivele av eit fleksibelt og pedagogisk forsvarlig tilbod. Dette vil gi dagens IPT- tilbod betre kvalitet og aksept for bruk. Siljan kommune vil også etablere eit dagtilbod for menneske med psykiske lidinger på same garden.
Hjartdal	Grønn omsorg for personar med demens	Heimebuande personar med demens i tidleg fase	Tilrettelegge for eit nytt tilbod til demente i tidleg fase i kommunen. Utarbeide eit godt opplegg på garden, plukke ut aktuelle brukarar. Kunnskapsheving og kvalitetssikring. Starte tilboden.

Kvalitetsstandard og godkjenningsordning

Det er laga ein felles kvalitetsstandard for Inn på tunet som blir administrert gjennom stiftinga Matmerk. Denne standarden er eit sentralt element i ei godkjenningsordning som nå blir innført for alle gardsbruk som ønsker å lage tilbod og kalle seg IPT-gardar. I dag er det ca 500 gardar som er godkjende eller i prosess med å bli godkjende i Norge.

I Telemark er det 17 gardsbruk som er inne i godkjenningsordninga per august 2013. Dei fleste tilboda i Telemark er innanfor tilrettelagd undervisning eller ulike former for arbeidstrening. Det siste er ofte retta mot brukarar som treng behandling/oppfølging pga rus/psykiatri.

Sidan 2004 er det organisert eit nettverk for bønder i Telemark som tilbyr IPT, der føremålet er fagleg oppdatering og informasjonsutveksling. Nettverket er organisert i eit samarbeid mellom Telemark Bondelag og tilbydarane, og fekk i ein periode økonomisk støtte frå Fylkesmannen ((Bygdeutviklingsmiddel). Nettverket har hatt mellom 20 og 30 deltakrar i den tida det har vore i gang.

IPT-løftet

I tre-årsperioden 2010 til 2012 gjennomførte Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet satsinga Inn på tunet-løftet.

18 millioner kroner vart fordelt på 77 kommunar gjennom denne satsinga.

Inn på tunet-løftet skulle:

1. bidra til forankring av Inn på tunet i kommunale og regionale planar og strategiar
2. auke talet på Inn på tunet-tilbod i kommunane, gjennom langsigktige samarbeidsavtaler mellom kjøpar og tilbydar
3. gi brukarar av ulike tenester eit mangfoldig og kvalitetssikra tilbod tilpassa kva den einskilde treng
4. skape samarbeid og nettverk, og gi auka kompetanse hos kommunen og samarbeidspartnarane
5. stimulere til næringsutvikling i landbruket ved at fleire bønder får kunnskap om Inn på tunet som næring, og at eksisterande Inn på tunet-tilbod blir styrkte
6. gi auka profilering og synleggjering av tenestetilboden

Evalueringa av dei kommunale prosjekta skal skje når dei er avslutta, dvs i 2015.

Fleire andre kommunar i fylket søkte på IPT-løftet og ønskete å delta, noko som kan tyde på at interessa for IPT er til stades i mange av kommunane i fylket.

Bioenergi

St. meld. nr. 39 viser til at det er store unytta råstoffressursar til bioenergi i landbruket. For råstoff frå skogen utgjer det tekniske potensialet for auka uttak 16 til 25 TWh. Tala inkluderer bark, stubbar, røter og greiner. I jordbruket finst det òg ressursar som høver godt til bioenergiformål, og dei er berekna til å utgjere om lag 7 TWh. Hogstavfall som greiner og toppar (GROT) utgjer ein betydeleg råstoffressurs for produksjon av bioenergi. I dag blir desse fraksjonane stort sett liggjande att og rotne i skogen etter hogst. Denne prosessen fører til utslepp av CO₂ til atmosfæren, noko som sjølv sagt er uheldig for klimarekneskapen. Auka bruk av hogstavfall som erstatning for olje til energiformål vil vere svært gunstig for å få ned utsleppa av klimagassar. Med utgangspunkt i dagens hogst har GROT eit energipotensial på om lag 6 TWh. Av dei totale skogressursane som kan nyttast, utgjer GROT i overkant av 13 TWh. Dei seinare åra har det i Sverige vore ein ganske sterkt vekst i forbruket av bioenergi. Bioenergi er i ferd med å passere forbruket av olje, og etablere seg som den største energikjelda. I Sverige nyttar dei hogstavfall i aukande grad til energiproduksjon. Frå 8 av 10 hogstflater tar dei ut GROT til energiføremål og om lag 70 % av GROT-mengda på kvar flate blir nytt. Sjølv om det ikkje skulle vere realistisk at ein like stor del av hogstavfallet i Noreg blir nytt til energiføremål, bør praksis og røynslene frå Sverige ha overføringsverdi for vårt land. Berekingar syner at dersom 50 % av hogstavfallet blir nytt til energiføremål, vil halvparten av bioenergimålet på inntil 14 TWh innan 2020 bli oppfylt. Kratt og tre langs vegar og på areal som er i ferd med å gro til, representerer òg ein stor bioenergiressurs. Så langt har det vore ei avgrensa utnytting av hogstavfall til energiføremål i Noreg, noko som i stor grad kjem av ein svak bioenergimarknad därleg lønsemrd i å utnytte slike råstoff.

St. meld. nr. 9 (2011 – 2012) Landbruks- og matpolitikken

Den klart største forma for bioenergi i Noreg er fyring med ved. På landsbasis representerer ved til oppvarming energi som svarar til 7 til 8 TWh, og vedfyring utgjer om lag halvparten av all bruk av bioenergi. God tilgang på ved er viktig for den totale energiforsyninga. I kuldeperiodar blir ved nytt som topplast, og bidrar til å avlaste straumnettet. Dette er med og dempar risikoen for straumstans. Det har dei seinare åra vore ei aukande utbreiing av vedkjelar for vannboren varme.

St. meld. nr. 9 (2011 – 2012) Landbruks- og matpolitikken

For å fremje etablering av mindre biovarmeanlegg i landbruket, etablerte regjeringa i 2003 det såkalla Bioenergiprogrammet. Innovasjon Norge forvaltar progammet, og frå det vart etablert er det gitt investeringsstøtte til 1900 prosjekt, som har utløyst 240 GWh biovarme. Programmet har gitt stor aktivitet fleire stader i landet, ikkje minst i dei store skogfylka på Austlandet. Også i Telemark har programmet bidratt til ei god utvikling. Innovasjon Norge gjennomførte i 2012/13 effektundersøkingar for Bioenergiprogrammet i landbruket. Undersøkingane blei gjennomførte i form av ei masteroppgave ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap (UMB), og sette fokus på ulike faktorar knytte til gardsvarmeanlegg og varmesal. I undersøkingane kjem det fram at eigarane gjennomgående er svært nøgde. Eventuelle utfordringar ved bruk av biovarme er mindre enn dei positive effektane.

Undersøkingane syner mellom anna lønsemra ved investering i gardsvarmeanlegg. Lønsemra varierer etter typen anlegg, og kva for varmeproduksjon ein har. Samla syner lønsemdberekningane ein varmekostnad på 55 øre/kWh. Til samanlikning låg straumprisen i snitt i 2011 på 84 øre/kWh. Effektundersøkingane konkluderer med at det vil vere lønsemrd i biovarme sjølv om straumprisen skulle gå noko ned. Eigarane av biovarmeanlegg opplever at investeringane har betra gardens driftsresultat og at den totale lønsemra er god. Ønske om lågare energikostnad blir trekt fram som viktigaste motivasjon for å investere. Effektundersøkingane har også granska varmesal. Slikt sal syner ein gjennomsnittleg forteneste på 14 øre/kWh, noko som avdekker ein ny mogleg næringsveg for fleire gardsbruk.

Innovasjon Norge «Biovarme i landbruket – spennende muligheter»

Situasjonen i Telemark

I Telemark er det etablert i overkant av 20 større anlegg for produksjon av bioenergi med ein samla varmeproduksjon tilsvarande om lag 80 GWh. Det er også fleire anlegg under planlegging. Skien fjernvarme, Thermokraft på Notodden, Menstad nærvarmeanlegg og Bø fjernvarme er nokre døme på slike anlegg. I tillegg kjem anlegg på gardsbruk.

Telemark bioenergiformum er eit rådgivande organ som ved aktiv informasjon om fordelane ved å ta i bruk bioenergi, fungerer som ein pådrivar for auka bruk av bioenergi i Telemark. Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune og Innovasjon Norge har òg samarbeida i prosjektet Grøn varme i Telemark. Prosjektet ble avslutta i 2012 og hadde som mål at fleire bygg skulle bli oppvermde ved bruk av bioenergi. Målgruppene for prosjektet har vore:

- kommunane, fylkeskommunen og staten
- noverande og potensielle varmeleverandørar m.a. skogeigarane
- byggplanleggjarar, handverkarar og eigarar av bygg

Resultatmåla har vore:

- Minst 15 offentlege bygg med planlagde eller realiserte bioenergianlegg
- Opplegg til vassboren varme i alle nye offentlege bygg
- 10 % auke i bruken og produksjonen av trebasert bioenergi i Telemark når prosjektet er ferdig

Eigarane av prosjektet konkluderer med at dei konkrete måla i prosjektet er oppnådd.

I perioden 2008 til utgangen av 2012 har Innovasjon Norge gitt investeringsstøtte til 32 gardsvarmeanlegg i Telemark. Flest gardsvarmeanlegg som har fått støtte i denne perioden finst i Notodden kommune og Bø kommune, med 5 anlegg i kvar av kommunane. Deretter følgjer kommunane Hjartdal, Tinn og Seljord med 3 anlegg i kvar av kommunane.

Mykje nedbør og låge straumprisar dei seinare åra har ført til at utviklinga i bioenergimarknaden har stoppa noko opp. Telemark har store skogområde og har i utgangspunktet god tilgang til råstoff for produksjon av skogsflis. Ei sterkare utnytting av hogstavfall til produksjon av bioenergi vil henge tett saman med prisutviklinga i energimarknaden. Det vil òg vere vesentleg at produksjon av skogsflis skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte. Ein tettare skogbestand med høgare m³-masse per dekar vil vere viktig i så måte.

Bioenergi i eit industrielt perspektiv

Kapittelet «Skogbruk og utmarksnærings» omtaler behovet for etablering av ny trebasert industri i Telemark. Telemarkskanalen Regionalpark og firmaet Sagene Tre As utarbeidde i 2013 moglegheitsstudien «Bioenergi – en nødvendig mulighet for Telemark». Denne konkluderer mellom anna med at det i Telemark trengst avverking og omsetnad av om lag 300 000 m³slip og GROT. Dette kan bli råstoff for 200 000 tonn biokull produsert ved en pyrolysefabrikk i Grenland. Studien peiker på å etablere ein næringsklynge for bioenergi der biokol er eitt av fleire produkt saman med biodiesel og drivstoff for fly. Industritradisjonen er stor og lang i Telemark og i Grenland, og studien hevdar at om det er eit ønske om å attreise industriproduksjonen i Telemark, bør ein gå inn i et forprosjekt for etablering av ny trebasert industri i fylket. Studien peiker på at skogeigarar, industri og politiske miljø må bu seg for ein ny type industriell vekst, og

at vi har inga tid å miste. Telemark og Grenland peikar seg på mange måtar ut som naturleg satsingsområde, men vår region har sterk konkurranser fra Ringeriksregionen og området ved Nedre Glomma. Dette er regionar som har miljø med stor kompetanse på området. Konklusjonane i studien samsvarar godt med forslaget om å utgreie om det er mogleg å utvikle av ny trebasert industri i Telemark, som omtalt i kapittelet om «Skogbruk og utmarksnærings» i denne meldinga.

Biogass

Utslepp av metan frå husdyr og husdyrgjødsel i Telemark er berekna til 1802 tonn. Biogassproduksjon(Metan) av husdyrgjødsel er det tiltaket som har størst potensial for klimagass-reduksjon frå landbruket. Slik produksjon vil gi reduserte utslepp av klimagassar frå gjødsellager, og det vil kunne gje eit mindre forbruk av energi basert på fossilt karbon.

Tabell 37 syner gjødselmengder og potensielle klimagass-effektar av produksjon av biogass frå husdyrgjødsel i Telemark. Total mengde husdyrgjødsel er berekna til om lag 31 000 tonn tørrstoff, og størsteparten av gjødsela er konsentrert på eit mindre tal bruk.

Bioforsk: Notat klima og miljø - Landbruks- og matmelding for Telemark

I Noreg blir det produsert biogass på om lag 40 anlegg. I underkant av ti anlegg er knytte til landbruket. Dei fleste av landets biogassanlegg hentar gass frå søppeldeponi og kloakk-reinseanlegg. Dei største utfordringane knytte til produksjon av biogass i mindre målestokk er økonomi i produksjonen og bruk av gassen, i tillegg til at verdien av den produserte gassen i dagens marknad berre er lik verdien av den energikjelda gassen erstattar. Fleire berekningar syner at det er svært vanskeleg å få lønsemeld i biogassproduksjon i mindre målestokk med dei tekniske løysingane ein rår over i dag, og med dagens rammevilkår. Det må anten bli bygd enklare biogassanlegg som kan gi lågare anleggskostnader, eller så må det skje ei endring i rammevilkåra.

Norges Bondelag og Norsk Energigassforening «Småskala biogassproduksjon» Rapport febr. 2011.

I 2010 etablerte Norges Bondelag og Norsk Energigassforening(EGF), som er bransjeorganisasjon for den innanlandske gassbransjen, eit felles prosjekt med bakgrunn i gassbransjens røynsle med energigassar og landbrukets utfordring med produksjon av biogass. Målet for prosjektet har vore å avklare korleis og på kva område landbruket

Tabell 37: Mengde husdyrgjødsel i Telemark

Tonn TS i husdyrgjødsel per bruk	Antall bruk	Tonn TS i husdyrgjødsel	Andel av total mengde husdyrgjødsel	Klimaeffektar av biogass, 1000 tonn CO₂-ekv.			
				Utslepp- reduksjon	Redusert forbruk av fossilt C	Sum effekt	Av land- brukets utslepp
>0	677	31 390	100 %	5,2	10,8	16,0	14 %
>85	77	18 943	60 %	3,2	7,7	10,8	10 %
>320	12	9 484	30 %	1,7	4,4	6,0	5 %

som gassprodusentar, og gassbransjen som mottakarar og distributørar av gassen og som leverandør av teknologi, kan samarbeide for å etablere ei sikker og effektiv verdikjede for produksjon av biogass i mindre målestokk. Prosjektet har levert rapporten «Småskala biogassproduksjon: Samhandling i landbruket og gassbransjen».

Rapporten legg vekt på marknadstiltak, teknologiutvikling, myndigheitskrav, rammevilkår og informasjon. Rapporten peikar mellom anna på at det er viktig å få utgreidd kven som har trøng for gassen, kva som er mogleg å få betalt og korleis gassen skal seljast, før ein problematiserer korleis gassen skal produserast. Den nærmeste marknaden for biogass frå landbruket kan vere eigen gard, nærområdet eller i bygda. Ein av utfordringane er at svært mange gardsbruk ikkje treng anna oppvarming enn det som går til bustadhuset. Eit slikt varmebehov (20 – 40 000 kWh) er ikkje nok til å forsvare investeringa i dagens teknologi, og varmebehovet ligg langt under det som vil vere produksjonen frå ein storfebuskap på til dømes 30 dyr. Rapporten trekker fram at eit naturleg tiltak kan vere å vurdere produksjon av biogass hos dei som allereie er gassbrukarar, til dømes kyllingoppdrettarar. Rapporten omtaler også ulike distribusjonsløysingar for biogass. I rapporten blir det peika på at det er naudsnyt med enklare produksjonsanlegg som senkar anleggskostnadene ved etablering, og lagrings-teknikkar som er tilpassa produksjon av biogass i mindre målestokk. I samband med dette syner rapporten til det utviklingsarbeidet som skjer ved Høgskolen i Telemark (HiT) for å utvikle enklare biogassanlegg.

Rapporten føreslår fleire samarbeidstiltak, mellom anna utgreiing av ei distribusjonsløysing basert på trykksett gass i forhold til naudsnyt produksjonsvolum, moglege tekniske løysingar og betalingsvilje i dei ulike marknadene. Eit anna framlegg til samarbeidstiltak er å utvikle forenkla produksjonsmetodar for biogass.

Forsknings- og utviklingsarbeidet ved HiT knytt til biogass og biogassteknologi er svært verdifullt. I tillegg til forskningsarbeidet gjennomfører HiT testing av biogass-teknologi gjennom ulike pilotanlegg. Eit viktig biprodukt/tilleggsprodukt ved utvinning av biogass frå husdyrgjødsel er eit meir foredla gjødselprodukt som anten kan nyttast på eigen gard eller seljast som jordforbetryngsmedel.

Det er framleis stor trøng for forsking og utvikling knytt til biogass frå landbruket, og naudsnyt med nærrare utgreiing innanfor fleire område. Føresetnadene for at produksjon av biogass skal bli ei næring med utbreiing i landbruket, er i fyrste rekke knytte til prisen på alternative energikjelder til biogass, kostnadene ved etablering av biogassanlegg og rasjonelle og kostnadseffektive distribusjonsløysingar.



DEL 2 - TILTAK FOR AUKA REKRUTTERING OG VERDISKAPING I LANDBRUKET I TELEMARK

Viktige utfordringar for landbruket og landbruksbasert næring i Telemark

Gjennomsnittsalderen for dei som driv gard i Telemark ligg i overkant av 51 år. Det betyr at mange bønder nærmar seg pensjonsalder, og at ein på mange gardsbruk står framfor eigarskifte. Eigarskifte er ofte krevjande prosessar, både fordi mange formalitetar skal løysast, men òg fordi mange er knyt sterke kjensler til det å eige, og til å gi frå seg eigarskapen til ein gard. I Telemark er alder ved eigarskifter forholdsvis høg hos dei som skal overta. I mange tilfelle er ny eigar etablert i annan jobb på det tidspunktet eigarskiftet skjer. Dette er faktorar som verkar negativt med tanke på viljen til å satse offensivt i landbruksnæringa. Resultatet vil ofte vere overgang til meir ekstensiv drift, eller bortleige av jorda. Samstundes vil tidelege eigarskifte av gardsbruk handle om framtidig meiningsfull sysselsetting og inntekt for den som overdrar garden til neste generasjon. Ved fleire av dei regionale dialog- og innspelsmøta som vart haldne i samband med utarbeidninga av Landbruks- og matmelding for Telemark, var eigedomsoverdragning tema. Fleire peika på at eigarskifte i landbruket må skje tidlegare enn kva som er vanleg i dag, og flere drog fram at nye eigarar ofte treng råd for bruk av eigedomen og drift av garden.

Tilrettelegging for tidlegare eigarskifte og driftsrådgiving ved eigarskifte vil vere eitt av fleire verkemiddel for å få til ei meir offensiv satsing i landbruksnæringa i Telemark.

I notatet «Telemarkslandbruket – regelverk og verdiskaping» (TF – notat nr. 6/2013) syner Telemarksforsking at landbruket i Telemark tapar og går attende innanfor når sagt alle produksjonar. Det gir grunn til uro med tanke på framtidig verdiskaping og sysselsetting i næringa i Telemark. Det gir òg grunn til uro med tanke på den nasjonale målsettinga om ein auke i den landbaserte matproduksjonen med 20 % på 20 år. Det er ikkje realistisk at landbruket i Telemark skal bli ein vinnar på alle område, men det er naudsynt med eit trendskifte innanfor fleire av landbruksproduksjonane i fylket.

Ein positiv utvikling innanfor fleire av produksjonane/næringane i landbruket i Telemark. Konsentrasjon om målretta og realistiske tiltak for å få til ei slik utvikling.

I den gjeldande landbruksmeldinga (Meld.St.9 2011-2012, *Landbruks- og matpolitikken*) blir det slått fast at «Å produsere nok, trygg og variert mat av god kvalitet er den viktigaste oppgåva landbruket løysar for samfunnet.» Denne oppgåva er ikkje berre langsiktig, men jamvel *evigvarande*, og ho gjeld uavhengig av ymse andre prosessar som påverkar samfunnsutviklinga. Dette tidsperspektivet er òg i samsvar med dei prinsippa som tradisjonelt gjeld for dei som forvaltar gardsbruk: garden skal overleverast til neste generasjon i betre stand enn då brukaren sjølv overtok.

Trass i at dei andre måla for landbrukspolitikken (landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk) er tilsvarende langsiktige, er utforminga av politikken vesentleg meir snever både i tid og tema. Jordbruksoppgjera dreier seg i hovudsak om inntektsutviklinga for ulike produksjonar og brukstypar frå år til år, og dei er sårbar for politiske endringar av sjølv grunnlaget for landbrukspolitikken: omfanget og innrettinga av løyvingane over jordbruksavtalen og importvernet. At også Riksrevisjonen i si gransking av jordbrukspolitikken (Dokument 3:12 (2009-2010)) har peika på at det manglande tilhøvet mellom mål og verkemiddel fører til ei veikare måloppnåing, ser ikkje ut til å føre til endringar av styringssystemet.

Både stortingsmeldinga og denne meldinga stadfester at Telemark er blant dei fylka i landet som har tapt mest på den landbrukspolitikken som er ført fram til i dag. Dersom regionen skal utvikle eit berekraftig landbruk i åra som kjem, trengst det andre og meir effektive verkemiddel. Dei tiltaka som blir drøfta nedanfor, ligg innanfor dei rammene som gjeld i dag og har eit relativt stutt tidsperspektiv. Dei kan seiast å vera naudsynte, men snautt tilstrekkelege. Derfor er det viktig at det blir sett i gang eit arbeid for å utvikle tiltak som på lang sikt kan styrke landbruket i alle delar av Telemark.

I Trøndelag er det etablert eit «tankeloft» for landbruket, sett saman av ressurspersonar i og utanfor næringa, med eit felles mål om å påverke dei framtidige rammevilkåra. Ei tilsvarende gruppe i Telemark vil kunne spela ei viktig rolle i å drøfte og gjera framlegg om verkemiddel og strategiar både på kort og lang sikt, også med sikte på å utvikle synergiar mellom landbruket og andre bygdenæringer.

Etablering av ein strategisk konstellasjon/ tankesmie som skal ha fokus på langsiktig positiv utvikling av landbruket og landbruksbaserte næringer i Telemark

FORSLAG TIL TILTAK

Tiltak for tidlegare eigarskifter og driftsrådgiving ved eigarskifter

I Telemark finst det fleire aktørar på landbruksområdet med solid kompetanse knytt til både eigarskifter og driftsrådgiving. Døme på slike aktørar er rekneskapskontor, Tine, Nortura, AT Skog, Norsk Landbruksrådgiving, Telemark Bondelag, Søve vidaregåande skule og Fylkesmannen i Telemark. Fleire av desse har erfaring frå denne type rådgiving, og fleire av aktørane har vore involverte i eigarskiftekurs.

Søve vidaregåande skule har over fleire år hatt agronomkurs for vaksne som eit av sine utdanningstilbod. Målgruppa for dette kurset er ikkje minst dei som har overtatt eller skal overta ein landbrukseigedom. Kurset har hatt stabil god söking. Ved skulen er det òg etablert eit fagskulettilbod innanfor faga leiing, økonomi og marknadsføring. Fagskulettilboden ved Søve skal etter planen utvidast til å omfatte lokal foredling og grovförbasert kjøtproduksjon. Ved Søve er ein også i gang med å utvikle eit fagsenter ved skulen, basert på lokale ressursar. Det samla kompetansetilboden som finst ved Søve representerer ein viktig ressurs for dei som skal overta landbrukseigedom i Telemark. Ungdomsarbeidet som gjerast gjennom 4H og Norges Bygdeungdomslag er og viktig for rekruttering til landbruket.

Det har allereie vore gjennomført ulike eigarskiftekurs for landbruket i Telemark. Gjennomgående har dette vore kurs med god oppslutnad og med gode attendemeldingar. Det er behov for å vidareføre denne type kurs, og det synest vere eit behov for kurstilbod med tanke på ulik bruk og drift av landbrukseigedom. Det blir viktig at slike kurs vektlegg den

totale livssituasjonen til dei som overtar landbrukseigedom i forholdsvis ung alder.

Ei positiv utvikling innanfor fleire av produksjonane/næringane i landbruket i Telemark

Husdyrproduksjonane

Mjølkeproduksjon

I notatet «Utviklingen i melkeproduksjon frem mot 2017» (Notat 2 – 2013) peikar AgriAnalyse på langsiktige prognosar, fram mot 2017, som gir grunn til å tru det kan bli problematisk å nå måla for mjølkekvolym slik dei er trekte opp i Meld. St.9 (2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken». Årsaka er mellom anna ein fortsett forventa nedgang i tal på mjølkekry. AgriAnalyse peikar mellom anna på at ein truleg vil vere avhengig av noko optimistiske avdråttstal for å kunne leve tilstrekkeleg med mjølk til den norske marknaden fram mot 2017, om ein føreset at nedgangen i tal kry held fram. AgriAnalyse trekker fram fleire tiltak som kan sikre auka mjølkeproduksjon, men at det mest avgjerande på lang sikt blir å sikre den norske marknaden mot auka import av mjølkeprodukt. Under avsnittet om framtidig mjølkeproduksjon i denne meldinga er det sannsynleggjort ei framtidig utvikling for mjølkeproduksjon i Telemark, der den vil skje i færre og større buskapar enn i dag. Framtida er uviss, også for utviklinga av mjølkeproduksjonen, men det er all grunn til å tru at strukturutviklinga vil halde fram også i Telemark så sant det ikkje blir sett inn middel for å snu den. AgriAnalyse seier at auka lønsemid i næringa generelt, gjennom produksjonsuavhengig støtte, er ein openberr måte å bremse strukturutviklinga. Ein framtidig mjølkeproduksjon i Telemark basert på 50 – 75 bruk vil for dei fleste innebere omfattande leige av jord og mykje transport av fôr og gjødsel.

Ein buskapsstorlek på i overkant av 20 kyr vil vere langt betre tilpassa eigedomsstrukturen ein finn i landbruket i Telemark, enn buskapar på 40 – 50 kyr. Ei driftseining med 20 – 25 kyr har også eit totalt behov for arbeidskraft som er lettare å handtere enn når eininga er dobbelt så stor. Er det

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Vidareføring og utvikling av vidaregåande naturbruksutdanning ved Søve vidaregåande skule	Telemark fylkeskommune v/ Søve vgs
Vidareføring og utvikling av tilboden om agronomutdanning for vaksne ved Søve vidaregåande skule	Telemark fylkeskommune v/Søve vgs
Vidareutvikle fagskulettilboden ved Søve vidaregåande skule	Telemark fylkeskommune v/Søve vgs
Vidareføre og utvikle eigarskiftekurs for landbruket med særskilt vekt på tidleg overtaking	Hovudansvar: Bygdevis. Aktuelle aktørar: Norsk landbruksrådgiving, Tine, Nortura, Tfk(Søve)Fylkesmannen i Telemark m. fl.
Utvikle kurstilbod spesielt tilpassa drift/næringsutvikling på landbrukseigedom	Hovudansvar: Søve fagsenter. Aktuelle aktørar: Bygdevis, Fylkesmannen i Telemark, Norsk Landbruksrådgiving, samvirkeorg. m. fl.
Styrking av 4 H og Telemark bygdeungdomslag	Hovudansvar: 4H i Telemark og Telemark Bondelag. Aktuelle aktørar: Søve vgs og Fylkesmannen i Telemark.

realistisk at mjølkeproduksjon i Telemark 10 – 15 år fram i tid kan skje i buskapar på 20 - 25 kyr? Problemstillinga handlar sjølv sagt mykje om økonomi, men den handlar òg om teknologisk utvikling. Den fremste teknologiske drivaren i mjølkeproduksjon i dag er mjølkeroboten. Mjølkeroboten gir brukaren og familien ein langt meir fleksibel kvardag. Minste produksjonsvolum for å investere i mjølkerobot er i dag vurdert til 200 000 liter i året.

AgriAnalyse

Gjennomsnittleg disponibel mjølkekvote i Telemark for 2013 ligg rett i underkant av 140 000 liter per år.

Statens landbruksforvaltning

Eit mjølkebruk med 23 – 25 kyr og ei yting på 8000 kg mjølk (7400 liter levert meieri) kan operere med ei mjølkekvote på 170 – 180 000 liter, noko som er i nærleiken av å kunne investere i mjølkerobot. I sitt notat peikar AgriAnalyse på at innføring av eit såkalla teknologitilskott kan vere med på å redusere produsentanes kostnader ved investering i mjølkerobot. Dei seier vidare at tilgang til mjølkerobot truleg bidrar til at fleire av dei mellomstore bruka blir ståande lenger i produksjon, og at dei kanskje vil satse vidare. For å få realisert nødvendige investeringar i mjølkeproduksjon, føreslår AgriAnalyse i sin rapport «Investeringer som virkemiddel» (Rapport 3 – 2013) at maksimalt tak for investeringstilskott gjennom Innovasjon Norge blir løfta frå dagens 1 mill. kr. til 2 mill. kr. For utbyggingar som kombinerer mjølk- og storfekjøtproduksjon, er framlegget at maksimalt tak blir 2,5 mill. kr. Godt fungerande velferdsordningar som avløysing ved ferie og sjukdom er også viktig for å få folk til å halde fram med mjølkeproduksjon.

Mjølkeproduksjon er døme på ei næring der sentrale rammevilkår blir fastsette på andre arenaer enn der dei regionale og lokale aktørane opererer. Dei seinare åra har det næraast vore automatikk i at nybygging for mjølkeproduksjon har resultert i mykje større buskapar. Auka lønsemd i mjølkeproduksjon ved produksjonsuavhengig støtte, styrkte investeringsordningar og teknologitilskott er verkemiddel som vil høve godt for styrking av mjølkeproduksjonen i Telemark. Det er samstundes ein type tiltak som kan verke strukturempande. Slike verkemiddel blir vedtatt av Stortinget, og jobben for politiske og andre miljø i Telemark, må vere å påverke sentrale politiske miljø til både å styrke eksisterande verkemiddel og etablere nye, til dømes teknologitilskott. Godt fungerande velferdsordningar som avløysing ved ferie og sjukdom er eit samspel, der finansiering av ordningane og tilgang på fagleg kompetent arbeidskraft er viktige faktorar. Utdanning av velkvalifiserte avløysarar er døme på tiltak som kan løysast i Telemark.

Storfekjøtproduksjon

Det er stor underdekning av storfekjøt i den norske marknaden, sjølv etter kvoteimport. Det må til ei monaleg utbygging om Noreg skal ha nok innanlands produsert storfekjøt framover. Ekspertgruppa som Landbruks- og matministeren sette ned i 2012, konkluderte med at lønsemada i produksjonen må betrast mykje, og stønad til finansiering av bygg må aukast for at produksjonen skal vekse. I Telemark har det i tiårsbolken

2003 – 2013 vore ein stor og gledeleg auke i talet på ammekyr. Dette heng ein del saman med den sterke nedgangen i mjølkeproduksjon. Det er usikkert korleis talet på ammekyr og storfekjøtproduksjonen vil utvikle seg i Telemark i tida som kjem. Delar av produksjonen skjer i fjøs som i utgangspunktet er bygde for mjølkeproduksjon. Mange av desse er ikkje høvelege for denne typen produksjon over ein noko lengre tidsbolt. Interessa for å bygge nytt og etterspurnaden etter investeringsverkemiddel er derfor ein god peikepinn for utviklinga av denne produksjonen. Produksjon av storfekjøt på ammekyr er ein produksjon som høver særskilt godt for omfattande bruk av beite. Store samanhengande beiteareal er ein stor føremon for effektiv drift i denne produksjonstypen. I tillegg til vedlikehald av kulturlandskapet, er ein viktig tilleggseffekt ved beiting at mangfaldet av planteartar aukar, noko som er verdifullt for bier og ville pollinerasar som humler og andre insekt. Ikkje sjeldan strekker potensielt beiteareal seg på tvers av eigedomsgrenser, noko som kan gjere det vanskeleg å få til god utnytting av areala. Det bør gjennomførast eit prosjekt for å greie ut korleis ein kan auke produksjonen av storfekjøt i Telemark. Politiske og andre miljø i Telemark må jobbe overfor sentrale politiske miljø for å betre dei økonomiske rammevilkåra i storfekjøtproduksjon, og for god tilgang på investeringsverkemiddel. Etablering av fagskuletilbod innanfor grovförbasert kjøtproduksjon ved Søve vidaregåande skule vil vere eit godt kompetansehevingstiltak knytt til denne produksjonen.

Sauenhald

Telemark har særskilt gode naturgitte føresetnader for sauehald. Lam produsert på utmarksbeite bør kunne utviklast til merkevare for landbruket i Telemark. Talet på dyr og bruk med sau har likevel vist tilbakegang. Sviktande lønsemd og tap av sau til rovdyr forklarer mykje av nedgangen i sauehaldet i Telemark. Med dette som bakgrunn vart det med verknad frå 2012 etablert eit treårig prosjekt for å styrke og utvikle sauehaldet i fylket. Prosjektet blir støttet økonomisk med vesentlege beløp av Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune. Det er viktig at prosjektet blir grundig evaluert, slik at ein mellom anna kan identifisere verksame tiltak for å auke sauehaldet. Raskt uttak av rovdyr ved rovdyrtrap og effektiv førebyggande felling av rovdyr blir vesentleg med tanke på å oppretthalde og auke sauehaldet i Telemark. Telemark må innafor rammene av rovdyrforliket frå 2011 fullt ut nytte moglegheitene til førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Viktige aktørar her er mellom anna det politiske miljø i Telemark med sine kontaktar for å påverke utforming og praktisering av den nasjonale rovdyrpolitikken. Andre sentrale aktørar er statsapparatet representert ved departement, Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Telemark. Ei styrking av dei økonomiske rammevilkåra er viktig for å få til ei positiv utvikling av sauennæringa i Telemark.

Svinehald, egg og fjørfekjøt

Svinenæringa i Telemark står for 44 % av den totale kjøtproduksjonen i fylket. Det er for tida ein stor

overproduksjon av svinekjøt på landsbasis, noko som verkar svært negativt for lønsemnda i produksjon. Med bakgrunn i denne situasjonen har Innovasjon Norge inntil vidare stoppa tildeling av investeringstilskott, rentestønad og lån til investeringsprosjekt i svinekjøtproduksjon. Ved ein oppgang i svinekjøtmarknaden blir det viktig med tilrettelegging for nyetableringar i svinehaldet i Telemark. Det er forholdsvis få produsentar av egg i Telemark, men eit godt produksjonsmiljø spesielt i Bø kommune. Det er viktig å ta vare på slike miljø, og ved ei betring av marknadssituasjonen bør ein stimulere til nyetablering innanfor eggproduksjonen i Telemark. Mykje tyder på at framtidig etablering av slaktekyllingproduksjon vil skje forholdsvis nær slakteri- og foredlingsanlegga. Det er såvidt stor avstand til nærmeste slikt anlegg, at det er lite truleg med ny etablering av slaktekyllingproduksjon i Telemark. Det er likevel grunn til å understreke at Telemark har store spreieareal for husdyrgjødsel, noko som moglegger ein langt større husdyrproduksjon.

Geitemjølkproduksjon

Det er eit lite men, livskraftig miljø for produksjon av geitemjølk i øvre Telemark, konsentrert til Vinje. Fleire av produsentane er yngre, og dei har satsa offensivt i sin produksjon dei seinare åra. Dei har mellom anna gjennomført saneringsprogram for tre geitesjukdomar, fleire fjøs er oppgraderte, og det har vore eit generelt fagleg løft i denne produksjonen. I tillegg til den verdiskaping som skjer i primærproduksjon, er produksjonen av geitemjølk i øvre Telemark ein stor del av grunnlaget for produksjonen og verdiskapinga som skjer ved Haukeli ysteri. Godt fungerande velferdsordningar som kan sikre geitehaldarane ved sjukdom, og gi dei meir ordna ferie- og fritidsforhold, blir vurdert som viktig for å få folk til å halde fram med produksjon av geitemjølk.

Pelsdyr

Pelsdyrnæringa i Telemark er konsentrert til Nissedal, og i kommunen finst det eit godt miljø for produksjon av pels frå mink. Fleire av oppdrettarane har dei siste åra investert mykje i sin produksjon for mellom anna å tilpasse husa til nye krav for hald av produksjonsdyr. Høge prisar for skinn på verdsmarknaden over noko tid, har gitt god økonomi i denne produksjonen. Samstundes har pelsdyrnæringa gjennom fleire år vore hardt pressa frå ulike hald i samfunnet, i hovudsak grunna kritikkverdige forhold knytte til dyrevelferd hos einskilde produsentar. Dei seinare åra har næringa sett inn store ressursar for å rydde opp i desse forholda. Det er særskilt viktig at dette arbeidet held fram. Produksjon av pels kan, med utgangspunkt i det faglege miljøet i Nissedal, bli ei vekstnæring i landbruket i Telemark. Det er for tida god økonomi i pelsdyrhaldet og produksjonen vil høve godt på mange av gardane i Telemark. Dersom pelsdyrproduksjon skal ha ei framtid i Telemark, må det politiske miljøet i Telemark saman med faglaga i landbruket arbeide for at denne produksjonen framleis skal vere ei lovleg næring i Noreg.

Bier

Det har over noko tid vore nedgang i produksjonen av honning i Telemark. Nedgangen har mellom anna bakgrunn i sviktande rekruttering til næringa. I tillegg til verdien av honningsal har biene svært stor tyding for frukt- og hagebruksproduksjon gjennom deira pollinering av ulike vekster. Spesielt i periodar med dårleg vær om våren er biene viktige med tanke på eit godt pollineringsresultat, da slike værtihøve gir færre ville pollinarar. Samstundes inneheld fleire av fruktartane lite nektar, noko som er negativt for produksjonen av honning. For å sikre ein tilfredsstillande produksjon av honning, er det derfor viktig at biene også har tilgang på andre planteartar, som ein til dømes finn i beitelandskap. Det bør etablerast eit prosjekt der ein greier ut korleis bihald i fruktlandskapet i Midt Telemark kan bidra til gjensidig verdiskaping for fruktprodusent og bihaldar, og korleis kulturlandskapet kan nyttast i ein slik samanheng.

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Styrking av dei økonomiske rammevilkåra i husdyrproduksjon	Telemark Bondelag, Telemark bonde og småbrukarlag, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark ved innspeil til sentrale myndigheter
Styrking av tilskott til investeringar forvalta av Innovasjon Norge	Telemark Bondelag, Telemark bonde og småbrukarlag, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark ved innspeil til sentrale myndigheter
Vidareføring av avløysarkurs og kompetansehevingstiltak for etablerte avløysarar	Hovudansvar: Bygdevis og Landbrukstenester Telemark. Aktuelle aktørar: Telemark fylkeskommune og Søve vgs.
Gjennomføre eit prosjekt for å styrke produksjonen av storfekjøt i Telemark	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Andre aktørar: Faglaga i landbruket, Nortura og NLRØ
Førebyggande felling av rovdyr og raskt uttak av skadegjerande rovdyr	Fylkesmannen i Telemark og Telemark Fylkeskommune og faglaga i landbruket i dialog med sentrale myndigheter
Evaluering av prosjektet «Saukjøtt, ja det er godt» og eventuell vidareføring av tiltak som er verksame for styrking av sauhestet	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Faglaga i landbruket, Telemark Sau og Geit.
Gjennomføre eit prosjekt for å greie ut korleis bihald i fruktlandskapet i Midt Telemark kan bidra til gjensidig verdiskaping for bihaldar og fruktprodusent	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Fylkesmannen i Telemark, Telemark birøktarlag og Midt Telemark landbrukskontor

Planteproduksjonane

Korn

Frå 1991 og fram til i dag har kornarealet i Noreg gått sterkt attende, og kornproduksjonen er ein av dei produksjonane som har størst produksjonsfall. Sjølv om det har vore ein auke i dyrkinga av vårkveite og havre i Telemark, har det vore ein dramatisk nedgang for den samla korndyrkinga i fylket. Det er også registrert at avlingsnivået stagnerer. I Midt-Telemark og i Grenland har det vore ei betydeleg arealbruksendring med omlegging frå korn til gras. Årsakene til denne utviklinga er auka etterspurnad etter høy til hest, svak økonomi i kornproduksjonen og nedslitne eller manglende driftsteknisk utstyr for produksjon av korn.

Det er fleire indikasjonar som tyder på at investeringane i den norske kornproduksjonen er for få og for låge. Landbrukets Utredningskontor konkluderer i sin rapport *Korn og klima* (Rapport No.1 – 2012) Eldby, H. (2012) med at bønder med eiga korntørke hadde betre avlingar med høgare kvalitet enn gardsbruk utan tørke, og at drenert jord gir mykje større avkastning enn jord som er därleg drenert. Likevel fann undersökinga at få hadde planar om å investere i eiga tørke eller drenering. Grunngivinga var at slike investeringar ikkje ville vere økonomisk fornuftige, eller at dei ikkje hadde tilstrekkelege økonomiske middel. Ekspertgruppa for auka norsk kornproduksjon(nedsett av Landbruks- og matministeren i 2012) er inne på mykje av det same, når dei viser til at eit høgt norsk lønns- og kostnadsnivå kombinert med ein produktpris og betalingsvilje som blir trekt i retning av internasjonale prisar, ikkje gir gode nok rammer for «formålstjenlige investeringar dersom normale forretningsmessige kriterier legges til grunn».

AgriAnalyse «Investeringer som virkemiddel» Rapport 3 – 2013 I sin rapport «Investeringer som virkemiddel» peikar også AgriAnalyse på at drenering og auka tørke- og silokapasitet vil vere viktig for å betre villkåra i kornproduksjonen.

Det bør vere eit mål å auke kornarealet i dei områda av Telemark som er høver godt for det.

Det må bli større interesse for høgare avlingar og betre kvalitet på avlingane. Politiske, og andre miljø i Telemark, må overfor

sentrale politiske miljø jobbe for å betre dei økonomiske rammevilkåra i kornproduksjonen, og for å betre tilgangen på investeringsverkemiddel i kornproduksjon. I Telemark er det sett i gang eit omfattande kurs for å heve kompetansen innanfor korndyrkinga, noko som venteleg vil verke positivt både på avlingsmengde og kvalitet på avlinga. Mykje av den dyrka jorda i Telemark bør bli grøfta på nytt. Over jordbruksavtalene er det løyvd særskilte middel til grøfting, og det blir viktig at Telemark nyttar sin del av desse midla. Det er behov for å auke kunnskapen om behovet for grøfting, planlegging av grøftearbeidet og utføringa av sjølve grøftearbeidet.

Poteter og grønsaker

Det er gode naturgitte forhold for dyrking av grønsaker i dei nedre og midtre delane av Telemark. Dette er også område med kort avstand til store marknader. Det er gjennomgåande høg profesjonalitet og effektivitet i grønsakproduksjonen, men det er på mange måtar ei lukka næring. Det er rom for ein større produksjon av grønsaker i Telemark, og det er høgst sannsynleg rom for produksjon av nye slag grønsaker. Truleg er det også mogleg å utnytte nærlieken til store marknader i større grad enn kva som er tilfelle i dag. Det bør etablerast eit satsingsområde der målet er å få til auka dyrking av grønsaker i dei midtre og nedre delane av Telemark. Ei slik arbeidsline bør ta utgangspunkt i den SWOT-analysen knytt til grønsakdyrkning som vart utført av Fylkesmannen i Telemark i 2012. Arbeidslinja kan struktureraast i form av tre ulike prosjekt. Det eine prosjektet bør sjå på å auke produksjonen gjennom god agronomisk praksis. Det andre prosjektet kan vektlegge allsidig produksjon av grønsaker og produksjon av nye grønsakslag, medan det tredje prosjektet kan ta for seg emballering som verkar salsfremjande og som tar vare på kvaliteten på grønsakene.

Frukt og bær

Med 20 % av landets epleareal og 18 % av landets areal av «andre bær» (dvs. ikkje jordbær), er Telemark eit viktig fylke for produksjon av frukt og bær. I dei midtre og nedre delane

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Styrking av dei økonomiske rammevilkåra i planteproduksjon	Telemark Bondelag, Telemark bonde og småbrukarlag, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark ved innspel til sentrale myndigheter
Styrking av tilskott til investeringar forvalta av Innovasjon Norge	Telemark Bondelag, Telemark bonde og småbrukarlag, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark ved innspel til sentrale myndigheter
Etablere kurs for å heve kunnskapen om behovet for grøfting, planlegging av grøftearbeid og sjølve grøftingsarbeidet	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Kommunane, Søve vgs, Norsk Landbruksrådgiving Østafjells
Etablere eit prosjekt med mål er å auke dyrking av bær i Telemark. Prosjektet skal fokusere på dyrkingsteknikk tilpassa endringane i klima	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Norsk Landbruksrådgiving Østafjells, Søve vgs
Etablere eit satsingsområde for å auke dyrking av grønsaker i Telemark. Det skal vektlegge auke i produksjonen, allsidig grønsakdyrkning, nye slag grønsaker, emballering og nye måtar for omsetnad	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Flagala i landbruket, Søve vgs og Norsk Landbruksrådgiving Østafjells
Gjennomføre eit prosjekt for å legge til rette for auka produksjon av økologiske landbruksvarer som kan omsetjast lokalt	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Samarbeidmed relevante aktørar

av fylket er det gode naturgitte forhold for produksjon av frukt og bær, og dei fleste av desse områda har kort avstand til store marknader. Det er eit aktivt produsentmiljø for frukt i Midt Telemark, og prosjektet «Frukt i fokus» vil venteleg verke positivt for kvaliteten i produksjonen og gi dyrkarmiljøet fornya inspirasjon for fortsatt satsing. Det er rom for ein monaleg auke i dyrkinga av bær i Telemark. Samstundes vil eit våtare og varmare klima utfordre dyrkingsteknikken i frukt- og bærproduksjonen. Det bør etablerast eit prosjekt der målet er å få til auka dyrking av bær i Telemark, og med ein dyrkingsteknikk tilpassa endringane i klimaet.

Økologisk landbruk

Det er ein veksande marknad for økologisk mat i Noreg, og dei seinare åra har ein registrert auka interesse for økologisk mat produsert i nærområdet. I Telemark er det frå fleire av jordbruksområda korte avstandar til forholdsvis store befolkningskonsentrasjonar. Det er grunn til å tru at finst ein stor marknad i Telemark for økologiske landbruksvarer som er produserte lokalt. Det bør derfor gjennomførast eit prosjekt med mål å legge til rette for å auke produksjonen av økologiske matvarer som høver godt for lokal omsetnad.

Skogbruk og utmarksnæring

God lønsemrd for skogbrukaren, dvs. høge råvareprisar og låge drifts- og transportkostnader er avgjerande for aktiviteten i skogbruket. Eigedomssstrukturen i Telemark (og Noreg) gjer at liten netto avkastning frå skogen fører til at skogeigarane vel å ikkje avverke tømmer. Dette fører vidare til reduserte inntekter for driftsapparatet, transportørar og foredlingsverksemder. Redusert hogst fører også til mindre binding av CO₂, enn det Telemarksskogbruket kunne ha bidrat med i klimarekneskapen.

Trefiber viser seg gjennom forsking å ha store unytta bruksområde. Tekstilar av trefiber (som kan erstatte bomull og nanocellulose (same eigenskapar som Kevlar) er to konkrete eksempel på nye bruksmåtar for trefiber med svært stort industrielt potensial.

Telemark har ei lang historie med trebasert industri. Det finst mykje utviklingskompetanse i fylket, og i Grenlandsregionen

har vi tung industriell kompetanse og tilgang til utskiping frå hamn. Telemark har derfor fleire fortrinn som kan brukast til å etablere ny trebasert industri. For å lukkast må slik industri kunne tilby råvareprisar som utløyser auka avverking. Utvikling av ny trebasert industri er tid- og kapitalkrevjande. Parallelt med slikt arbeid det viktig å legge til rette for anna verdiskapande verksemrd i skogbruket i Telemark. Utan at ein kan vise til konkrete tal, så kan det sjå ut til at det er ein aukande aktivitet knytt til gardssager og lokale sagbruk for utnytting av tømmerstokken til materialføremål. Det er og marknad for auka produksjon av juletre i Telemark, noko som det bør stimulerast til.

Telemark har god tilgang frå Europa, og har både sjø, skog og fjellområde som er attraktive for turistar. For å auke etableringane innanfor naturbaserte bygdenæringer bør det settast i gang arbeid for å legge til rette for betre kommunikasjon, planarbeid som legg til rette for næringsutvikling og betre informasjon og oppfølging av etablerarar.

Bygdenæringer

Meld. St.9 (2011 -2012) «Landbruks- og matpolitikken» signaliserer eit løft for bygdenæringane. Det blir mellom anna peika på at statlege myndigheter skal bidra til vidareutvikling av lønsamme bygdenæringer gjennom auka næringsutvikling basert på landbrukets ressursar. Det er meir vanleg for jordbruksbedrifter i Telemark å drive ein eller fleire bygdenæringer enn det som er vanleg for landet. Bygdenæringane i Telemark har ei verdiskaping berekna til 88,7 mill. kr. (bruttoprodukt). Av bygdenæringane bidrar utmarksnæring mest til verdiskapinga med 23,8 mill. kr.. Berekingane syner at 46 % av verdiskapinga frå bygdenæringane kjem frå Øvre Telemark, 28 % frå Midt Telemark og 27 % frå Nedre Telemark.

NILF Rapport «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Telemark» .

Mykje av den framtidige verdiskapinga i bygde-Telemark vil skje i eit samspel mellom landbruksnæring, landbrukstilknytt næring og andre bygdenæringer. Utvikling av nye bygdenæringer vil vere basert på entusiasme, innovasjon og kunnskap. Arbeidet som blir gjort i regi av Ung Entreprenørskap

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Gjennomføre naudsynt opprusting av kritiske punkt på fylkesvegnettet tilpassa lengre og tyngre vogntog, i tråd med dei prioriteringane som blir gjort i ATP prosessen.	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Samarbeid med Statens vegvesen
Samarbeide med kommunane om opprusting av kommunale vegar	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Dialog med kommunane i Telemark
Stimulere til auka planting og ungskopleie	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: AT Skog
Stimulere til bruk av tre i større bygg	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Samarbeid med relevante aktørar
Etablere eit prosjekt for å utgreie moglegheitene for utvikling av ny trebasert industri i Telemark	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Fylkesmannen i Telemark, AT Skog, Innovasjon Norge
Stimulere til bygging av gardssager/små sagbruk	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune i samarbeid med Innovasjon Norge.
Stimulere til auka produksjon av juletre.	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark. Samarbeid med relevante aktørar.

Telemark, er viktig med tanke på utvikling av ny næringsverksemd, og Ungt Entreprenørskap Telemark blir ein sentral ressurs for utvikling av bygdenæringane. Søve vidaregåande skule er gjennom «Regional plan for nyskaping og næringsutvikling» gitt eit oppdrag der skulen skal utvikle eit fagsenter for ungdom som ønsker seg ei framtid innanfor lokalproduksjon og forretningsdrift basert på lokale ressursar. Skulen vil med dette oppdraget få ei viktig rolle for utvikling av bygde næringar i Telemark. Som eitt av fleire tiltak bør skulen i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Telemark gjennomføre ein årleg gründercamp for elevane ved skulen. Hovudvekta bør mellom anna vere på utvikling av ny næring med utgangspunkt i stadlege ressursar. Fagskuletilbodet innanfor leiing, økonomi og marknadsføring som er oppretta ved Søve vidaregåande skule, er eit viktig tiltak for å styrke utviklinga av bygde næringar i Telemark, likeeins det planlagte fagskuletilbodet knytt til lokal foredling.

Naturbasert reiseliv

Telemark har store utmarksområde som høver godt til etablering av naturbasert reiseliv og andre ulike slag bygde næringar. I Telemark finn ein store unytta mogleigheter på dette området. I 2011 utarbeidde Faun Naturforvaltning AS i samarbeid med AT Skog, Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune, Telemark Bondelag og Telemarkkreiser rapporten «Kartlegging av utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark». Rapporten peikar mellom anna på behovet for betre samarbeid mellom ulike aktørar i verdikjeda, frå grunneigar til hotelldirektør og mellom offentleg og privat sektor. Noverande mangel på samarbeid og kommunikasjon blir vurdert å vere ei klar hindring i arbeidet med å utvikle utmarksnæring. Rapporten trekker fram etablering av eit system med ein såkalla koblingsaktør, som mellom anna skal syte for å etablere gjensidige gode avtalar mellom reiselivsinteresser/aktørar og grunneigarar når desse ikkje er same person.

Rapporten foreslår tre tiltak for å fremje naturbasert næringsutvikling og utvikling av naturbasert reiseliv i Telemark. Det eine tiltaket er å utvikle eit moglegheitskart for naturbasert næringsutvikling i Telemark, som syner potensielle område for utvikling av næring. Eit slikt kart skal avdekke områda og handlingsrommet for utvikling av næring. Det andre tiltaket er å etablere eit nytt utviklingsprogram, i rapporten kalla «Telemark Tør». Målet med programmet er å fremje ei meir offensiv satsing på det som er mogleg innanfor utmarksnæring og naturbasert reiseliv. Det tredje framlegget til tiltak er at det parallelt med «Telemark Tør» blir etablert eit kompetansenettverk for naturbasert næringsutvikling i Telemark. Tanken er at eit slikt nettverk skal inkludere fagmiljø innanfor reiseliv og privat/offentleg forvaltning. Kompetansenettverket for naturbasert næringsutvikling skal fungere som eit verktøy som gjer at etableringsprosessen for utvikling av nye produkt blir enklare. Både etablerte og potensielle aktørar er målgruppe for eit slikt nettverk. Rapportens framlegg til tiltak blir tatt inn i denne meldinga.

Mat med lokal identitet – tiltak

Telemark skal styrke sin posisjon som matfylke.

Etablering av eit Matmanifest for Telemark kan vere eit godt verkemiddel for å nå eit slikt mål.

Med utgangspunkt i Manifest for det nye nordiske Kjøkken skal det etablerast eit eige matmanifest for Telemark.

Manifestet skal vere et samarbeid mellom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, undervisnings- og fagmiljøa, organisasjonar og næringsaktørar, og skal uttrykke og konkretisere mål om å skape økt verdi gjennom bevaring, styrking og vidareutvikling av matproduksjonen og matkulturen i Telemark. Manifestet skal vere gjensidig og forpliktande.

Område som kan synleggjera og konkretisera i eit slikt matmanifest kan vere:

- Samarbeid – invitere til samarbeid mellom ulike sektorar: forbrukar, primærnæring, industri, handel, restaurant, distribusjon, undervisning, offentleg sektor, matnettverk
- Bevare, styrke og vidareutvikle matproduksjonen og matkulturen i Telemark
- I matfylket Telemark skal maten og måltidet vere ein viktig del av reiselivsopplevelinga. Mat og mattradisjonar i Telemark skal verdsettast som attraksjonar.
- Framheve sesongvariasjon
- Jobbe med matkultur og matglede blant barn og unge
- Nyte lokal matkultur, lokale produkt og lokale ressursar som fortunn i kommunikasjon med lokale forbrukarar og tilreisande, både yrkesreisande og ferie/fritidsreisande, deriblant bruk av namnet og merkevaren Telemark
- Vekt på miljø og helse
- Meir bruk av lokal mat i offentleg sektor, både internt og når det offentlege kjøper arrangement eksternt.
- Løfte fram og støtte arrangementer og møteplassar som har som målsetjing og framheve lokal/kortreist mat.

Konkretisering av nokre tiltak som kan følgje av eit matmanifest:

Samarbeid og utvikling

Det skal stimulerast til samarbeid og utvikling og peikast på utviklingspartnerar i den vidare satsinga på lokal matproduksjon og matkultur.

Merkeordningar for lokalmat

Produsentar og produkt frå Telemark skal i større grad søke opptak og synleggjera gjennom Matmerk sine merkeordningar for lokalmat: spesialitetsmerket og beskytta merker for geografi, opphav og tradisjonelt sær preg.

Matopplevelingar langs vegen

Etablere prosjekt for å betre tilgangen på lokale og regionale matopplevelingar lang vegane i Telemark.

Etablering av lokalmatkontor

Etablere lokalmatkontor i nært samarbeid med næringa med målsetting om at drift på sikt skal vere i regi av næringa sjølv. Det er bruk for økonomisk støtte i etableringsfasen.

Etterutdanning i lokalmatproduksjon

Faglærarar i restaurant- og matfaga bør få tilbod om etterutdanning i målretta kursmodular innan tradisjonsmat og lokalmat. Slik etterutdanning gir faglærarar viktig og naudsynt påfyll for å kunne gi i innhald i fagplanar for lokalmat og tradisjonsmat. Denne etterutdanninga må gjerne sjåast i samanheng med gjennomføring av elevkonkuransar for elevar på VG2-trinnet i kokke- og restaurantfag.

Elevkonkurranse

Elevkonkuransar for elevar på VG2-trinnet i kokke- og restaurantfag er haldne i Austlandsområdet sida 2007 og er positivt tatt mot av dei vidaregåande skulane i fylket. Gjennom førebuingane til konkurransen får elevane god kjennskap til lokal- og økologisk mat.

Lokalmatlærling

I Telemark skal det leggast til rette for at fleire verksemder får

høve til å tilby lærlingplass og forbetra læresituasjon for dei som gjerne vil jobbe med lokale råvarer og lokal foredling og bruk.

Ung matkultur

I kulturfylket Telemark skal innsatsen aukast mot kunnskap og glede knytt til matkultur blant barn og unge. Telemark skal vere eit foregangsfylke i arbeidet med lokal mat når det gjeld barn og unge. Dette arbeidet skal i stor grad skje i eit samarbeid med eksisterande verksemder, ordningar og prosjekt som 4Hs matskule, KulMat i regi av Norsk Kulturskoleråd og Sunn Matglede i regi av Norges Bygdekvinnelag.

Mat og helse

Med blikk for mat og helse skal det utviklast eige undervisningsprogram for lokal mat og matkultur til bruk i skule og barnehage. Utvikle undervisningsmateriell for lærarar i ungdomsskulen med fokus på bruk av lokale råvarer og mat innan fagområda helse og miljø.

Mat i offentleg sektor

Det offentlege Telemark skal synleggjere lokale produkt og råvarer gjennom matrettar og måltider. Så langt det er mogleg

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Vidareutvikle fagskuletilbodet ved Søve vidaregående skule	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune v/ Søve vgs.
Gjennomføre gründercamp årleg med vekt på utvikling av næring knytt til stadlege ressursar	Hovudansvar: Søve vgs. Samarbeid med Ugt Entreprenørskap Telemark og aktørar i, og utanfor landbruksnæringa
Utvikle «Moglegheitskart for naturbasert næringsutvikling i Telemark»	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Faglaga i landbruket, AT Skog, Telemarkkreiser
Etablere utviklingsprogrammet «Telemarktør»	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Faglaga i land bruket, AT Skog, Telemarkkreiser
Etablere «Kompetansenettverk for naturbasert næringsutvikling i Telemark»	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Faglaga i landbruket og Telemarkkreiser
Lage handlingsplan for Inn på tunet(IPT) i Telemark i løpet av 2014	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark. Fylkesmannen har koordineringsansvar og etablerer samarbeid med representantar for kjøparane av tenestane: KS/kommunane, Tfk, Nav, skuleverket og med tilbydarane: Nettverket IPT Telemark, Telemark Bondelag, Telemark bonde- og småbrukarlag
Styrke kompetansen knytt til bioenergi og bruk av slik energi	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune får ansvar for, i samarbeid med relevante aktørar, å samle og koordinere denne kompetansen
Styrking av rammevilkåra for bruk av bioenergi	Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark og andre relevante aktørar ved innspel til sentrale myndigheter
Etablere matmanifest/materklæring for Telemark	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark.
Samarbeid og utvikling	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Matnettverka.
Etablere lokalmatkontor/vidareutvikling av matkoordinator	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Produsentar av lokalmat og dagligvarebransjen
Etterutdanning av faglærarar	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune
Elevkonkurranse	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune
Lokalmatlærling	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune.
Ung matkultur	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Kommunane, friviljuge organisasjoner
Mat og helse	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Kommunane i Telemark
Mat i offentleg sektor	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune. Aktuelle aktørar: Kommunane i Telemark

bør offentlege verksemder nytte mat med lokal og regional identitet for å fremje lokalt næringsliv og lokale mattradisjonar og legge dette til grunn ved anbodsrundar.

Gjennom tiltaka skal det bli meir merksemd om Telemarksmat, og produkta skal gjerast meir tilgjengelege og synlege i handel, på spisestader og i offentlege institusjonar.

Inn på tunet

Ny handlingsplan

Regeringa v/Landbruks- matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har utarbeidd ein handlingsplan for IPT som er klar i september 2013. Kvart fylke er bede om å lage sin handlingsplan for IPT i 2014. Fylkesmannen har koordineringsansvaret for dette, men det er avgjerande at ein i satsinga på IPT får trekt med kommunane og Nav som kjøparar av tilboden.

Ei granskning frå NILF(Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning) i år syner at det er ein stor marknad for IPT ute i kommunane, som det bør vere eit mål å realisere:

- Kommunanes behov for eit større og meir variert tilbod av helse- og omsorgstenester, innovasjonsbehov i kommunane
- Skulen: Oppfølging og spesialtilpassing for elevar med særskilte behov. Hindre fråfall i skulen, som sparar samfunnet for seinare kostnader
- Dagtilbod for demente, som gir innsparing fordi ein da utset innlegging på institusjon
- Førebygging generelt

Bioenergi

Telemark er eit fylke som er rikt på skogressursar til bioenergiføremål, og biomasse er meir tilgjengeleg enn nokon gong. Nedlegginga ved Sødra Cell sitt anlegg på Tofte er med på å forsterkar denne situasjonen. Dei seinare åra har utviklinga i bioenergimarknaden stoppa noko opp. Dette skuldast mellom anna mykje nedbør og låge straumprisar. Ved Høgskolen i Telemark er det etablert eit kompetansemiljø innafor biogass. Her skjer det eit utviklingsarbeid knytt til utnytting av biogass til oppvarmingsføremål. For at bioenergi skal få større utbreiing, må det mellom anna skje ei endring av rammevilkåra for bruk av denne energiforma. Telemark har fleire sterke kompetansemiljø innafor bioenergi. Desse miljøa representerar eit fortrinn med tanke på framtidig satsing på bioenergi i Telemark. Ved Søve vidaregåande skule arbeidast det med å etablere eit undervisningstilbod knytt til fornybar energi. Det vil og vere vesentleg at skognæringa utøver eit sterkt engasjement for auka bruk av bioenergi.

Etablering av ei tankesmie for langsiktig positiv utvikling av landbruket og landbruksbaserte næringar i Telemark

Historisk har Trøndelag vore av de leiande landbruksområda i landet. I likskap med resten av landet har landbruket i Trøndelag vore gjennom ein tøff periode med nedlegging av gardsbruk og svekka økonomi i næringa. For å snu ein negativ trend har det vore ei brei mobilisering av engasjement for landbruket i dei to Trøndelagsfylka. Fleire aktørar har vore sentrale i denne mobiliseringa. Landbrukets situasjon er sett på den politiske dagsorden i Fylkestinga, i kommunane og hos Stortingsrepresentantane i fylket.

Østlandsforskning ØF rapport 15/2012 « Framtidssikret kompetansestibud for landbruket på Sør Østlandet»

I Trøndelag har dei for ei tid tilbake etablert ein strategisk konstellasjon der heile verdikjeda i landbruket har etablert eit breitt samarbeid med myndigheter, politikarar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, interesseorganisasjonar, næringslivet og bankmiljø. Konstellasjonen ber namnet Tenkeloft Trøndersk Landbruk, og har fått i oppdrag å samordne analysar, strategiar, tiltak og verkemiddel innanfor landbruksnæringa. Tenkeloft Trøndersk Landbruk tar opp viktige spørsmål og utfordringar knytte til utvikling av landbruksnæringa og bygdene.

Telemark har med sine utfordringar og moglegheiter innanfor landbruksnæringa bruk for ein strategisk konstellasjon som kan ha arbeide for langsiktig og offensiv utvikling av landbruket og landbruksbaserte næringar i Telemark. Ei tankesmie for landbruket i Telemark bør vere breitt samansett og inkludere representantar frå næringar/miljø som har sitt virke på utsida av landbruksnæringa. Ein slik representasjon kan frambringe samspel mellom landbruket og andre næringar, og det blir nyttig for den landbruksbaserte næringa i Telemark å få innspel frå andre miljø enn det som har vore vanleg til nå. Det er også viktig at ein slik konstellasjon inkluderer representantar for det finansielle verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge og den ordinære banknæringa. Som tidlegare påpeika finst det ingen forskingsinstitusjon i Telemark som er spesielt retta mot landbruksnæringa. Ei viktig oppgåve for ei tankesmie for landbruket i Telemark blir å identifisere næringas behov for forsking og utredning, og bidra til at relevant forsking knytt til landbruket i Telemark blir sett i verk. Telemark fylkeskommune bør saman med Fylkesmannen i Telemark ha eit hovudansvar for å etablere ei slik tankesmie for landbruket i Telemark, og i samarbeid med andre syte for at denne får ein brei samansetting og eit klart mandat.

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Etablering av ein konstellasjon/tankesmie for langsiktig offensiv utvikling av landbruket i Telemark	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Samarbeid med ulike aktørar i Telemark

Høgskulestudium i landbruksrekneskap/landbruksøkonomi

Høgskulen i Telemark avd Bø hadde fram til ca 2002 eit studietilbod innanfor landbruksrekneskap og landbruksøkonomi. Så vel studiet som studiestaden hadde eit godt rykte og sto sentralt i utdanninga av folk til rådgivingstenesta i landbruket, samt bønder som ønskte kompetanse på høgare nivå i dei aktuelle emna. Studiet vart lagt ned grunna redusert tilstrøyning, men nå registerer ein i landbruket større etterspurnad etter slik kompetanse. Det har mellom anna å gjere med at det i åra framover trengst rekruttering til rekneskapskontora og andre som driv med økonomisk rådgiving i landbruket. Næringa har ein del særskilte reglar for skatt og rekneskapsføring som inneber at det trengst spesialisering i økonomifaget ut over det den generelle høgskuleutdanninga gir. Sterkare vekt på økonomi og driftsleiring i landbruket er ein medverkande årsak her. Målgruppa vil vere rådgivarar, rekneskapsførarar, bønder, agronomar og HiT-studentar. Det er naturleg å tenke seg eit samarbeid med Søve vidaregåande skule og andre naturbrukskular om å marknadsføre studiet som eit aktuelt tilbod for elevane etter avslutta vidaregåande skule.

Ved at høgskulestudiet inngår som ei satsingog eit tiltaksområde i Landbruks- og matmeldinga for Telemark, kan det vere mogleg å skape eit meir stabilt grunnlag for studietilboden, samt få til eit samarbeid fagleg og økonomisk der fleire aktørar deltar i eit forpliktande samarbeid.

Landbrukets regelverk – hinder for auka verdiskaping og rasjonell utnytting av ressursane i Telemark?

I samband med Landbruks- og matmelding for Telemark gjorde Telemark fylkesting i sak 0011/12 «Landbruksmelding for Telemark – prosess og rammer», følgjande vedtak:

Det må vurderes om landbrukets omfattende regelverk er til hinder for økt verdiskaping og rasjonell utnyttelse av ressursene i Telemark.

Det politiske oppdraget er søkt løyst gjennom ei utgreiing ved Telemarksforsking. Utgreiinga har resultert i notatet «Telemarkslandbruket. Regelverk og verdiskaping» (TF-notat nr. 6/2013)

Notatet har konsentrert seg om følgjande problemstillingar:

- Korleis utviklar landbruket i Telemark seg relatert til resten av landet?
- Er det sider ved regelverket som slår spesielt ugunstig ut for landbruket i Telemark? Er det mogleg å gjere tilpassingar eller endringar i regelverket for å stimulere verdiskaping?
- Er det rom for, og vilje til, å motverke dei negative effektane den nasjonale landbrukspolitikken, med sitt regelverk og sine verkemiddel, har på landbruket i Telemark ved å sette inn regionale utviklingstiltak?

I notatet blir det konkludert med at landbruket i Telemark tapar innanfor nær sagt alle produksjonar. Mykje av årsaka er truleg å finne i innrettinga av dei økonomiske verkemidla i den nasjonale landbrukspolitikken dei siste tiåra, ved at struktur-differensieringa i produksjonstilskotta som skal kompensere for skalaulemper på mindre einingar flatar ut. I notatet blir det peika på at Telemark med ein sterk småbruksstruktur blir ramma hardt av ei slik innretting. Notatet konkluderer det vidare med at det ikkje er sentrale element ved regelverket i landbruket som hindrar auka verdiskaping eller rasjonell utnytting av ressursane korkje i Telemark eller landet elles. Det blir likevel føreslått ei oppmuking av delar av regelverket.

Notatet frå Telemarksforsking konkluderer med at det viktigaste grepet vil vere omleggingar av dei økonomiske verkemidla, og i første rekke betalinga for produksjon av fellesgode. Notatet skisserer tre ulike modellar for å oppnå ein politikk som er betre tilpassa dei regionale utfordringane:

- Nasjonal politikk med betre distriktsprofil
- Overføring av verkemiddel frå nasjonalt til regionalt nivå
- Landbruk som regional utviklingsstrategi

Nasjonal politikk med betre distriktsprofil

Telemarksforsking konkluderer i rapporten med at det langt på veg vil vere urealistisk å få gjennomslag for ein politikk som inneber ei omfordeling av budsjettstøtta som er stor nok til styrke mindre gardsbruk monaleg. Det blir grunngitt med at det er for mange ulike interesser i ulike delar av landbruket og i ulike delar av landet.

Fylkesrådmannen er samd i denne konklusjonen. Ei slik omfordeling av budsjettstønaden innanfor eksisterande rammer ville skape sterkt usemje og uro innanfor fleire delar av landbruksnæringa. Fylkesrådmannen vil likevel peika på at ein vesentleg auke av samla ramme for budsjettstønad med formål å styrke

Forslag til tiltak	Ansvar for gjennomføring
Utarbeide emneomtaler for dei aktuelle emna i eit nytt studium for landbruksøkonomi/ landbruksrekneskap, lagt til Høgskulen i Telemark.	Eit prosjektorganisert samarbeid mellom HiT, Søve, Telemark fylkeskommune og organisasjonar i landbruket.
Greie ut det økonomiske grunnlaget, marknadsmoglegheitene og organiseringa av studietilboden i eit samarbeid mellom fleire aktørar	Aktørane må avklare ansvarsfordeling seg imellom før oppstart av prosjektet

mindre og mellomstore gardsbruk, kunne ha positiv verknad for landbruket i Telemark. Til dømes ville ei ytterlegare differensiering av tilskottssatsen for dei fyrste 20 mjølkekyrne på eit gardsbruk vere eit tiltak som kunne ivareta ein sterkare grad av småbruksstruktur innanfor mjølkeproduksjon i Telemark. Fylkesrådmannen vurderer at det er utrealistisk å få gjennomslag for ein slik betydeleg auke av budsjettmidiane og innretting av desse.

Det blir også skissert ein variant som inneber fast stønad per bruk, forankra i produksjon av fellesgode som tun og bygninagar, beitetlandskap, produksjonslandskap og randsoner. Dette skal fungere som ein såle i eit nytt støttesystem. Modellen har òg i seg betaling for produksjon knytt til areal og dyr. Denne skal graderast etter minstestandarden for produksjonen av fellesgode, og det skal setjast tak for kor mykje tilskott eitt gardsbruk kan få. Inntekter ut over fellesgodeproduksjonen skal hentast ut i marknaden, anten ved effektiv produksjon av råvarer, eller ved eiga vidareforedling av råvarene.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, er denne varianten eit system som har likskapstrekk med dagens system, som og er ein kombinasjon av budsjettmiddel og uttak av pris på produkt. Diskusjonstema knytt til eit slikt system ville venteleg vere kor stor del som skal utgjere fast støtte per bruk og kva som skal vere støtte knytt til produksjon på areal og dyr. Dersom den faste støtta per bruk skal utgjere ein vesentleg del av samla tilskottsbeløp for einskildbruket, uavhengig av produksjonsomfanget på gardsbruket, vil det ganske raskt heve seg mange og sterke røyster for at eit slikt system er urimeleg. Fylkesrådmannen meiner òg at eit system som i for liten grad godtgjer sjølve landbruksproduksjonen vil verke dempande på matproduksjonen. Det vil i så fall vere i direkte motstrid til dei nasjonale målsettingane om ein auke i den landbaserte matproduksjonen med 20 % på 20 år. Med bakgrunn i dialog med Telemarksforsking tolkar Fylkesrådmannen at denne varianten skal ha ei betaling/tilskott knytt til produksjon som vil vere så vidt stor at gardsbruk som har kva ein kan karakterisere som ein betydeleg produksjon vil hente mest tilskott via produksjon.

Overføring av verkemiddel frå nasjonalt til regionalt nivå
Utgangspunktet for denne modellen er Meld. St.9 (2011 – 2012) «Landbruks- og matpolitikken» der det er signalisert større rom for regionale tilpassingar i landbrukspolitikken. I modellen blir forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla flytte frå staten og til fylkesnivået (med unnatak av marknadsreguleringsordningane). Telemarksforsking meiner at ein flytting av forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla til fylkesnivå vil gi eit sterkare regionalt engasjement for matproduksjon og landbruk blant politikarar, men òg blant folk flest. Telemarksforsking peikar likevel på at ei slik omlegging vil utløye strid om fordelingsnøkkelen mellom dei einskilte fylka.

Telemarksforsking gjer ikkje greie for om dei med fylkesnivået meiner fylkeskommunen eller fylkesmannen. For folk flest

er både fylkeskommunen og fylkesmannen forholdsvis fjerne institusjonar som mange ikkje klarar å skilje frå kvarandre. Fylkesrådmannen har lita tru på at ei flytting av forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla til fylkesnivået vil føre til noko sterkare engasjement knytt til landbruk og matproduksjon hos folk flest. Slik fylkesrådmannen vurderer det, vil likevel ei flytting av denne forvaltninga til fylkesmannen kunne gi eit sterkare landbrukspolitisk engasjement i det politiske miljøet i Telemark. Kor sterkt eit slikt engasjement blir, vil i nokon grad avhenge av kva rom for skjønn som blir gitt fylkesmannen for forvaltning av dei landbrukspolitiske verkemidla. Dersom fylkesmannens rolle ved ei slik forvaltning i det alt vesentlege blir administrasjon av statleg politikk med lite rom for regionalt skjønn, vil det politiske engasjementet vere mindre enn ved ein modell der fylkesmannen kan utøve skjønn i større grad. Ei flytting av forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla til det folkevalde regionale nivået, fylkeskommunen, vil slik fylkesrådmannen vurderer det, ha størst effekt med tanke på politisk engasjement knytt til matproduksjon og landbruk. Kor sterkt engasjementet kunne bli, vil òg for denne modellen henge saman med kva for rom som ville bli gitt for utøving av lokalt skjønn og regional tilpassing av dei landbrukspolitiske verkemidla. Dersom modellen skulle innebere sterk grad av statleg styring, og i mindre grad moglegheit for regional tilpassing, er det sannsynleg at det politiske engasjementet blir meir knytt til svake sider ved modellen, enn til landbruk og matproduksjon.

Flytting av forvaltninga av landbrukspolitiske verkemiddel til fylkesnivået vil ved visse vilkår opne for større regionale tilpassingar i landbrukspolitikken. Samstundes vil ei slik omlegging høgst sannsynleg føre til sterk debatt om korleis verkemidla skal fordelast mellom dei einskilte fylka. Om ei nyordning skulle innebere ei fortsett sterk statleg styring gjennom sterke føringer og retningslinjer, kan ei omlegging fort bli ein reform som vil føre til «mykje skrik og lite ull».

Landbruk som regional utviklingsstrategi

Telemarksforsking peikar på at landbruket i Telemark har eit potensial for betre ressursutnytting og auka verdiskaping. Det gjeld både innanfor det konvensjonelle landbruket, og ved å ta i bruk og foredle dei ressursane som finst på garden på ein betre måte. Telemarksforsking syner til regionale utviklingsstrategiar frå ei rekke land i Europa der særpreg knytte til natur, kultur og landskap er viktige konkurransestrategiar for område som tapar marknadsandelar i det konvensjonelle landbruket. Ein slik strategi handlar om at ein større del av foredling, marknadsføring og sal av varer og tenester blir tatt hand om lokalt. Kundegruppa er folk som jaktar på nye opplevelingar. Telemarksforsking trekker fram Valdres Natur- og Kulturpark og Nærøyfjorden Verdsarvpark som døme på område som har utarbeidd nye overlevingsstrategiar for landbruket. Det regionale særpreget skal kome til uttrykk i landbruks- og landskapsrelaterte tenester, og på den måten gi dei ei ein meirverdi. Telemarksforsking meiner at ein slik utviklingsstrategi for landbruket vil føre til ei klårare todeling av landbruket, der ein

på eine sida har det konvensjonelle landbruket og på den andre sida det landbruket som utnyttar alle dei ressursane som finst på garden. Det blir framheva at begge desse driftsstrategiane har verdi for både kulturlandskap, busetting og miljø. Telemarksforsking rår til at det må gjerast ei avklaring av verke-middel mellom desse.

Landbruk som regional utviklingsstrategi kan vere ein svært interessant modell å jobbe vidare med i Telemark. Telemark har fleire regionale særpreg som allereie blir nytta for å marknadsføring og sal, også for landbruk. Fylkesrådmannen meiner at dette kan utnyttast endå betre enn kva som skjer i dag, både for dei produkt og tenester som allereie eksisterer og for nye landbruks- og landskapsrelaterte produkt og tenester frå Telemark. Fylkesrådmannen vil til dømes peike på moglegheitene for utvikling av landbruksrelatert næring knytt opp mot Telemarkskanalen regionalpark. Fylkesrådmannen vil samstundes peike på den sterke verdien som det konvensjonelle landbruket spelar som produsent av mat til ei aukande befolkning, men òg som grunnmur for bygging av anna land-brukstilknytt næring.

Alle dei tre modellane som Telemarksforsking omtaler har i seg interessante element for å ivareta dei regionale utfordringane. Ein landbrukspolitikk som inneber større regional fridom kan verke både riktig og forlokkande. Samstundes handlar eit lands landbrukspolitikk om den skyldnad som alle statar har gjennom FN til å syte for matsikkerheit for sine innbyggjarar. Dette ansvaret krev forpliktig og samhandling mellom aktørane på landbruks- og matområdet. Fylkesrådmannen har prøvd å vurdere ulike sider ved dei tre modellane, men utan å ta stilling til kva for modell ein eventuelt skal arbeide vidare med. Fylkesrådmannen håpar at dei tre modellane blir debattert under handsaminga av Landbruks- og matmelding for Telemark og at eventuelle forslag knytte til ein eller fleire av modellane kjem som eit resultat av det politiske ordskiftet.

Telemarkskua

Status

Telemarkskua er ein del av det genetiske mangfaldet som finst i den norske kupo-pulasjonen. Rasen er på fleire vis sterkt knytt til fylket Telemark. Telemarkskua var i svært mange år den rådande storferasen i Telemark. Rasen var også mykje utbreidd i dal- og fjellbygdene på Austlandet og på Sørlandet. Telemarkskua fekk rasestatus allereie i 1856, som den fyrste storferasen i Noreg. Telemarkskua er ein typisk mjølkerase, og var i lang tid sjølv grunnlaget for gardsdrifta på svært mange av gardane i Telemark. På 1930-talet starta avlsarbeidet på NRF (Norsk raudt fe), ein kombinasjonsrase som foreinar høg produksjon av mjølk med relativt gode eigenskapar for produksjon av kjøt. NRF-kua er mykje foredra, og er i dag ein storferase med stor vekt på kuas helse og brukseigenskapar. På somme gardar i Telemark bytte dei tidleg til NRF dyr (til dømes Borgestad gård i Skien, Holla gård på Ulefoss og på Borgja i Bø), men det var først på 1950- og 60-talet at ein fekk overgang til NRF-dyr i større omfang. Telemarksrasen gjekk sterkt attende, men rasen hadde nokre få forkjempalar som mellom anna sytte for at det vart rekruttert oksar til kunstig sædoverføring. På slutten av 1980-talet tok interessa for rasen seg ein del opp, både i Telemark og i andre delar av landet, til dømes i Oppland, Hedmark og Buskerud. Det ført til nokre reine besetningar med Telemarksfe, med dei fleste hadde dyr av Telemarksrase attåt NRF-kyr. I det seinare har talet på Telemarkskyr gått attende, både i Telemark og elles i landet. Grunnane er fleire. Dels har fleire valt å slutte med mjølkeproduksjon, og dels har økonomien i mjølkeproduksjon blitt dårlegare. Det siste gjer det vanskelegare å halde lågt ytande Telemarkskyr. Det er i dag om lag 330 vaksne dyr igjen av rasen på landsbasis, noko som er svært alvorlig med tanke på korleis rasen kan overleve på noko sikt. Både oppdrettarar og forskrarar innan avl er bekymra for framtida for Telemarksfeet. Det er ein reell fare for at rasen kan døy ut.

Målsetting

Det totale talet på Telemarkskyr i Noreg må opp til eit stabilt nivå som over tid er berekraftig.

Tiltak for å nå målsettinga

Tiltak	Ansvar for gjennomføring
Det blir utarbeidd ein strategi for korleis talet på Telemarkskyr kan aukast til eit avlsmessig berekraftig nivå	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. Aktuelle aktørar: Landslaget for Telemarksfe, Norsk genressurssenter.
Det blir oppretta ein bevaringsbuskap på Søve vidaregåande skule. Drift av buskapen skal skje i samråd med Landslaget for Telemarksfe og Norsk genressurssenter	Hovudansvar: Telemark fylkeskommune v/ Søve vidaregåande skule
Auke i statleg tilskott til bevaringsverdige storferasar:	Regionale aktørar ved deira innspel til årlege jordbruksforhandlingar.
Auke tilskottet til Telemarkskua gjennom Regionalt miljøprogram i Telemark.	Hovudansvar: Fylkesmannen i Telemark.

KJELDER

Alnes, P. K., Knutsen, H., Lerfald, M., Paulsen Rye, S. K., Øvren, E., 2013. *Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Telemark*. NILF – Notat – 2013 –nn. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Bygdeforskning, 2010. *Trender i norsk landbruk*.

Distriktsenteret/HANEN, 2009. *Bygdeturisme og gårdsmedier i Norge – En nasjonal kartlegging*.

Fylkesmannen i Telemark. 2012. *Muligheter for grønnsakdyrkning i Grenland – Resultater fra en SWOT analyse i regi av FMLA*.

Granados-Pérez, F. J., 2012. *Spørreundersøkelse om framtida for jordbærproduksjonen i Telemark*. Fylkesmannen i Telemark.

Innovasjon Norge Telemark. *Rapport for bruk av landbruksvirkemidler* (Åra 2009 – 2012)

Kjølset, T., Pettersen, I., 2012. *Innovasjon i landbruket*. NILF – Notat – 2012 – 4. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Landbruks- og matdepartementet. 2011. *Meld.St.9 (2011-2012). Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords*. Landbruks- og matdepartementet.

NILF. *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk. Regnskapsresultat*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.

Norges Bondelag, 2012. *Avtaleguide 2012 – 2013*. Norges Bondelag, 2012

Rognstad, O., Steinset, T., A. *Landbruket i Norge 2011*. Publisert januar 2013.. Statistisk sentralbyrå.

Skog og landskap. Forskjellige publikasjoner.

SLF. *Produksjonstilskot – statistikk 2008 – 2012*. Statens landbruksforvaltning

SSB. *Gårdbrukernes inntekt og formue, 2011*. Publisert mars 2013. Statistisk sentralbyrå.

SSB. *Kommunal forvaltning av landbruksarealer 2012 – Nydyrking*. Publisert juni 2013. Statistisk sentralbyrå.

SSB. *Kommunal forvaltning av landbruksarealer 2012 – Statistikkbanken*. Publisert juni 2013. Statistisk sentralbyrå.

SSB. *Landbrukstelling 2010*. Statistisk sentralbyrå.

SSB. *Strukturen i jordbruket*. Publisert november 2012. Statistisk sentralbyrå.

Svardal, S., Eika, B., Brandtzæg, B. A., 2013 *Telemarkslandbruket – regelverk og verdiskaping*. TF – notat nr. 6/2013. Telemarksforsking, Bø.

Sølyst, M., Austjord, T. G., Faun rapport 054 – 2012 *Kartlegging av utmarksnæring og naturbasert reiseliv i Telemark*. Faun Naturforvaltning AS.

TINE SA. *Nøkkeltal frå husdyrkontrollen*.

Tufte, T., 2012. *Stagnasjon i norsk produksjon – importvolum i vekst*. Agri Analyse – rapport 4 – 2012, Oslo

Fylkesmannen i Telemark. Forskjellige publikasjoner.

Ny nordisk mat, www.nynordiskmad.org

Oi! Trøndersk Mat, www.oimat.no

Rørosmat, www.rorosmat.no

Kul Mat – mat i kulturskolen, Norsk Kulturskoleråd, www.kulturskoleradet.no

Velkommen til bords, Meld. St. 9, Landbruks- og matpolitikken

Rapport «Evaluering Østlands mesterskapet for VG2 elever kokk- og servitør 2007-2013»



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

Telemark fylkeskommune

Besøksadresse: Fylkesbakken 10, 3715 Skien | Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien
Sentralbord: 35 91 70 00 | E-post: post@t-fk.no | www.telemark.no